

# Naturtypekartlegging i Møre og Romsdal i 2015



Rapport MU2016-09



*Forsidebilete*

Strandeng-lokalitet på Yksnøya i Volda kommune.  
Foto: Kristin Wangen.

## RAPPORT 2016-09

<b>Utførande institusjon:</b> Miljøfaglig Utredning AS og Biolog J. B. Jordal AS.	<b>Prosjektansvarleg:</b> Geir Gaarder
	<b>Prosjektmedarbeidrarar:</b> John Bjarne Jordal, Kristin Wangen
<b>Oppdragsgjevar:</b> Fylkesmannen i Møre og Romsdal	<b>Kontaktperson hos oppdragsgjevar:</b> Kjell Lyse/Solveig Silset Berg
<b>Referanse:</b> Wangen, K., Gaarder, G. & Jordal, J. B. 2016. Naturtypekartlegging i Møre og Romsdal i 2015. Miljøfaglig Utredning, rapport 2016-09. 133 s. ISBN 978-82-8138-812-3	
<b>Referat:</b> På oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal er det utført ei kvalitetssikring av gamle naturtypelokalitetar som alt ligg ute på Naturbase, samt gjort nokre nykartleggingar. Arbeidet er utført av Miljøfaglig Utredning i samarbeid med Biolog J.B. Jordal. I denne rapporten er resultata frå desse undersøkingane presenterte og erfaringane kortfatta diskutert.  I alt har 80 lokalitetar vorte undersøkte, fordelt på kommunane Averøy, Eide, Fræna, Gjemnes, Haram, Sunndal, Volda og Ørsta. Dei fleste av dei gamle lokalitetane har vorte vidareført, samtidig som nokre er splitta opp, men nokre vert også føreslege fjerna frå Naturbase, då vi vurderar at dei ikkje inneheld store nok verdiar til å fortene ein plass der. Dette fører til at vi no har 37 reviderte lokalitetar, samtidig som 8 lokalitetar kan takast heilt ut og to ikkje tilfredsstilte kriteria for registrering som nye.  I tillegg er det registrert 33 nye lokalitetar, i kommunane Averøy, Fræna, Gjemnes, Haram, Sunndal, Volda og Ørsta. Nokre skuldast at gamle lokalitetar er splitta opp i fleire nye. Andre er dels oppdaga tilfeldig under kontrollarbeidet, dels med grunnlag i tips og ønskje frå oppdragsgjevar, oppdaga under arbeid med andre prosjekt, samt at nokre lokalitetar registrert på fritida i Fræna kommune er teken med. Totalt er 70 lokalitetar klargjort for import i Naturbase.  Erfaringane med kvalitetsskringa er kortfatta oppsummert. Det vert vurdert at krava til dokumentasjon og presisjon har endra seg såpass mykje frå 1999 til i dag, at Naturbase-data frå dei første åra jamt over ikkje held mål i dag, og treng oppdatering. Kartgrunnlaget var därlegare, og digitale ortofoto var ikkje tilgjengelege. Den gongen vart også mange lokalitetar skildra på basis av andrehands opplysningar, som ein pga. knappe ressursar ikkje fekk undersøkt i felt, og som dermed har enda därlegare kvalitet.  Vi håpar resultata våre viser seg nyttige for både kommunane, Fylkesmannen og andre som kan ha bruk for dei i arealforvaltninga og andre samanhengar.	

# FORORD

Denne rapporten summerer opp resultata frå kvalitetssikring og supplerande kartlegging av naturtypar i Møre og Romsdal i 2015. Arbeidet er utført av Miljøfaglig Utredning AS i samarbeid med Biolog J. B. Jordal AS på oppdrag frå Fylkesmannen.

Kontaktperson frå Fylkesmannen var i startfasen Kjell Lyse, medan Solveig Silset Berg tok over i sluttfasen. Hos Miljøfaglig Utredning AS har Geir Gaarder vore prosjektansvarleg. John Bjarne Jordal og Kristin Wangen har delteke i feltarbeidet og i rapportskriving.

Oddvar Olsen (firma Faunafokus Oddvar Olsen) skal ha takk for både deltaking i feltarbeid på Sunnmøre og for å hjelpe til med båttransport ut til veglause øyer der. Sylvelin Tellnes skal ha takk for deltaking på feltarbeid og ved rapportering av eit par undersøkte lokalitetar i Fræna og Sunndal kommunar. Takk også til grunneigar Eystein Opdøl for både informasjon og deltaking under kartlegging av slåttemarker i Sunndal, og til andre som har gitt muntleg informasjon.

*Tingvoll, 26.05.2016*

*Miljøfaglig Utredning AS/Biolog J.B. Jordal AS*

*Kristin Wangen*

*Geir Gaarder*

*John Bjarne Jordal*

# INNHOLD

1	INNLEIING .....	6
2	METODE .....	7
2.1	GENERELET .....	7
2.2	VERDISETTING .....	7
2.3	FORKLARING AV ORD OG UTTRYKK .....	10
3	KARTLAGTE LOKALITETAR .....	11
3.1	EKSISTERANDE KUNNSKAP .....	11
3.2	KVALITETSSIKRING AV ELDRE LOKALITETAR .....	11
3.3	FUNN AV NYE LOKALITETAR .....	19
3.4	FORKASTA ELLER SLETTA LOKALITETAR .....	20
4	RAUDLISTEARTAR .....	24
5	KVALITET PÅ ELDRE DATA .....	27
5.1	GRENSESETTING .....	27
5.2	OMRÅDESKILDRINGAR .....	27
5.3	VERDISETTING .....	28
6	KVALITET PÅ NYE DATA .....	29
7	KJELDER .....	30
7.1	SKRIFTLEGE KJELDER .....	30
7.2	MUNNLEGE KJELDER .....	32
8	VEDLEGG - NATURTYPEOMTALAR .....	33
8.1	AVERØY .....	33
8.2	FRÆNA .....	39
8.3	GJEMNES .....	49
8.4	HARAM .....	115
8.5	SUNNDAL .....	119
8.6	VOLDA .....	124
8.7	ØRSTA .....	129

# 1 INNLEIING

---

I Stortingsmelding nr. 58 om miljøvernpolitikk for ei bærekraftig utvikling (Miljøverndepartementet 1997) bestemte Stortinget at «*Alle landets kommuner skal ha gjennomført kartlegging og verdiklas-sifisering av det biologiske mangfoldet på kommunens areal i løpet av år 2003*». Miljødirektoratet, tidligare Direktorat for naturforvaltning, har utarbeidd ei handbok til hjelp for kommunane i kart-leggingsarbeidet (Direktoratet for naturforvaltning 1999a, supplert i 2007, og sidan med reviderte faktaark).

Naturmangfaldlova (2009) har som formål å sikre at det biologiske mangfoldet blir tatt vare på gjennom berekraftig bruk og vern. Lova inneholder fleire viktige prinsipp, m.a. om at ”*Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av på-virkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet*” (§8). Denne lova og krava den stiller til kunnskapsgrunnlaget, har auka behovet for gode data på naturmangfald i kommunane.

Sidan 1999 har Fylkesmannen i Møre og Romsdal samarbeida med kommunane i fylket om kartlegging av viktige naturtypar. I dag er det gjennomført ei kartlegging i alle kommunane i fylket, og arbeidet med revisjon og supplerande kartlegging pågår. Rapportar frå tidligare kartleggingar i fylket ligg tilgjengeleg på heimesidene til Fylkesmannen, og dei nyaste omtalene av lokalitetane finst til-gjengelege i Naturbase (Miljødirektoratet 2015).

I denne rapporten er resultata frå feltarbeidet i 2015 summert opp og faktaark for kvar lokalitet lagt ved. Det er også gitt ei oversikt over funn av raudlisteartar. I tillegg er erfaringar frå feltarbeidet diskutert, m.a. kvalitet på tidligare datasett og ei vurdering av kva slags viktig ny kunnskap som dei nye undersøkingane har gitt.

Vi håper resultata frå kartlegginga vil kome til nytte i arealforvalting, ikkje minst i samband med handheving av naturmangfaldlova.



Figur 1 Stor bloddråpesvermar *Zygaena lonicerae* (EN) på ein raudkløver i ei restaurert slåtteeng ved Oppdøl i Sunndal. Arten går attende i Noreg og er difor truga. Dei kanskje viktigaste førekommstane i landet ligg i Sunndal kommune. Den forsvann truleg frå dette området ved Oppdøl for nokre år sidan, men dette eksemplaret viser at den no finst her, og kanskje fører m.a. restaureringa av denne slåtteenga til at det fortsatt er ei framtid for arten her til lands? Observasjonen vart gjort under naturtypekartlegginga i 2015, der lokaliteten ikkje var kartlagt tidlegare, men vart oppsøkt etter ønskje frå grunneigar og Fylkesmannen. Foto: Geir Gaarder

## 2 METODE

---

### 2.1 Generelt

Miljødirektoratet (tidlegare Direktoratet for naturforvaltning) (2007) si handbok i kartlegging av biologisk mangfold har vore brukt som rettesnor for kva naturtypar som skulle registrerast og korleis dei skulle verdsetjast. Dei nyaste utkasta av dei reviderte faktaarka har vore brukt (pr. hausten 2014).

Alle lokalitetsomtaler er utarbeidd i word-format og lagt inn i rapporten. Desse er seinare omarbeidd til Excel for direkte eksport til Naturbase.

Lokalitetane er i tillegg digitalt avgrensa ved hjelp av GIS-programvaren Qgis på bakgrunn av GPS sporloggar og flybilete/topografisk kart. Filformatet som blir brukt i dette arbeidet er Shape. Elles følgjer digitaliseringa av lokalitetene SOSI-standarden.

Den einaste informasjonskjelda av særleg omfang for det aktuelle undersøkingsområdet var Naturbase (Miljødirektoratet 2015), med dei naturtypane som der allereie låg inne, og som også er skildra i kommunevise rapportar. I tillegg vart Artskart (Artsdatabanken 2015) brukt til å supplere data, utan at dette gav særlege utslag i kva som vart prioritert under feltarbeidet.

Under feltarbeidet har det vorte samla inn belegg av raudlisteartar og andre regionalt sjeldne artar. Desse er eller vil bli sendt over til Vitenskapsmuseet i Trondheim (lav, mosar og karplantar) eller Naturhistorisk museum i Oslo (sopp, lav). Både desse artsfunna og andre interessante artar som vi berre har notert frå lokalitetane vil seinare verte tilgjengeleg på Artsdatabanken sitt Artskart. Både Miljøfaglig Utredning (MFU) og Biolog J.B. Jordal (JB) har der eigne datasett som ligg ute, for MFU er artane lagt ut gjennom BioFokus sin BAB-base som er kobla til GBIF (det internasjonale registreringssystemet for artar), for JBJ er ligg data på GBIF-servaren. Namnebruk for artane er basert på Artsnamnebasen (<http://www.artsdatabanken.no/navn>).

Årets kartlegging vart gjennomført i kommunane Averøy, Eide, Fræna, Gjemnes, Haram, Sunndal, Volda og Ørsta. Kartlegginga vart gjennomført mellom juni og oktober, men for det meste i august og september. Kartlegging i september gjorde at ein fekk med seg starten av sesongen for beitemarksopp. Desse er viktige for verdivurdering av naturbeitemark, men dverre var sesongen därleg og få funn vart gjort. Ein handfull lokalitetar i Fræna kommune er registrert og her inkludert med grunnlag i private feltturar vinteren 2014. Lokalitetar i øvre Sunndal vart funne under feltarbeid på kulturmark for Miljødirektoratet her, fjell-lokalitetar i Averøy vart funne under leiting etter sjeldne oseaniske levermosar kring Mekknoken (Artsprosjekt for Artsdatabanken), og lokalitetane i Haram vart funne under undersøkingar av kystblåstjerne for Fylkesmannen.

### 2.2 Verdisetting

Verdisetting av naturtypar er basert på dei nyaste utkasta (pr. desember 2014) til dei reviderte faktaarka til DN-handbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007). Etter denne metoden vert det gjort ei vurdering av verdien av ein lokalitet eller eit område basert på innsamla data. Lokalitetane vert delt inn i **viktige (B)** og **svært viktige (A)** område. I tillegg kjem område som er **lokalt viktige (C)**. Verdivurderinga skal grunngjevast.

Det er sett opp 5 kriterium for verdisetting av lokalitetane:

- Storleik og kor godt utforma dei er (verdien aukar med storleiken og kor godt utforma dei er)
- Grad av tekniske inngrep (tekniske inngrep reduserer verdien)
- Førekommst av raudlisteartar (verdien aukar med tal og kor truga artane er)
- Preg av kontinuitet (verdien aukar med miljøet sin alder)
- Sjeldsynte utformingar (nasjonalt og regionalt)

Førekommst av raudlisteartar er ofte eit vesentlig kriterium for å verdisette ein lokalitet. I denne rapporten er norsk raudliste frå 2015 (Henriksen m.fl.) nytta, der IUCN sine kriterium for raudlisting av artar (IUCN 2005) er brukt som grunnlag. Dei ulike raudlistekategoriane med rangering og for-kortinger er (med engelsk namn i parentes):

RE – Regionalt utrydda (Regionally Extinct)

CR – Kritisk truga (Critically Endangered)

EN – Sterkt truga (Endangered)

VU – Sårbar (Vulnerable)

NT – Nær truga (Near Threatened)

DD – Datamangel (Data Deficient)

Elles blir det vist til Henriksen m.fl. (2015) for nærmare forklaring av inndeling, metodar og utval av artar for den norske raudlista.

I 2011 kom også norsk raudliste for naturtypar (Lindgaard & Henriksen 2011), som i hovudsak er basert på grunntypar i det nye kartleggingssystemet NiN (Naturtypar i Noreg). Her nyttar ein same kategoriar som i raudliste for artar. Raudlistestatus for naturtypen vil også ha ein verknad på verdi-setjinga av lokalitetar.

Norsk svarteliste for artar vart først presentert i 2007 (Gederaas m.fl. 2007). I samband med dette vart det for første gong i Noreg gjennomført ei risikovurdering av framande artar, og i alt 217 av 2483 kjente framande organismar i Noreg vart vurdert. I 2012 vart ein ny svarteliste publisert (Gederaas m.fl. 2012) der ein brukar ein ny og oppdatert metodikk for risikovurdering. Artane vart fordelt på fem kategoriar:

SE – Svært høg risiko (Artar som har ein sterk negativ effekt på norsk natur)

HI – Høg risiko (Artar med stor spreiing, og med ein viss økologisk effekt eller stor økologisk effekt med en avgrensa spreiing)

PH – Potensielt høg risiko (Artar med svært avgrensa spreingsevne, men stor økologisk effekt – eller omvendt)

LO – Låg risiko (Artar med låg risiko har låg eller moderat spreiing og middels til svake økologiske effektar)

NK – Ingen kjend risiko (Artar utan kjend spreiing og ingen kjende økologiske effektar)

Kvar naturtypelokalitet skal ha ein omtale som følgjer ei spesifisert oppbygning. Omtalen skal vere oversiktleg, kort, konsis og forvaltingsretta, og vere delt inn etter følgjande overskrifter:

*Innleiing:* Her kan det leggjast inn opplysningar om i kva samanheng kartlegginga er gjort, kva som er gjort tidlegare, om den nye omtalen supplerer eller erstattar tidlegare omtaler og liknande.

*Lokalisering og naturgrunnlag:* Her forklarar ein geografisk lokalisering m.m., dersom det er behov for supplerande opplysningar til kartet. Kor nøyaktig er avgrensinga? Sistnemnde kan variere, både som følgje av kartleggingsmetodikk og naturgitte årsaker, og det bør skiljast mellom desse to faktorane. Dersom det er lagt inn buffersone skal denne omtalast her.

Viktige topografiske og geologiske forhold som ikkje går fram av kartet omtalast, i tillegg til viktige naturgitte faktorar som påverkar økosystemet sin stabilitet (t.d. skogbrann, flaum, nedbør/luftråme, vind).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Supplerande opplysningar om naturtypar, utformingar og mosaikk skal omtalast her, i tillegg til supplerande opplysningar om truga naturtypar. Om naturtypar som ikkje er prioriterte er inkludert, skal dette nemnast og grunngjenvæst (t.d. av årsakar knytt til arrondering). Naturtypane er vanlegvis omtala og delt inn etter NiN 2.0-systemet.

*Artsmangfold:* Typiske/karakteristiske artar må nemnast. I skog bør ein nemne alle treslag og mengdeforholda deira. Elles bør typiske og eventuelt dominerande artar nemnast. I tillegg nemnast andre artar som seier noko om forholda på staden. Alle sjeldsynte, kravfulle og raudlista artar skal listast opp med tal/mengde og funnhistorikk.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Utfyllande opplysningar om tilstand, dagens bruk, inngrep, andre påverknadsfaktorar og historikk. Kor stor og kva slags menneskeskapt påverknad er det? Korleis har det vore? Angi gjerne tidspunkt for inngrep og liknande, om det er mogleg. I skog må hogst relaterast til førekomsten av gamle, levande og døde tre, inkludert ei historisk vurdering, og grad av kontinuitet. For våtmark/vassdrag må forureining og vasstandsmanipulering nemnast. For myr er grøfting og slått viktig. For kulturlandskap må tilstand (hevd) og bruk omtalast i tillegg til andre påverknadsfaktorar.

Her nemnast også lokale forhold som kan truge grunnlaget for verdien til lokaliteten, men ikkje generelle trugsmål. Det held å nemne forhold som konkret er registrert i felt (t. d. attgroing, nedbygging, grøfting) eller som er kjent på annan måte.

*Framande artar:* Førekomst av framande artar og nødvendige tiltak mot desse omtalast her.

*Skjøtsel og omsyn:* Med skjøtsel meiner vi aktive tiltak for å fremje naturverdiane. Omsyn er passive "tiltak" for å unngå skadelege aktivitetar i lokaliteten, eller visse former for bruk/inngrep som ikkje vesentleg påverkar dei naturverdiane ein vil ta vare på. Eventuelle konkrete forslag nemnast. Dersom det er nødvendig å ta spesielle omsyn utanfor lokaliteten bør det nemnast her.

*Del av heilsakapleg landskap:* Dersom naturtypeområde må sjåast i samanheng med andre innanfor eit større areal, skal ein gi opplysningar om dette her. Dette kan vere aktuelt for til dømes kulturbetinga naturtypar, lokaliteter kartlagt i samband med frivillig vern, kartlegging av bekkekløfter eller kartlegging for skogvern. Det vil ofte vere aktuelt å vise til aktuelle dokument eller kjelder.

*Verdisetting (obligatorisk!):* Nemn kort kva faktorar som har vore viktigast for verdivurderinga. Uvisse i høve til verdien bør nemnast. Moglege utviklingstrekk som støttar verdivalet nemnast.

## 2.3 Forklaring av ord og uttrykk

Naturmangfaldlova definerer i §3 ein del ord og uttrykk som det er nyttig å kjenne til: "I denne lov forstås med

- a) art: etter biologiske kriterier bestemte grupper av levende organismer;
- b) bestand: en gruppe individer av samme art som lever innenfor et avgrenset område til samme tid;
- c) biologisk mangfold: mangfoldet av økosystemer, artar og genetiske variasjoner innenfor artene, og de økologiske sammenhengene mellom disse komponentene;
- d) dyr: pattedyr, fugler, krypdyr, amfibier, fisk og virvelløse dyr;
- e) fremmed organisme: en organisme som ikke hører til noen art eller bestand som forekommer naturlig på stedet;
- f) genetisk materiale: gener og annet arvemateriale i ethvert biologisk materiale, som kan overføres til andre organismer med eller utan hjelp av teknologi, likevel ikke genetisk materiale fra mennesker;
- g) hausting: jakt, fangst, fiske og innsamling av planter eller plantedeler (medregnet bær og frukter) og sopp, i friluftsliv og næring;
- h) innførsel: krysning av grense på land mot nabostat eller islandføring fra områder utanfor lokvens virkeområde;
- i) naturmangfold: biologisk mangfold, landskapsmessig mangfold og geologisk mangfold, som ikke i det alt vesentlige er et resultat av menneskers påvirkning;
- j) naturtype: ensartet type natur som omfatter alle levende organismer og de miljøfaktorene som verkar der, eller spesielle typer naturforekomster som dammer, åkerholmer eller lignende, samt spesielle typer geologiske forekomster;
- k) organisme: enkeltindivid av planter, dyr, sopp og mikroorganismer, inkludert alle deler som er i stand til å formere seg eller overføre genetisk materiale;
- l) planter: karplanter, moser og alger;
- m) sopp: sopp og lav;
- n) system der rømming ikke er utelukket;
- o) uttak: enhver form for avliving eller fjerning av hele eller deler av organismer fra naturen uansett formål;
- p) vilt: naturlig villevende landpattedyr, fugler, krypdyr og amfibier;
- q) virvelløse dyr: dyr utan ryggsøyle;
- r) økologisk funksjonsområde: område – med avgrensing som kan endre seg over tid – som oppfyller en økologisk funksjon for en art, slik som gyteområde, oppvekstområde, larvedriftsområde, vandrings- og trekkruter, beiteområde, hiområde, myte- eller hårfellingsområde, overnattingsområde, spill- eller parringsområde, trekkvei, yngleområde, overvintringsområde og leveområde;
- s) økologisk tilstand: status og utvikling for funksjoner, struktur og produktivitet i en naturtypes lokaliteter sett i lys av aktuelle påvirkningsfaktorer;
- t) økosystem: et mer eller mindre velavgrenset og ensartet natursystem der samfunn av planter, dyr, sopp og mikroorganismer fungerer i samspill innbyrdes og med det ikke-levende miljøet."

### 3 KARTLAGTE LOKALITETAR

---

#### 3.1 Eksisterande kunnskap

I 2015 vart det gjennomført kartlegging i dei åtte kommunane Averøy, Eide, Fræna, Gjemnes, Haram, Sunndal, Volda og Ørsta. I Eide gjeld det berre ein lokalitet som vart forkasta. Tidlegare naturtypekartleggingar i dei andre kommunane er kort oppsummert som følgjer;

- Averøy: Undersøkt av Gaarder & Oldervik (2003).
- Fræna: Første naturtypekartlegging vart gjort for vel 10 år sidan (Jordal 2005), med ein ny gjennomgang nokre år seinare (Jordal 2012). Også mindre tillegg gjennom registrering av oseaniske levermosar (Jordal 2009, 2010).
- Gjemnes: Berre ein større gjennomgang for over 15 år siden (Jordal 2000). Litt tillegg gjennom registrering av oseaniske levermosar (Jordal 2009, 2010) og slåtteenger (Jordal 2007).
- Haram: første runde undersøkt av Jordal & Holtan (2005), med suppleringar m.a. i samband med undersøkingar av kystblåstjerne. Er også undersøkt seinare, men det er ikkje relevant for denne rapporten.
- Sunndal: Hovudkartlegging utført av Jordal (2004), med fleire supplement, m.a. Gaarder & Hanssen (2015).
- Volda: Første runde utført av Grimstad & Engen (2005), med supplement av Holtan & Jordal (2008). Elles interkommunal kartlegging av biologisk mangfald i kulturlandskap (Jordal 2008).
- Ørsta: Eit tidleg, men mislykka forsøk, og berre ein runde har gitt data av særleg omfang (Jordal & Holtan 2007). Elles interkommunal kartlegging av biologisk mangfald i kulturlandskapet (Jordal 2008).

Det kan elles nemnast fylkesvise undersøkingar av bekkekløfter (Blindheim m.fl. 2009), med m.a. fleire lokalitetar i Sunndal og Volda, samt ein i Fræna. I 2015 har det pågått ei registrering av regnskogsmiljø (Gaarder mfl. 2016) med tre undersøkingsområde i Fræna kommune. For ei samla oversikt over tematiske og generelle interkommunale kartleggingar i Møre og Romsdal, vil vi vise til lista på heimesidene til Fylkesmannen (<https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Prosjekt/Kartlegging-av-nasjonalt-prioriterte-og-omsynskrevjande-naturtypar-i-More-og-Romsdal-/Kartleggingsrapportar/>). Desse rapportane gir tilgang på både nye og gamle data, medan dei nyaste omtalene av forvalningsprioriterte naturtypar i fylket ligg tilgjengelege i Naturbase (Miljødirektoratet 2015).

#### 3.2 Kvalitetssikring av eldre lokalitetar

Hovudfokuset for kartlegginga i 2015 var å kvalitetssikre gamle lokalitetar. Lokalitetar med gamle data, frå før år 2000 vart prioriterte, samstundes vart nærliggande lokalitetar undersøkt, og eventuelt nye lokalitetar som ein kom over registrert. Kommunane vart oppmoda om å kome med synspunkt på kva område som burde undersøkast, og desse ønska vart tatt i betraktnsing. Ein del større skogslokalitetar har blitt undersøkt, samt fleire kulturlandskapslokalitetar, myrer og strandenger. Typisk har vore at store lokalitetar, særleg i skog, har vorte delt opp i mindre lokalitetar med meir nøyaktig avgrensing og beskriving. Geografisk har det vore naturleg med ei stor vekt på Gjemnes, der dei viktigaste undersøkingane vart gjennomført i 1999, og mange lokalitetar ikkje var oppdatert sidan. I alt er det snakk om 70 lokalitetar som er skildra for innlegging i Naturbase, sjå tabell 1-3. Figur 2-5 viser oversiktskart over alle lokalitetane med verdi.

Tabell 1 Kommunevis fordeling av lokalitetene som vart registrert i 2015.

Kommune	Nye lokaliteter	Med gammal IID	Totalt
Averøy	3	1	4
Fræna	4	2	6
Gjemnes	19	25	44
Haram	1	2	3
Sunndal	2	1	3
Volda	1	2	3
Ørsta	3	4	7
<b>SUM</b>	<b>33</b>	<b>37</b>	<b>70</b>

Tabell 2 Naturtypene fordelt etter verdi. I alt vart det registrert 19 ulike naturtypar.

Naturtype	A	B	C	SUM
A05 Rikmyr	1	10	1	12
A11 Kystmyr		3		3
B03 Ultramafisk og kis-rik mark	1			1
B12 Daudisgrop		1		1
B16 Fosse-eng			1	1
C03 Rik fastmark i fjellet		3		3
D01 Slåttemark			1	1
D04 Naturbeitemark	1	6	5	12
D05 Hagemark			1	1
D07 Kystlynghei	1			1
E18 Brakkvass-sjø		1		1
F01 Rik edellauvskog	2	15	2	19
F02 Gammal edellauvskog	1			1
F06 Rik sumpskog, kjeldeskog og strandskog		1	3	4
F20 Regnskog	1	1		2
F21 Flommarks-kog			1	1

Naturtype	A	B	C	SUM
G04 Sand- og grusstrand		1		1
G05 Strandeng og strandsump	1	2	1	4
G07 Aktivt marint delta	1			1
<b>SUM</b>	<b>10</b>	<b>43</b>	<b>17</b>	<b>70</b>


Tabell 3 Oversikt over alle lokalitetene som er undersøkt og skildra i prosjektet, med lokalitetsnummer, kommune, lokalitetsnamn, IID (identitetsnummer i Naturbase om lokaliteten finst der, startar med BN), naturtype (med kode) og verdi.

Nr	Kommune	Lokalitetsnamn	IID	Naturtype	Verdi
15045	Averøy	Staurnesvågen	BN00013432	E18 Brakkvass-sjø	B
15046	Averøy	Mekknoken, Dyrsetlia	Ny	C03 Rik fastmark i fjellet	B
15047	Averøy	Mekknoken nordaust	Ny	C03 Rik fastmark i fjellet	B
15048	Averøy	Mekknoken aust	Ny	C03 Rik fastmark i fjellet	B
15038	Fræna	Moaelva	Ny	F21 Flommarkskog	C
15039	Fræna	Lunheim aust	Ny	F20 Regnskog	B
15040	Fræna	Horberget aust	Ny	F01 Rik edellauvskog	B
15041	Fræna	Tverrfjell nord for Stormyra	BN00020302	F20 Regnskog	A
15042	Fræna	Male ved Malehammaren	BN00020259	G04 Sand- og grusstrand	B
15043	Fræna	Male aust	Ny	D04 Naturbeitemark	A
15001	Gjemnes	Batnfjorden: Peseterlia	BN00001849	F01 Rik edellauvskog	B
15002	Gjemnes	Batnfjorden: Solstad	Ny	F01 Rik edellauvskog	B
15003	Gjemnes	Batnfjorden: Storhammaren 1	Ny	F01 Rik edellauvskog	B
15004	Gjemnes	Batnfjorden: Storhammaren 2	Ny	F01 Rik edellauvskog	C
15005	Gjemnes	Bergsøya: Halset vest	BN00001809	F01 Rik edellauvskog	B
15006	Gjemnes	Bergsøya: Naustneset aust 1	BN00001808	G05 Strandeng og -sump	B
15007	Gjemnes	Bergsøya: Naustneset aust 2	Ny	G05 Strandeng og -sump	B
15008	Gjemnes	Hoem: Kinna	BN00001825	D04 Naturbeitemark	C
15009	Gjemnes	Osmarka: Litlvatnet aust	BN00001851	A11 Kystmyr	B

Nr	Kommune	Lokalitetsnamn	IID	Naturtype	Verdi
15010	Gjemnes	Osmarka: Litlvatnet vest	Ny	A11 Kystmyr	B
15011	Gjemnes	Stokkedalen: Furuhaugen	BN00001801	A05 Rikmyr	B
15012	Gjemnes	Torvikbukt	BN00001820	G05 Strandeng og -sump	C
15013	Gjemnes	Øre: Orskogteigen	BN00001834	D05 Hagemark	C
15014	Gjemnes	Øre: Sjømælingssetra	BN00001839	D04 Naturbeitemark	C
15015	Gjemnes	Torvikbukt: Trøa	Ny	A05 Rikmyr	C
15049	Gjemnes	Svanavollen	BN00001826	D04 Naturbeitemark	B
15050	Gjemnes	Varviksetra	Ny	D04 Naturbeitemark	C
15051	Gjemnes	Flemsetra	BN00001831	D04 Naturbeitemark	C
15052	Gjemnes	Innergardssetra	BN00001859	D04 Naturbeitemark	B
15053	Gjemnes	Nåstadsetra (Torkilsbu)	BN00001853	D04 Naturbeitemark	B
15054	Gjemnes	Stokkåsen	BN00001866	D04 Naturbeitemark	B
15055	Gjemnes	Gammelsetra	BN00001861	D04 Naturbeitemark	B
15056	Gjemnes	Øverjutulen	Ny	D04 Naturbeitemark	C
15057	Gjemnes	Gjemnesaksla	BN00058792	F01 Rik edellauvskog	B
15058	Gjemnes	Silsetvatnet: under Durmålhaugen	BN00001850	F01 Rik edellauvskog	C
15059	Gjemnes	Torvikkalen: Haugbulia	BN00001832	F01 Rik edellauvskog	B
15060	Gjemnes	Torvikkalen: Geithuset-Haugbuhammaren	Ny	F01 Rik edellauvskog	A
15061	Gjemnes	Torvikkalen: Reitan	BN00001835	F01 Rik edellauvskog	B
15062	Gjemnes	Flemma: Nebba	BN00001823	F01 Rik edellauvskog	B
15063	Gjemnes	Torvikkalen: Haugbulia øvre	Ny	F02 Gammel edellauvskog	A
15064	Gjemnes	Gjemnes kirke	BN00001812	F06 Rik sumpskog, kjeldeskog og strandskog	B
15065	Gjemnes	Søvika	BN00001819	F06 Rik sumpskog, kjeldeskog og strandskog	C
15066	Gjemnes	Søvika aust	Ny	F06 Rik sumpskog, kjeldeskog og strandskog	C
15067	Gjemnes	Ikornneset	BN00001810	F06 Rik sumpskog, kjeldeskog og strandskog	C


Nr	Kommune	Lokalitetsnamn	IID	Naturtype	Verdi
15068	Gjemnes	Langdalen	Ny	A05 Rikmyr	B
15069	Gjemnes	Varviksetra vest	Ny	A05 Rikmyr	B
15070	Gjemnes	Varvikvatnet ved Tverrelva	Ny	A05 Rikmyr	B
15071	Gjemnes	Varvikvatnet sørvest	Ny	A05 Rikmyr	B
15072	Gjemnes	Silsetvatnet: ved Silsethytta	BN00001855	A05 Rikmyr	B
15073	Gjemnes	Silsetvatnet: ved Silsethytta 2	Ny	A05 Rikmyr	B
15074	Gjemnes	Silsetvatnet: ov. Innergardssetra	Ny	A05 Rikmyr	B
15075	Gjemnes	Fursetfjellet: Stokkåsen søraust	Ny	A05 Rikmyr	B
15076	Gjemnes	Fursetfjellet: Langliløken aust	Ny	A05 Rikmyr	B
15082	Gjemnes	Fursetfjellet: Stangarmyra	BN00001862	A11 Kystmyr	B
15077	Haram	Synnaland: Juvika nord	Ny	D07 Kystlynghei	A
15078	Haram	Synnaland: Hatlane	BN00042359	F01 Rik edellauvskog	B
15079	Haram	Synnaland: Floget	BN00019382	F01 Rik edellauvskog	B
15044	Sunndal	Oppdøl: Sandelva	Ny	D01 Slåttmark	C
15080	Sunndal	Hafsåsen, tjønn ved Leirgrova	BN00020557	B12 Daudisgrop	B
15081	Sunndal	Hafsåsen: Slætmyra	Ny	A05 Rikmyr	A
15021	Volda	Austefjorden: Fyrde	BN00022177	G07 Aktivt marint delta	A
15022	Volda	Bjørkedalen: Øygardsfossen	Ny	B16 Fosse-eng	C
15023	Volda	Yksnøya nordvest	BN00022198	G05 Strandeng og -sump	A
15031	Ørsta	Hjørundfjorden: Hustadnes	BN00029823	F01 Rik edellauvskog	B
15032	Ørsta	Langedalen: under Rambjørhornet	BN00029810	F01 Rik edellauvskog	B
15033	Ørsta	Norangsfjorden: Raudneset aust for Urke	BN00029820	B03 Ultramafisk mark	A
15034	Ørsta	Norangsfjorden: Storejølet vest	Ny	F01 Rik edellauvskog	B
15035	Ørsta	Norangsfjorden: Storejølet aust	BN00029818	F01 Rik edellauvskog	B
15036	Ørsta	Norangsfjorden: Brokknesjølet Ø	Ny	F01 Rik edellauvskog	A
15037	Ørsta	Norangsfjorden: Raudeneset	Ny	D04 Naturbeitemark	B

## Gjemnes, Averøy og Fræna




Figur 2 Oversikt over alle lokalitetar i Gjemnes, Fræna og Averøy kommune angitt med dei ein til to siste siffera i lokalitetsnummeret (dei tre første siffera 150 er utelatt). Fargen raud, orange og gul angir verdi svært viktig (A), viktig (B) og lokalt viktig (C).

## Haram




Figur 3 Oversikt over alle lokalitetar i Haram kommune angitt med dei to siste siffera i lokalitetsnummeret (dei tre første siffera 150 er utelatt). Fargen raud, orange og gul angir verdi svært viktig (A), viktig (B) og lokalt viktig (C).

Sunndal



Figur 4 Oversikt over alle lokalitetar i Sunndal kommune angitt med dei to siste siffra i lokalitetsnummeret (dei tre første siffera 150 er utelatt). Fargen raud, orange og gul angir verdi svært viktig (A), viktig (B) og lokalt viktig (C).

## Volda og Ørsta



Figur 5 Oversikt over alle lokalitetar i Volda og Ørsta kommune angitt med dei éin til to siste siffera i lokalitetsnummeret (dei tre første siffera 150 er utelatt). Fargen raud, orange og gul angir verdi svært viktig (A), viktig (B) og lokalt viktig (C).

### 3.3 Funn av nye lokalitetar

Fokuset på revisjon av gamle lokalitetar har vore høg, slik at heilt nye lokalitetar er funne mest som eit biprodukt, og då av litt ulike årsakar. Ein lokalitet vart påvist i Bjørkedalen i Volda kommune, som følgje av tilgjengeleg tid blant anna kartlegging og tips frå lokalkjente (dvs Oddvar Olsen), eit par lokalitetar vart sjekka i Fræna og Sunndal, etter ønske frå oppdragsgjevar eller som biprodukt under kartlegging av kulturmark for Miljødirektoratet. Nokre lokalitetar frå Fræna er inkludert i denne rapporten med grunnlag i eigne, private undersøkingar gjort på fritida. Det har også oppstått ganske mange nye lokalitetar som resultat av at større lokalitetar er splitta opp. Samla sett er det snakk om 33 lokalitetar, av desse 3 i Averøy, 3 i Fræna, 19 i Gjemnes, 1 i Haram, 2 i Sunndal, 1 i Volda og 3 i Ørsta.

Tabell 4 Oversikt over nye lokalitetar med kommune, lokalitetsnamn, naturtype og verdi.

Kommune	Lokalitetsnamn	Naturtype	Verdi
Averøy	Mekknoken aust	Rik fastmark i fjellet	B
Averøy	Mekknoken nordaust	Rik fastmark i fjellet	B
Averøy	Mekknoken, Dyrsetlia	Rik fastmark i fjellet	B
Fræna	Horberget aust	Rik edellauvskog	B
Fræna	Lunheim aust	Regnskog	B
Fræna	Male aust	Naturbeitemark	A
Gjemnes	Batnfjorden: Solstad	Rik edellauvskog	B
Gjemnes	Batnfjorden: Storhammaren 1	Rik edellauvskog	B
Gjemnes	Batnfjorden: Storhammaren 2	Rik edellauvskog	C
Gjemnes	Bergsøya: Naustneset aust 2	Strandeng og strandsump	B
Gjemnes	Fursetfjellet: Langliløken aust	Rikmyr	B
Gjemnes	Fursetfjellet: Stokkåsen søraust	Rikmyr	B
Gjemnes	Langdalen	Rikmyr	B
Gjemnes	Osmarka: Litlvatnet vest	Kystmyr	B
Gjemnes	Silsetvatnet: ovanfor Innergardssetra	Rikmyr	B
Gjemnes	Silsetvatnet: ved Silsethytta 2	Rikmyr	B
Gjemnes	Søvika aust	Rik sumpskog, kjeldeskog og strandskog	C
Gjemnes	Torvikbukt: Trøa	Rikmyr	C
Gjemnes	Torvikdalen: Geithuset-Haugbuhammaren	Rik edellauvskog	A
Gjemnes	Torvikdalen: Haugbulia øvre	Gammal edellauvskog	A

Kommune	Lokalitetsnamn	Naturtype	Verdi
Gjemnes	Varviksetra	Naturbeitemark	C
Gjemnes	Varviksetra vest	Rikmyr	B
Gjemnes	Varvikvatnet sørvest	Rikmyr	B
Gjemnes	Varvikvatnet ved Tverrelva	Rikmyr	B
Gjemnes	Øverjutulen	Naturbeitemark	C
Haram	Synnaland: Juvika nord	Kystlynghei	A
Sunndal	Hafsåsen: Slættmyra	Rikmyr	A
Sunndal	Oppdøl: Sandelva	Slåttemark	C
Volda	Bjørkedalen: Øygardsfossen	Fosse-eng	C
Ørsta	Norangsfjorden: Brokknesjølet aust	Rik edellauvskog	A
Ørsta	Norangsfjorden: Raudeneset	Naturbeitemark	B
Ørsta	Norangsfjorden: Storejølet vest	Rik edellauvskog	B

### 3.4 Forkasta eller sletta lokalitetar

I dei aller fleste tilfella førte kvalitetssikringa av gamle lokalitetar til vidareføring av nye, reviderte lokalitetar. I nokre få tilfelle vart det likevel vurdert som riktig å tilrå ut frå fagleg grunnlag at dei gamle lokalitetane ikkje lenger inneheldt førekomstar av verdifulle, forvaltningsprioriterte naturtyper. I tillegg vart det sjekka opp eit par område etter ønske frå oppdragsgjevar som heller ikkje førte til at nokre lokalitetar vart avgrensa. Nedanfor er desse lokalitetane omtala, med grunngjeving på kvifor dei ikkje er rekna som spesielt verdifulle.

#### Eide

**Områdenamn:** Visnes, aust for steinbrotet (Eide)

**IID:** BN00024724

**Naturtype:** Kalkskog

**Verdi:** B

**Feltsjekk:** 24.09.2015

**Grunngjeving:** Lokaliteten var skildra av Jordal (2005, befart 01.04.2000), og er avstandsbetrakta av J.B. Jordal 24.09.2015. Lokalteten er no øydelagt av kalksteinsutvinning i fjellet ovanfor, som sidan den gong har forårsaka utrasing/tipping av steinmassar. Mykje av trea og jordsmonnet er no borte og lokaliteten er for ein stor del nakent berg og kunstig rasmark.

#### Fræna

## Områdenamn: Elvebakken

**IID:** -

**Naturtype:** Mogeleg slåttemark mv

**Verdi:** -

**Feltsjekk:** 10.07.2015

**Grunngjeving:** Lokaliteten vart undersøkt 10.07.15 av Geir Gaarder (Miljøfaglig Utredning) og Sylvelin Tellnes, etter tips frå Fylkesmannen. Avgrensinga av området er langs elva mot eit uthus på Elvebakken langs Sylteelva og vidare litt opp etter elva. Dei opne engpartia var prega av nitrofile planter slik som stornesle og byhøymol. Det var meir artsrikt med innslag av litt meir krevjande skogsplantar opp langs elva, der det vart notert ramslauk, skogstjerneblom, skogsvinerot, skogkarse, krattmjølke, kratthumleblom og skogsalat. I tillegg vart nokre eksemplar av skogsivaks funne i eit vassig i overgangen ned mot engpartia. Dette er ein austleg art knytt til sumpmiljø, som tidlegare ikkje er funne på ytre delar av Romsdalshalvøya (næraste funn er langs Oselv-vassdraget i Molde/Nesset). Eit anna interessant funn var fleire gamle skjel av elvemusling (VU) som låg på land. Sjølv om det var førekommst av einskilde krevjande artar her, så var det for få slike, samtidig som areala var for små og miljøet for påverka til å gje grunnlag for avgrensing av forvaltningsprioriterte naturtypar.

## Gjemnes

### Områdenamn: Øre: Skeisdalen: v. Sjømælinsetra

**IID:** BN00001802

**Naturtype:** Rikmyr

**Verdi:** B

**Feltsjekk:** 05.10.2015

**Grunngjeving:** Den gamle skildringa (Jordal 2000) var basert på Holten (1979), og hadde dermed ei grov og usikker avgrensing. Det aktuelle området vart besøkt av Kristin Wangen den 05.10.2015, og her var det kun fattig myrkant og myrskog, med nokre få meir krevjande artar som gulstarr langs bekkar. Myra på nordsida av Sjømælingsetra vart også undersøkt, men denne var også fattig.

### Områdenamn: Torvik: Orsetsetra

**IID:** BN00001822

**Naturtype:** Rikmyr

**Verdi:** B

**Feltsjekk:** 05.10.2015

**Grunngjeving:** Den gamle skildringa (Jordal 2000) var basert på Holten (1978). Det aktuelle området vart besøkt av Kristin Wangen den 05.10.2015, og det var kun registrert blåbærskog og svak lågurt-skog med furu og boreale lauvtre i tresjiktet. Derimot var det intermediært til rikt fuktsig med myr rundt om lag 100 meter sørvest for sjølve huset ved Orsetsetra, som kan passe bra med beskrivinga. Dette området var derimot ikkje stot nok og med nok kravfulle artar til å få ein avgrensing som forvaltningsprioritert naturtype.

### Områdenamn: Torvik: Orsetsetra

**IID:** BN00001821

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Verdi:** C

**Feltsjekk:** 05.10.2015

**Grunngjeving:** Den gamle skildringa (Jordal 2000) var basert på eigne feltundersøkingar frå 04.10.1999. Det aktuelle området vart besøkt av Kristin Wangen den 05.10.2015. Det meste av området på Orsetsetra er frisk til ganske fuktig sølvbunkeeng med artar som knappsvi og myrtstiel. Ein liten flekk (5x3 meter) ved det nedfalne huset har innslag av frisk eng med artar som blåklokke, legeveronika, stjernespora raudspore, rylik, gulaks og smalkjempe, men dette området er for lite til å bli avgrensa. I nedre/sørlige del finst noko finnskjegg-gulaks-eng som er i sterk gjengroing med bjørnemosar. Her vart det også registrert heiblåfjør.

### **Områdenamn: Storlandet: Stokkedalen/Storåsen**

**IID:** BN00058791

**Naturtype:** Kalkskog

**Verdi:** A

**Feltsjekk:** 18.09.2015

**Grunngjeving:** Den gamle skildringa (Jordal 2000) var basert på Holten (1978). Den gamle avgrensinga er ganske grov, og inkluderar også planta gran, og områder over tregrensa. Det aktuelle området vart besøkt av Kristin Wangen den 18.09.2015, og det vart funne mest triviell bjørke-, og gråordominert skog stort sett av typen svak lågurt og storbregne, nokre stadar litt rikare. Artstlista består av stort sett trivielle artar som tepperot, skogstorkenebb, hengeveng, firkantperikum, sløke, skogfiol, storkransmose, trollbær, smyle og blåknapp. Artar som sølvbunke og legeveronika indikerar at skogen har vore brukt til beite. Artar som bringebær og mjødurt indikerar storbregnepreg, medan hengeaks er meir ein lågurtart. Grov nattfiol vart registrert to stadar. Dette er ikkje nok til å avgrense området som kalkskog (og heller ikkje som rik boreal lauvskog).

### **Områdenamn: Flemma: Varviksetra (Gjemnes)**

**IID:** BN00001824

**Naturtype:** Rikmyr

**Verdi:** B

**Feltsjekk:** 02.09.2015

**Grunngjeving:** Holten (1978) og Jordal (2000, utan feltbefaring; basert på Holten 1978) skildra her rikmyr, ein upresis lokalitet som vert foreslått sletta, sidan han kan overlappa med tre ulike lokalitetar kartlagt i 2015.

### **Områdenamn: Jutulen og Øverjutulen (Gjemnes)**

**IID:** BN00058794

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Verdi:** A

**Feltsjekk:** 16.09.2015

**Grunngjeving:** Lokaliteten var skildra av Jordal (2000) og kan ha vorte endra/fått nytt nummer i samband med planarbeid før utbygging av E39. Lokaliteten vert føreslått sletta pga. utbygginga av ny E39, og attgroing med skog nedanfor denne. Ved befaring i 1996 og 1999 vart det notert oppslag av platanlønn og gråor, og lauvskogen har no teke overhand i nedre del som ikkje er berørt av vegutbygginga.

## Sunndal

### Områdenamn: Flå

IID: -

Naturtype: Mogeleg slåttemark

Verdi: -

Feltsjekk: 10.07.2015

**Grunngjeving:** Lokaliteten vart undersøkt 10.07.15 av Geir Gaarder (Miljøfaglig Utredning) og Sylvelin Tellnes, etter tips frå grunneigar. Avgrensinga av området er den øvre kanten av jordet ovanfor gården på Flå. Området er ei artsfattig kunstmark dominert av nitrofile grasartar. Det verka heller ikkje som om det var mogeleg å restaurera ei slåttemark her, men på sikt kan ein få til ei sterkt endra mark med engpreg som ein verdfull erstatningsbiotop. Kantonane var klart meir artsrike, men dei låg utafor arealet som kan slåast med motorisert slåmaskin (for mykje stein). Den vart ikkje funne artsrik eller på andre måtar interessant nok til å kunne tilfredsstille inngangsverdiane som forvaltningsprioritert naturtype.

## Volda

### Områdenamn: Årsetøya

IID: BN00022228

Naturtype: Slåttemark

Verdi: C

Feltsjekk: 15.08.2015

**Grunngjeving:** Den gamle skildringa (Holtan & Jordal 2008) var basert på T. H. Engen sine feltundersøkingar frå 01.01.1999 og Folkestad & Loen (1998) sine undersøkingar av hekkande sjøfugl. Det aktuelle området vart besøkt av Kristin Wangen den 15.08.2015. Det meste av engane på Årsetøya ber i dag preg av å ha vore gjødsla, og har svært få artar typiske for slåttemark att, med unntak av smalkjempe som somme stadar er dominerande. Vanlege artar er kvitkløver, marikåpe, raudkløver og engsoleie. Desse engane blir i dag slått 7-8 gongar i året. I kantane finst fortsatt nokre engartar som blåklokke, englonegras, legeveronika, gulaks og cf. engrapp, men desse areala er for små til å avgrensast som nokon lokalitet.

## 4 RAUDLISTEARTAR

---

Raudlisteartar etter raudlista for artar 2015 registrert under kartlegginga er oppsummert i Tabell 5. Alm (VU) vart registrert på alle lokalitetane av rik edellauvskog, men er utelett frå tabellen.

Tabell 5 Oversikt over raudlisteartar (pr. 2015) registrert under kartlegginga i 2015, med unntak av alm (VU) som vart funne mange stader.

Lokalitetsnamn	Norsk namn	Vitskapleg namn	Raudlis-testatus
Austefjorden: Fyrde	Firling	<i>Crassula aquatica</i>	VU
Batnfjorden: Storhammaren 2	Almekullsopp	<i>Hypoxylon vogesiacum</i>	NT
Bjørkedalen: Øygardsfossen	Ramneraudskivesopp	<i>Entoloma corvinum</i>	NT
Flemma: Nebba	Almekullsopp	<i>Hypoxylon vogesiacum</i>	NT
Flemma: Nebba	Bleik kraterlav	<i>Gyalecta flotowii</i>	VU
Flemma: Nebba	Hasselurlav	<i>Thelotrema sueicum</i>	NT
Gjemnes kirke	Ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	VU
Horberget aust	Kastanjelav	<i>Nevesia sampaiana</i>	VU
Lunheim aust	Vedalgekølle	<i>Multiclavula mucida</i>	NT
Lunheim aust	Gul pærelav	<i>Pyrenula occidentalis</i>	NT
Male aust	Brun engvokssopp	<i>Hygrocybe colemanniana</i>	VU
Male aust	Dynejordtunge	<i>Geoglossum cookeanum</i>	NT
Male ved Malehammaren	Storspove	<i>Numenius arquata</i>	VU
Mekknoken nord, Grova	Hvitkurle	<i>Pseudorchis albida</i>	NT
Norangsfjorden: Brokknesjølet aust	Hasselurlav	<i>Thelotrema sueicum</i>	NT
Norangsfjorden: Raudeneset	Brunburkne	<i>Asplenium adulterinum</i>	VU
Norangsfjorden: Raudneset aust for Urke	Brunburkne	<i>Asplenium adulterinum</i>	VU
Norangsfjorden: Storejølet aust	Almekullsopp	<i>Hypoxylon vogesiacum</i>	NT
Norangsfjorden: Storejølet aust	Ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	VU
Nord for Dalen 2	Almelav	<i>Gyalecta ulmi</i>	NT
Nord for Dalen 2	Bleik kraterlav	<i>Gyalecta flotowii</i>	VU
Nord for Dalen 2	Bleikdoggnål	<i>Sclerophora pallida</i>	NT

Lokalitetsnamn	Norsk namn	Vitskapleg namn	Raudlis-testatus
<b>Nord for Dalen 2</b>	Klosterlav	<i>Biatoridium monasteriense</i>	NT
<b>Nord for Dalen 2</b>	Almekullsopp	<i>Hypoxylon vogesiacum</i>	NT
<b>Nord for Dalen 2</b>	Krembarkhette	<i>Mycena alba</i>	NT
<b>Nord for Dalen 2</b>	Løvbarkskorpe	<i>Dendrothele alliacea</i>	NT
<b>Oppdøl: Sandelva</b>	Stor bloddråpesvermar	<i>Zygaena lonicerae</i>	EN
<b>Oppdøl: Sandelva</b>	Villeple	<i>Malus sylvestris</i>	VU
<b>Stornebba vest</b>	Almelav	<i>Gyalecta ulmi</i>	NT
<b>Stornebba vest</b>	Bleik kraterlav	<i>Gyalecta flotowii</i>	VU
<b>Stornebba vest</b>	Løvbarkskorpe	<i>Dendrothele alliacea</i>	NT
<b>Tverrfjell nord for Stormyra</b>	Hasselurlav	<i>Thelotrema sueicum</i>	NT
<b>Tverrfjell nord for Stormyra</b>	-	<i>Arthonia stellaris</i>	VU
<b>Tverrfjell nord for Stormyra</b>	Kystkantlav	<i>Lecanora cinereofusca</i>	EN
<b>Tverrfjell nord for Stormyra</b>	-	<i>Arthonia elegans</i>	VU



Figur 6 Praktblåfiltlav *Pectenia cyanoloma* (NT) på bergvegg i lauvskog ved Gammelsætra nær Stavik i Fræna kommune vinteren 2014. Dette var første funn i fylket av denne regnskogslaven som er ein av våre alle største bladlav. Arten er meir utbreidd sør for Stadt, medan det berre er kjent frå nokre få lokalitetar i Trøndelag. Foto: Geir Gaarder



Figur 7 Kystkantlav *Lecanora cinereofusca* (EN) på ein hasselstamme nord for Stormyra i Fræna kommune. Denne regnskogslaven har sitt tyngdepunkt i dei boreale regnskogane i Trøndelag, men finst også spreidd i fattig boreonemoral regnskog på Vestlandet. I Møre og Romsdal er den sjeldsynt og berre kjent frå nokre av dei mest verdifulle regnskogsmiljøa i fylket. Foto: Geir Gaarder

# 5 KVALITET PÅ ELDRE DATA

---

Siste naturypekartlegging i dei undersøkte kommunane vart gjennomført i 2000 i Gjemnes (Jordal 2000), i 2007 i Ørsta (Jordal m.fl. 2007), i 2008 i Volda kommune (Holtan & Jordal 2008), i 2012 i Fræna (Jordal 2012) og 2013 i Sunndal (Gaarder & Hanssen 2015). Krav til presisjon på avgrensing, innhald i områdeskildringar og grunnlag for verdisetting har endra seg betrakteleg i perioden 1999-2015. Dei gamle lokalitetane er ofte unøyaktig avgrensa, har mangefull beskriving, og ei verdivurdering som ikkje samsvarar med dagens krav. I denne rapporten har vi i hovudsak tatt føre oss lokalitetar med feltundersøkingar frå før år 2000. Mange av desse lokalitetane er basert på eldre skildringar og vart ikkje undersøkt i felt av forfattaren av områdeskildringane. Dermed er dei typisk mangelfulle med omsyn på avgrensing, områdeskildringar og verdisetting (andrehands opplysningar). Andre lokalitetar var berre avstandsbetrakta, og var også på andre måtar mangefulle, særleg med omsyn på områdeskildring og verdivurdering. Det er i denne samanheng grunn til å minna om at naturypekartlegginga i desse første åra ofte hadde svært knappe ressursar og tida berre rakk til feltarbeid på eit mindre tal lokalitetar. Instruksen frå statlege styresmakter var i tillegg at ein særleg skulle basere seg på eksisterande kunnskap, og ikkje nytt feltarbeid. Det er difor vanlegvis ikkje dårleg arbeid som ligg bak eventuell låg kvalitet, men rammane som vart gjeve av styresmaktane.

## 5.1 Grensesetting

Det vart undersøkt ein del gamle lokalitetar av typen rik edellauvskog både i Gjemnes og i Ørsta kommune, ofte berre delvis undersøkt i felt eller basert på avstandsbetraktingar. Dei var for det meste grovt avgrensa, og omfattar større område der edellauvskog finst flekkvis og spreidd innanfor avgrensinga. Desse lokalitetane vart under denne naturypekartlegginga splitta opp i fleire mindre og meir nøyaktig avgrensa lokalitetar. I Ørsta kommune finst mange slike store lokalitetar i lisidene ned mot Hjørundfjorden som berre er bassert på observasjonar frå kikkert. Desse lokalitetane er lite tilgjengelege og i bratt terreng, og vart derfor heller ikkje denne gongen undersøkt i felt.

Fleire lokalitetar er basert på eldre skildringar og artsregistreringar som har grov avgrensing. Desse lokalitetane har ofte vore avgrensa som ein stor sirkel rundt det området som det er sannsynleg at den aktuelle naturtypen finnast, idet ein rekna med at dette var betre enn ingenting, og at undersøkingane skulle takast oppatt seinare. Dette har av og til ført til heilbom, der den aktuelle naturtypen ikkje finst innanfor avgrensinga.

## 5.2 Områdeskildringar

Fleire lokalitetar av typen rik edellauvskog var berre avstandsbetrakta og avgrensa basert på førekomst av alm. Desse har hatt ei særleg mangefull områdeskildring, noko som også var presisert i den opprinnelege skildringa.

Ein del lokalitetar er basert på skildringar og artsregistreringar frå så tideg som 1978, 1979 og 1986, noko som gjer at det er tvil knytt til om dei skildra artane og naturtypane framleis finst der. Naturlege endringar eller fysiske inngrep kan ha ført til at artar og naturtypar omtala i gamle skildringar har forsvunne. Feltundersøkingar har difor vore naudsynt for å seie noko om dagens tilstand og meir nøyaktig lokalisering.

## 5.3 Verdisetting

Det har skjedd mykje med omsyn på verdisetting av forvaltningsprioriterte naturtypar i revisjonsprosessen 2012-2014. Mellom anna krevst det no grunngjeving basert på bestemte parametre for å sette ein verdi. Det har ført til at somme lokalitetar ikkje lenger har tilfredsstiller kriteria til å avgrensa som forvaltningsprioritert naturtype, eller verdien har endra seg. Det har i somme tilfelle også ført til at avgrensinga til lokaliten har endra seg.




Figur 8 Berghammer på Horsberget nær Aslaksteinen i Fræna kommune med nokre eksemplar av kastanjelav *Nevesia sampaiana* (VU) (dei to brune til gulbrune lavene). Arten finst spreidd på kysten av Møre og Romsdal og litt inn i ytre fjordstrøk. Nesten alle funn er her gjort på berg, medan den er meir vanleg på tre i Trøndelag og lenger sør på Vestlandet. Den er rekna som ein regnskogslav, men er nok ikkje av dei mest fuktkrevjande artane. Foto: Geir Gaarder

## 6 KVALITET PÅ NYE DATA

---

Avgrensing, områdeskildring og verdisetting av dei nye lokalitetane er basert på siste utkast av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), frå hausten 2014. I dei nye faktaarka er fleire naturtypar sortert i nye delnaturtypar, samanlikna med første utgåve av DN-håndbok 13. I tillegg er lokalitetane no skildra etter ein fast mal med deloverskrifter slik som beskrive under metodekapittelet. Elles har bruk av GPS og gode ortofoto ført til betre avgrensingar. Vi håpar dermed at det som vert presentert her tilfredsstiller dei nye krava i handbok 13-metoden, og gjev større presisjon i avgrensing, skildring og verdisetting, samt at data no er meir etterprøvbare.



Figur 9 Alm (VU) vart registrert på alle lokalitetar av rik edellauvskog. Dette biletet er teke under Rambjørhoret i Ørsta. Foto: Kristin Wangen

# 7 KJELDER

---

## 7.1 Skriftlege kjelder

Artsdatabanken 2015. Artskart. <http://artskart.artsdatabanken.no/>

Blindheim, T., Gaarder, G., Hofton, T. H., Klepsland, J. T. & Reiso, S. 2009. Naturfaglige registreringer av bekkeklofter i Buskerud, Telemark, Aust-Agder, Vest-Agder og Møre og Romsdal. Biofokus-rapport 2009-28. 94 s.

Direktoratet for naturforvaltning 2007. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13, 2. utgave 2007: 1-258 + vedlegg.

Folkestad, A. O. & Bugge, O. A. 1988. Varmekjær lauvskog i Storfjorden og Hjørundfjorden. Rapport fra synfaring med båt 1987. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, rapport no. 3-1988. 26 s.

Folkestad, A. O. & Loen, J. 1998. Hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal - ein statusrapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, rapport nr. 4-1998. 125 s.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelinga, 1982. Utkast til verneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga. 224 s.

Gederaas, L., Moen, T.L., Skjelseth, S. & Larsen, L.-K. (red.) 2012. Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012. Artsdatabanken, Trondheim.

Grimstad, K. J. & Engen, T. H. 2005. Biologisk mangfold i Volda. Upublisert rapport, 25 s.

Gaarder, G. & Hanssen, U. 2015. Supplerende naturtypekartlegging i Sunndal kommune 2013. Miljøfaglig Utredning notat 2015-2. 19 s. + vedlegg.

Gaarder, G. & Oldervik, F. 2003. Kartlegging av biologisk mangfold i Averøy komme. Miljøfaglig utredning, rapport 2003:19, 39 s.

Gaarder, G., Fjeldstad, H., Hanssen, U., Ihlen, P. G., Jordal, J. B. & Klepsland, J. T. 2016. Kartlegging av kystfuruskog i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal i 2015. Miljøfaglig Utredning Rapport 2016-16..

Halvorsen, R., Bryn, A., Erikstad, L. & Lindgaard, A. 2015. Natur i Norge - NiN. Versjon 2.0.0. Artsdatabanken, Trondheim (<http://www.artsdatabanken.no/nin>).

Henriksen, S. & Hilmo, O. (red.) 2015. Norsk rødliste for arter 2015. Artsdatabanken, Norge.

Holten, J. I. 1978. Verneverdige naturtyper på Nordmøre, foreløpig rapport. Kgl. norske vidensk. selsk. Mus. 62 s.

Holten, J. I. 1979. Verneverdige naturtyper i Møre og Romsdal. II. Kgl. norske vidensk. selsk. Mus. Bot avd. 58 s.

Holten, J. I., Frisvoll, A. A. & Aune, E. I. 1986. Havstrand i Møre og Romsdal. Lokalitetsbeskrivelser. Økoforsk rapport 1986:3B: 184 s.

Holtan, D. & Jordal, J. B. 2008: Supplerande kartlegging av naturtypar i Volda kommune 2007. Møre og Romsdal fylke, areal- og miljøvernnavdelinga, rapport 2008-02. 100 s.

Jordal, J. B., 2000: Kartlegging av biologisk mangfold i Gjemnes kommune 1999-2000. Gjemnes kommune. 110 s. + kart.

Jordal, J. B. 2004. Et gløtt inn i Sunndalsnaturen – en kartlegging av viktige naturtyper. Sunndal kommune, rapport. 262 s.

Jordal, J. B. 2005. Kartlegging av naturtyper i Fræna kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 5-2005. 140 s.

Jordal, J. B. 2007a. Supplering av Naturbase i Møre og Romsdal 2007, basert på eksisterende informasjon. Møre og Romsdal fylke, areal- og miljøvernnavdelinga. Rapport nr 2007:02. 110 s.

Jordal, J. B., 2007b. Kartlegging av naturtyper i Eide kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 4-2005. 65 s. + kart.

Jordal, J. B. 2008. Supplerende kartlegging av biologisk mangfold i jordbrukets kulturlandskap, inn- og utmark, i Midt-Norge; Møre og Romsdal og Oppdal, med en vurdering av kunnskapsstatus. Nasjonalt program for kartlegging og overvåking av biologisk mangfold. Direktoratet for naturforvaltning Utredning 2008-1.

Jordal, J.B. 2009. Supplerande kartlegging av naturtyper i Eide, Gjemnes m.m. i 2008. Møre og Romsdal fylke, Areal- og miljøvernnavdelinga, rapport 2009:2, 100 s.

Jordal, J. B. 2010. Supplerande kartlegging av naturtyper på kysten av Romsdal og Nordmøre i 2009, med vekt på oseaniske mosar. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelinga, rapport 2010:05, 64 s.

Jordal, J. B. 2012. Supplerende kartlegging av naturtyper i Fræna kommune i 2012. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelinga, rapport 2012:22. 48 s.

Jordal, J.B. & Gaarder, G. 1993. Sopfloraen i en del naturbeitemarker og naturenger i Møre og Romsdal og Trøndelag. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga rapport nr. 9-1993. 76 s.

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1997. Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1995-1996. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 97. 178 s.

Jordal, J. B. & Holtan, D. 2005. Kartlegging av naturtyper i Haram kommune. Haram kommune, rapport. 117 s. + bilet og kart.

Jordal, J. B., Holtan, D. & Bøe, P. G. 2007: Kartlegging av naturtyper i Ørsta kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 1-2007. 126 s.

Kålås, J. A., Viken, Å., Henriksen, S. & Skjelseth, S. (red.). 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Norge.

Lindgaard, A. & Henriksen, S. (red.) 2011. Norsk rødliste for naturtyper 2011. Artsdatabanken, Trondheim.

Miljøverndepartementet 2001. St.meld. nr. 42 (2000-2001). Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning. 220 s.

Miljøverndepartementet 2010. Lovdata fra Norsk Lovtidend: Forskrift om konsekvensutredninger: <http://www.lovdata.no/cgi-wifit/ldeles?doc=/sf/sf/sf-20050401-0276.html>

Miljødirektoratet 2015. Naturbase. [www.kart.naturbase.no](http://www.kart.naturbase.no)

- Moen, A. 1984. Myrundersøkelser i Møre og Romsdal i forbindelse med den norske myrreservatplallen. Kgl. norske vidensk. selsk. Mus. Rapp. Bot ser. 1984-5.
- Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss.
- Tollan, I., 1937. Skoggrenser på Nordmøre. Medd. Vestl. forstl. forsøksst. 6(2):1-143.

## 7.2 Munnlege kjelder

I nokre tilfelle er det motteke nyttig informasjon frå lokale folk. Nedanfor er desse nemnt opp.

<i>Navn</i>	<i>Organisasjon/rolle</i>
Jørn Roger Gustad	Aktiv amatørentomolog, Kristiansund
Stein Inge Male	Lokalkjent ornitolog mv, Fræna
Oddvar Olsen	Firma Faunafokus Oddvar Olsen, Volda
Eystein Opdøl	Grunneigar, Sunndal



Figur 10 Brunburkne *Asplenium adulterinum* (VU) veks fleire stadar mellom olivinstenen som ligg opp i dagen ved Raudeneset i Norangsfjorden i Ørsta. Brunburkne er ein vestleg art med tyngdepunkt på Sunnmøre og nordlige Sogn og Fjordane. Elles finst spreidde funn sørover til Hordaland, og nokre gamle funn i Alstahaug i Nordland fylke (Artsdatabanken 2015). Foto: Kristin Wangen

# 8 VEDLEGG - NATURTYPEOMTALAR

---

På dei neste sidene kjem skildringar av alle lokalitetane med kartutsnitt av avgrensinga.

## 8.1 Averøy

### 15045 Staurnesvågen

**IID:** BN00013432

**Naturtype:** E18 Brakkvass-sjø

**Delnaturtype:**

**Verdi:** B (viktig)

**Feltsjekk:** 24.09.2015

#### Beskriving:

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 23.02.2016, basert på Gaarder & Oldervik (2003, besøkt 06.07.2001) og eige feltarbeid utført den 24.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007) og raudlista for artar 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg nord for Kårvåg, langs vegen til Rangøya. Han grensar til kystlynghei, myr, i søraust plantefelt, i vest til vegfylling og i nordvest til kulturmark der det ligg fleire gardar. Utløpet er kunstig og skapt av ei vegfylling med ei rør gjennom i vest, som avgrenser vassutskiftinga. Dette har truleg gjort vatnet meir brakt (mindre salt). Berggrunnen består av glimmerrik gneis ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt, og er berre lite endra.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Naturtypen er brakkvass-sjø. Salinitet er ikkje målt, men ein går ut frå at denne i middel er lågare enn 18 promille (smakte omrent ikkje salt, såvidt litt tang observert). Det vart sett ein flostreng ca. 40 cm over vasstanden ved besøket. Lokaliteten har undervassenger med småhavgras, skruehavgras og smålålegras (3-nerva, bladbredd 2-2,5 mm). Rundt sjøen var det innslag av smale brakkvassenger i strandsonen, med m.a. fjøresivaks, krypkvein, raudsvingel og saltsiv. Brakkvass-sjøar er ikkje vurdert i raudlista for naturtypar pga. kunnskapsmangel, men tilhøyrer ein raudlistekategori (i faktaark frå 2014 vert brakkvass-sjø rekna som innsjø, som generelt er NT på raudlista for naturtypar 2011).

**Artsmangfold:** Viktigaste brakkvassplanter var skruehavgras, småhavgras og smålålegras, som alle såg ut til å vera utbreidd og talrike. Særleg skruehavgras er regionalt sjeldan, medan smålålegras truleg er oversett. Av planter elles (m.a. i strandsonen) kan nemnast m.a. fjøresauløk, gåsemure, havstorr, jáblom, myrsauløk. Fuglar observert ligggjande på vatnet ved besøket: knoppsvane og stor-skarv. Det vart sett flyndrer i vatnet, elles daude skjel, m.a. kamskjel.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Utvekslinga med sjøen utanfor er mindre enn opprinneleg pga. ei vegfylling. I 2001 hadde ein inntrykk av høgt næringsinnhold og mykje grønalgar, dette var ikkje så tydeleg i 2015. Lokaliteten har truleg vore beita i strandsonen i lang tid, av både husdyr og gås.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Brakkvass-sjøar er truleg sjeldne i Averøy (noko mangelfull kunnskap), men er elles meir utbreidd på Smøla, som er ein liknande kommune med betre kunnskapsstatus om denne naturtypen.

**Verdivurdering:** Vurderinga er gjort etter revidert faktaark pr. desember 2014. Lokaliteten får midtdeles vekt på vassvegetasjon (store bestandar av truga vegetasjonstype brakkvassundervasseng utan raudlisteartar). Han får derfor verdi B (viktig). Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1982) ga lokaliteten lokal verneverdi som overvintrings- og rastepllass for vassfugl.

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane vil vere om lokaliteten får vere mest muleg utan vidare påverknad.



Figur 11 Raud strek indikerar omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

### 15046 Mekknoken, Dyrsetlia

<b>IID:</b>	Ny
<b>Naturtype:</b>	C03 Rik fastmark i fjellet
<b>Delnaturtype:</b>	C0305 Rik leside
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Feltsjekk:</b>	29.09.2015

#### Beskriving:

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 23.02.2016, basert på eige feltarbeid utført den 29.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007).

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg ved Dyrsetlia nord for Mekknoken i Averøy. Han grensar til fattigare fjellhei. Berggrunnen består av amfibolitt mm. ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Lokaliteten ligg i lågalpin vegetasjonssone (LA) og dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Naturtypen er rik fastmark i fjellet av delnaturtype rik leside, men har såvidt også innslag av rabbeplanter og snøleieplanter. Vegetasjonen er dominert av heitypar med innslag av rike sig.

**Artsmangfald:** Av planter kan nemnast m.a. bjørnebrodd, dvergjamne, enghumleblom, fjellfrøstjerne, fjellkattefot, fjellsmelle, fjelltistel, grønkurle, grønstorr, gulsildre, gulstorr, kattefot, rosenrot, raudsildre, svarttopp, sær bustorr og trillingsiv. Mosar: blodnøkkemose, feittmose, rødmesigmose, stivlommemose og stortuffmose. Fleire heiartar med oseanisk utbreiing finst også, som heisiv, heistorr, loppestorr, grannkrekmose, raudmuslingmose og småstylte.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten har nok vore beita i lang tid, men var elles lite påverka.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Rik fastmark i fjellet er relativt sjeldan i ytre deler av Møre og Romsdal, avhengig av berggrunn og innhald av mineraler i sigevatnet.

**Verdivurdering:** Vurderinga er gjort etter revidert faktaark pr. desember 2014. Lokaliteten får middels vekt på storleik, låg vekt på typevariasjon, middels vekt på arts mangfald, middels vekt på tilstand og høg vekt på påverknad. Han får derfor verdi B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Ingen spesielle. Det er truleg lite aktuelt med arealinngrep her.



Figur 12 Raud strek indikerar omtala lokalitet.

## **15047 Mekknoken nordaust**

<b>IID:</b>	Ny
<b>Naturtype:</b>	C03 Rik fastmark i fjellet
<b>Delnaturtype:</b>	C0305 Rik leside
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Feltsjekk:</b>	29.09.2015

### **Beskriving:**

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 23.02.2016, basert på eige feltarbeid utført den 29.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007).

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg nordaust for Mekknoken i Averøy. Han grensar til fattigare fjellhei. Berggrunnen består av amfibolitt mm. ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Lokaliteten ligg i lågalpin vegetasjonssone (LA) og dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Naturtypen er rik fastmark i fjellet av delnaturtype rik leside, men har såvidt også innslag av rabbeplanter og snøleieplanter. Vegetasjonen er dominert av heitypar med innslag av rike sig.

**Artsmangfald:** Av planter kan nemnast m.a. bjørnebrodd, dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjellsmelle, fjelltistel, flekkmure, gulsildre, hårstorr, kattefot, rukkevier, raudsildre, svarttopp og trillingsiv. Mosar: blodnøkkemose, kammoser og rødmesigmose. Fleire heiartar med oseanisk utbreiing finst også, som heisiv, heistorr, loppestorr, fjordtvebladmose, heimose og raudmuslingmose.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten har nok vore beita i lang tid, men var elles lite påverka.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Rik fastmark i fjellet er relativt sjeldan i ytre deler av Møre og Romsdal, avhengig av berggrunn og innhald av mineralar i sigevatnet.

**Verdivurdering:** Vurderinga er gjort etter revidert faktaark pr. desember 2014. Lokaliteten får midtdeles vekt på storleik, låg vekt på typevariasjon, middels vekt på arts Mangfald, middels vekt på tilstand og høg vekt på påverknad. Han får derfor verdi B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Ingen spesielle. Det er truleg lite aktuelt med arealinngrep her.



Figur 13 Raud strek indikerar omtala lokalitet, den nordlegaste på figuren.

#### 15048 Mekknoken aust

IID:	Ny
Naturtype:	C03 Rik fastmark i fjellet
Delnaturtype:	C0305 Rik leside
Verdi:	B (viktig)
Feltsjekk:	29.09.2015

#### Beskriving:

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 23.02.2016, basert på eige feltarbeid utført den 29.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007).

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg aust for Mekknoken i Averøy. Han grensar til fattigare fjellhei. Berggrunnen består av amfibolitt mm. ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Lokaliteten ligg i lågalpin vegetasjonssone (LA) og dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Naturtypen er rik fastmark i fjellet av delnaturtype rik leside, men har såvidt også innslag av rabbeplanter og snøleieplanter. Vegetasjonen er dominert av heitypar med innslag av rike sig.

**Artsmangfold:** Av planter kan nemnast m.a. bjørnebrodd, dvergjamne, enghumleblom, fjellfrøstjerne, grønstorr, gulsldre, gulstorr, hårstorr, rosenrot, svarttopp, særbusstorr og taggbregne. Mosar: fjellrundmose, myrstjernemose, rødmesigmose og stormakkmoser. Sopp: myrjordtunge. Fleire heiatar med oseanisk utbreiing finst også, som heistorr, loppestorr og raudmuslingmose.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten har nok vore beita i lang tid, men var elles lite påverka.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Rik fastmark i fjellet er relativt sjeldan i ytre deler av Møre og Romsdal, avhengig av berggrunn og innhald av mineralar i sigevatnet.

**Verdivurdering:** Vurderinga er gjort etter revidert faktaark pr. desember 2014. Lokaliteten får middels vekt på storleik, låg vekt på typevariasjon, middels vekt på arts Mangfald, middels vekt på tilstand og høg vekt på påverknad. Han får derfor verdi B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Ingen spesielle. Det er truleg lite aktuelt med arealinngrep her.



Figur 14 Raud strek indikerar omtala lokalitet, den sørlegaste på figuren.

## 8.2 Fraeña

**15038 Moaelva**

**IID:** Ny

**Naturtype:** F21 Flommarkskog

**Delnaturtype:** F2101 Flompåvirket oreskog

**Verdi:** C (lokalt viktig)

**Feltsjekk:** 09.07.2015

### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Sylvelin Tellnes 31.01.2016, basert på eige feltarbeid 09.07.15, saman med Geir Gaarder (Miljøfaglig Utredning). Undersøkinga er gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, som del av kvalitetssikring og supplerande naturtypekartlegging i fylket dette året. Raudlistestatus for artar er basert på raudlista frå 2015. Utkast til reviderte faktaark for verdifulle naturtypar frå hausten 2014 er nytta for verdsetting. Det er ikkje kjend tidligare undersøkingar av denne lokaliteten.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg langs Sylteelva, litt på nedsida av vegen utover til Elnesvågen og Bud. Elva greinar seg i to over ei strekning her, samt får inn ein tilførselsbekk frå sør. Lokaliteten begrenser seg i all hovudsak til øya som dannast mellom elveløpa, men det er også mindre parti med intakt flommarksprega skog på sørsida. Lausmassene verker middels til grove (stein og dels grus) og ikkje særleg kalkrike. Elva viser meandrerande tendensar, men renn framleis friskt nedover.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Langs elva er det ei sone flommarkskog på ganske grovt substrat (dvs det som tidligare er betegna som gråor-heggeskog). Også sentrale parti av denne holmen har opprinnleig utvilsomt hatt det, men der har kulturpåverknad vore så høg at den må betegnast som semi-naturleg eng i eit seint gjengroingsstadium. I søndre del har det vore flytta ein del på løsmassene for ein del tid sidan, og dette arealet er sterkt endra mark som er i ferd med å gå tilbake til flommarkskog. No vert opp mot 50 % anett å kunne betegnast som flommarkskog.

**Artsmangfold:** Gråor er dominerende treslag. Elles finst noko hegg i busk- og dels tresjikt. Av artar i flommarkskogen kan nevnast sølvbunke (ofte dominerande på engprega parti), raud jonsokblom, skogsvinerot, skogstjerneblom, mjødurt, sumphaukeskjegg, storfrytle, turt, sløke, brunrot, krattmjølke, vendelrot og bekkeblom. I engrestar veks sparsomt med artar som blåknapp, engsyreblom, hårvæve, tepperot, gulaks, smalkjempe og grov nattfiol. Det vart ikkje observert gamalskogstilknytta lav av betydning på trea (dvs lungenever-samfunn eller knappenålslav).


**Bruk, tilstand og påverknad:** Gråor er dominerende treslag. Elles finst noko hegg i busk- og dels tresjikt. Av artar i flommarkskogen kan nevnast sølvbunke (ofte dominerande på engprega parti), raud jonsokblom, skogsvinerot, skogstjerneblom, mjødurt, sumphaukeskjegg, storfrytle, turt, sløke, brunrot, krattmjølke, vendelrot og bekkeblom. I engrestar veks sparsomt med artar som blåknapp, engsyreblom, hårvæve, tepperot, gulaks, smalkjempe og grov nattfiol. Det vart ikkje observert gamalskogstilknytta lav av betydning på trea (dvs lungenever-samfunn eller knappenålslav).

**Framande artar:** Ein del platanlønn er i ferd med å etablere seg på lokaliteten. Hovudsaklig er dette småplanter, men minst eitt tre er halvstort.

**Del av heilskapleg landskap:** Det er lite flommarkskog på ytre delar av Romsdalshalvøya, men mindre parti fins lenger nedover langs denne elva.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå hausten 2014 for flommarkskog så oppnår lokaliteten så vidt høg vekt på storleik (samlet 50 daa, men maks halvparten regnast som flommarkskog), lav vekt på artsmangfald og tilstand, samt middels vekt på påverknad og lav vekt på landskapsøkologi. Samla sett gir dette ein klar verdi som lokalt viktig – C, på grensa mot viktig – B. Under litt tvil vert verdien C oppretthaldt her.

**Skjøtsel og omsyn:** Platanlønn er svartelista med status svært høg risiko og bør derfor fjernast av hensyn til naturverdiane. Det er viktig å unngå nye fysiske inngrep som elveforbygningar eller graving i lausmassene, for å bevare den naturlege dynamikkjen i elva.



Figur 15 Gult område indikerar omtala lokalitet.

#### 15039 Lunheim aust

**ID:** Ny

**Naturtype:** F20 Regnskog

**Delnaturtype:** F2001 Fattig boreonemoral regnskog

**Verdi:** B (viktig)

**Feltsjekk:** 22.02.2014

#### Beskriving

**Innleiing:** Skildringa er utarbeida av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning 22.02.2014, basert på feltarbeid same dag. Kartlegginga er gjort på fritida, som ledd i kunnskapsoppbygging om regnskogs-

miljø i Møre og Romsdal. Det er ikkje kjent tidligare undersøkingar her. Raudlistestatus for artar følger raudlista frå 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg nord for Skardset, ved foten av lia mot Raudtuva, aust for garden Lunheim. Det er prat om ei nordvestvendt liside med enkelte smådalar i sørlege del. Ein bekk renn ned og danner ein grunn liten dal (kantar på eit par meter) i nord. Lokaliteten grensar mot lifoten og uthogd skog i vest, skogsveg, granplantefelt og hogstpåvirka skog i nord, fattigare furudominert skog i sør og fattigere og mer eksponert skog i aust.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Blåbærskog dominerer, men truleg finst også noko småbregneskog og i det minste er det litt svak lågurtskog i delar av lia (men neppe over 10 % av totalarealet). Nokre fuktsig i skogen hadde eit middelsrikt preg (truleg med bl.a. noko loppestarr). Bergveggane virka likevel nokså kalkfattige. Ut frå arts mangfald representerar dette ganske klart eit grensetilfelle mellom naturtypen gammal boreal lauvskog og regnskog (av delnaturtype fattig boreo-nemoral regnskog), men den er ført til sistnemnde da potensialet for regnskogsartar truleg er ganske høgt.

**Arts mangfald:** Bjørk og furu er dominerande treslag, men det finst også spreidd med osp, ein del rogn og litt hasselkratt. Feltsjiktet er ikkje spesielt rikt, men spreidd opptrer vivendel og i sør vart også raggtelg funne. Mosefloraen verkar ikkje særlig rik, berre litt storstylte kan nemast. Derimot er det ein del lav her, og særlig interessant er den gode forekomsten av gammelgranlavsamfunnet, spesielt på bjørk. Både kattefotlav og gammelgranlav opptrer i til dels store mengder og også vanleg rurlav er hyppig. Dette er fenomen som i første rekke er karakteristisk for regnskogsmiljø i Sunnhordland og ikkje normalt så langt mot nord. I tillegg vart *Arthonia arthonidioides* funne på ei bjørk samt at gul pærelav (NT) vart funne sparsamt på ei rogn og eit hasselkratt. Arten er ikkje kjend tidligere ute på Romsdalshalvøya. Særlig på osp er det ein del *Bacidia caesiovirens*. Lungenever-samfunnet førekjem også, men ikkje spesielt rikt, med artar som lungenever, kystfiltlav og grynfiltlav. På ein morken ospelåg vaks vedalgekølle (NT).


**Bruk, tilstand og påverknad:** Skogen er i aldersfase og utan å vere spesielt grov har den ein del gamle strukturar. Det er spreidd med gadd og til dels morkne læger av osp. Det er lite dødt trevirke av furu, men fleire av trea er truleg ganske gamle (dvs godt over 150 år). Bjørka er for det meste småvakse, men fleire tre har tydeleg gamle soklar. Rogn og hassel verkar gjennomgåande sjeldent særlig grove eller gamle (men eit par store rognetre finst).

**Framande artar:** Ingen innanfor lokaliteten, men sitkagran er planta nær inntil i nord.

**Del av heilskapleg landskap:** Det er innslag av eldre lauvskog fleire stadar i området, men hittil er liknande miljø i liten grad dokumentert.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå hausten 2014 oppnår lokaliteten stor vekt på storleik (50 daa), lav til middels vekt på arts mangfald (der potensial er inkludert), lav til middels vekt på skogtilstand og middels på topografi. Samla sett tilseier dette verdien viktig - B.

**Skjøtsel og omsyn:** Det er viktig å unngå spreiling av framande bartre inn i lokaliteten og slike bør fjernast dersom dei dukkar opp. Det beste for naturverdiane er at lokaliteten får ligge i fred for alle typar andre hogstiingrep og kravfulle artar er knytt til dei fleste viktige treslag i lia med mogleg unntak av furu.



Figur 16 Gult område indikerar omtala lokalitet.

#### **15040 Horberget aust**

**IID:** Ny

**Naturtype:** F01 Rik edellauvskog

**Delnaturtype:** F0103 Lågurt-hasselkratt

**Verdi:** B (viktig)

**Feltsjekk:** 22.02.2014

#### **Beskriving**

**Innleiing:** Skildringa er utarbeida av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning 22.02.2014, basert på feltarbeid same dag. Kartlegginga er gjort på fritida, som ledd i kunnskapsoppbygging om regnskogs-miljø i Møre og Romsdal. Det er ikkje kjend tidligere undersøkingar her. Raudlistestatus for artar følger raudlista frå 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg sør for Hustad, på austsiden av Horberget, den ytste fjellknausen på ryggen nordover frå Raudtuva. Her er det dels opne berghamarar, noko skog og open rasmark. Avgrensa lokalitet omfattar skogkledde parti mellom rasmarka og det mest opne berghamrane som er vendt mot søraust og aust. Berggrunnen verkar intermediær til litt halvrik (truleg ein del eklogitt).

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Truleg er det mykje svak lågurtmark her, med små parti med klarare lågurtmark i den mest sørveste bergrota. Storfrytledominansen er sterkt mange stedar.

**Artsmangfald:** Bjørk og selje er dominante treslag. I tillegg litt hasselkratt og innslag av rogn. I feltsjiktet dominar som sagt storfrytle sterkt i den austvendte lia, men både der og mot sør går det inn spredt med kusymre. I berghamrar mot søraust vart blankburkne funne sparsamt. Elles innslag av bl.a. bergfrue. Når det gjeld mosar så er det stadvis til dels sjeldent mykje kveilmose på berghamrane. Galleteppemose vart funne sparsamt og har her ein av sine nordligaste kjende forekomstar i regionen. Elles funn av antatt kystband og litt glansperlemose. Lungenever-samfunnet opptrer i uvanleg store mengder på bergveggane, meir sparsamt og artsfattig på tre. Dette omfattar kastanjelav (VU - 3 delfunn), rund porelav (ein liten forekomst i nordre del), grynporelav (to små forekomstar i den søraustvendte delen), sølvnever (fleire funn), kystnever (ein bergvegg), muslinglav, vanleg blåfiltlav (sparsom), kystfiltlav, grynfiltlav, skrubbenever, lungenever, flishinnelav, kystårenever og kystvreng.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Skogen er i eldre optimalfase med lite dødt trevirke. Elles ingen fysiske inngrep.

**Framande artar:** Sitkagran er planta i nedkant og ei vel 1 meter høg busk vart funne i øvre delar av rasmarka (truleg vel 200 meter unna nærmaste planting).

**Del av heilskapleg landskap:** Denne typen rik lauvskog finst det meir av i liene til denne fjellrekka.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå hausten 2014 oppnår lokaliteten middels vekt (11 daa samla sett, men ikkje alt er rikt) på storleik, middels vekt på raudlisteartar, lav vekt på edellauvskogsartar, sjeldne skogtypar og habitatkvalitet. Samla gir dette verdien viktig - B.

**Skjøtsel og omsyn:** Det er viktig å unngå spreiling av framande bartre inn i lokaliteten og slike bør fjernast dersom dei dukkar opp. Det beste for naturverdiane er at lokaliteten får ligge i fred for alle typar andre hogstiingrep då kravfulle artar opptrer på fleire av treslaga i lia (men dei største verdiene verkar knytt til bergveggane).



Figur 17 Gult område indikerar omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til nærliggjande, tidlegare kartlagte lokalitetar.

## 15041 Tverrfjell nord for Stormyra

IID: BN00020302

Naturtype: F20 Regnskog

Delnaturtype: F2001 Fattig boreonemoral regnskog

Verdi: A (svært viktig)

Feltsjekk: 02.03.2014

### Beskriving

**Innleiing:** Skildringa er skrive av John Bjarne Jordal 06.12.2012, basert på besøk av Geir Gaarder 21.03.1998, og eige feltarbeid 09.08.2004 (Jordal 2005) og 22.08.2012, etter oppdrag fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Supplerande skildring er utarbeidd av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning 04.03.2014, basert på feltarbeid 02.03.2014 saman med John Bjarne Jordal. Denne kartlegginga er gjort på fritida, som ledd i kunnskapsoppbygging om regnskogsmiljø i Møre og Romsdal. Raudlistestatus for artar følgjer raudlista frå 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg på sørsida av vegen frå Tverrfjell til Eide, like ved kommunegrensa. Den grensar til vegen i nord, uthøgd granfelt i aust, myrskog i sør og ungskog i vest. Berggrunnen består av diorittisk til granittisk gneis ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Lausmassene består av morene (sand, grus og stein). Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h). Avgrensinga er basert på GPS-målingar og ortofoto og er truleg betre enn 10 meter. Det vart gjort enkelte justeringar i vestre delar av lokalitten i 2014, truleg som følge av betre flyfoto kombinert med GPS-sporing på den sida (eit granplantefelt vart trekt ut av lokaliteten, samtidig som det var ei stripe med rike hasselkratt også vest for plantefeltet).

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Naturtypen er hovudsakeleg rik edellauvskog med ein del hassel, elles bjørk, furu og rogn. Vegetasjonen er dominert av lågurtskog som truleg har vore beitepåverka (ein del sølvbunke). Av tre- og buskslag vart det notert bjørk, furu, gran, hassel, hegg, osp, rogn og øyrevarer. Ut frå artsmangfaldet er det her både tendensar til svakt utvikla rik edellauvskog og ein svakt til middels utvikla regnskog (av fattig boreonemoral delnaturtype), men ut frå blandinga av ulike kvalitetar førast lokaliteten til gammal lavlandsblandingsskog, delnaturtype furu-lavlandsblandingsskog.

**Artsmangfold:** Det er i første rekke lavfloraen som verkar interessant. Dei sjeldne skorpelava hasselrurlav *Thelotrema sueicum* (NT) og sølvpærrelav *Pyrenula laevigata* veks på hasselstammene. I tillegg finst artar frå lungenever-samfunnet, bl.a. lungenever, vanleg blåfiltlav, glattvrente og stiftfiltlav. I 2004 vart det av planter funne bl.a. enghumleblom, jonsokkoll, kranskonvall, kratthumleblom, krossved, kusymre, myske og nattfiol. I 2012 vart det også funne bl.a. hengeaks, sanikel og sump-haukeskjegg. Under feltarbeidet 02.03.2014 vart det i tillegg til fleire av dei nemnde artane gjort ein del registreringar av glattbarkslav på hassel, blant anna noko *Arthonia stellaris* (VU), samt at det vart gjort eit funn av kystkantlav *Lecanora cinereofusca* (EN) på hassel og *Arthonia elegans* (VU) sparsomt på enkelttre.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Området har truleg vore beita tidlegare. Hasselskogane i området er oppsplitta av plantefelt.

**Framande artar:** Det vart observert gran i kantane.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten er ein av mange hasselrike edellauvskogar i kommunen.

**Verdivurdering:** Lokaliteten fekk verdi B (viktig) av Jordal (2012) fordi det då vart vurdert som ein rik edellauvskog med nokre typiske tilknytta artar. Med grunnlag i faktaark for regnskog frå hausten 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på storleik (27 daa), høg vekt på raudlisteartar, lav vekt på skogtilstand og ikkje spesiell vekt på andre parameterar. Samla gir dette verdien svært viktig – A, i praksis i første rekke som følge av nye funn av fleire trua regnskogsartar.

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er at området får ligge mest mogleg urørt. Hassel og osp bør ikkje hoggast.



**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Sandstrendene hadde eit belte av tangmelde, og innanfor der driftvollsfunn med hestehavre, mjødurt, kveke, krushøy mole, hundekjeks m.m. Det er m.a. både ein del eittårig driftvoll her, men også areal med fleirårig driftvoll. I tillegg kjem litt kunstmarkskant på innsida. Malehammaren har litt intermediaær eng og grunnlendt mark i attgroing. På sørssida av Malehammaren er det dels ekstensivt utnytta kunstmarkseng og inne i bukta ein del eittårig driftvoll, samt små sonar med fleirårig driftvoll på innsida.

**Artsmangfald:** I stranda vart det m.a. funne strandarve, strandreddik og kystbjønnkjeks. På Malehammaren og ein stor stein i stranda (MQ 0211 8361) vart det funne bakkeveronika, bitterbergknapp, enghumleblom, gjeldkarve, gulmaure, hårvæve, knegras, raudknapp, sandarve, vill-lauk, vårskrinneblom, desse er dels artar knytt til tørre, gjerne litt baserike bakkar og berg i kulturlandskapet, og er truga av attgroing. Under felterbeidet i 2014 var det registrert litt stokkand, eit par krikkjender og storspover (VU) her, og dette er ein viktig plass for rastande trekkfugl (Jørn Roger Gustad pers. med.), både av andefugl, vadefugl og sporrefugl. Fleire sjeldsynte artar er m.a. sett her opp gjennom åra.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Litt uttak av sand tidlegare, litt søppel. Engamarka i sør/sørvest er kunstmark som vert hausta maskinelt. Engmark i sør og søraust er for ein stor del naturbeitemark som vert beita av hest. Sjølv Malehammaren ber preg av å ha vore i attgroing i mange ti-år. I sør kjemt det inn eit hestebete, medan ytre parti med sandstrand og driftvoll innanfor lokaliteten er i litt tidlegare fase av attgroing.

**Framande artar:** Ingen vart observert.

**Del av heilskapleg landskap:** Det finst fleire sandstrender inn mot Nerland og Hustad, samt lenger nordover ut mot Hustadvika. Store tangvollar finst også fleire stadfest mot nord, samt også ute på Male litt lenger vest.

**Verdivurdering:** Området vart i 2005 verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein mosaikk av velutvikla tangvollar og kalkrike enger med interessant flora, ein regionalt sjeldan naturtype. Med grunnlag i faktaark frå hausten 2014 får lokaliteten middels vekt på storleik, middels vekt på typevariasjon og låg vekt på raudlisteartar. Samla sett er verdien her vurdert å framleis vere viktig - B ut frå dette.

**Skjøtsel og omsyn:** Ein bør unngå fysiske inngrep. Malehammaren burde ha vore beita, og det same gjeld delar av stranda på vestsida av den.



Figur 19 Nordvestlege del av gulfarga areal viser omtala lokalitet, der raud strek er grensa mot tilliggande naturbeitemark i sør. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten og til noko nærliggjande lokalitetar.

15043 Male aust

IID: Ny

**Naturtype:** D04 Naturbeitemark

**Delnaturtype:** D0416 Lågurtbeiteeng

**Verdi:** A (svært viktig)

Feltsjekk: 19.10.2014

## Beskriving

**Innleiing:** Skildringa er utarbeidd av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning 19.10.2014, basert på feltarbeid same dag saman med Jørn Roger Gustad. Denne kartlegginga er gjort på fritida, som privat tur med hovudvekt på registrering av fugl. Lokaliteten grensar til anna naturtype (sand- og grusstrand) i nordvest og til naturreservat i aust. Raudlistestatus for artar følgjer raudlista frå 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg ned mot sjøen rett på nedsida av vegen frå Hustad, rett før ein kjem ut til Male. Det er snakk om noko større lausmasseavsetningar her (gamle strandvollar truleg), truleg med innslag av skjellsand. Lokaliteten grensar skarpt til vegen i sør, naturreservat (i gjengroing) i aust, sjøen og sandstrand i nord og hage og gjødslet eng i vest.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Truleg er det mest lågurteng her, men også innslag av mer kalkfattig, intermediær eng. Alt verkar veldrenert (i parti dominerer småstein, men det er nok også mye sand og grus i grunnen).

**Artsmangfald:** Det er til dels mykje mjødurt og også andre nitrofile artar er stedvis vanlege, men i tillegg finst ein god del lavvakse parti der det også går inn naturengplanter som smalkjempe, små-

engkall, blåknapp, raudknapp, gjeldkarve og vill-lin (opp mot vegen). Helst finst fleire naturengplanter her, då element er mangefullt undersøkt. I tillegg er det ganske god forekomst av beitemarksopp, noko som var tydeleg under besøket i oktober 2014, sjølv om det hadde vore nokså tørt og litt frost tidligare. I alt 20 artar vart observert, inkludert eit par funn av både brun engvokssopp (VU), dynetunge (NT) og skarlagenvokssopp. Potensialet for fleire beitemarksopp er høgt og det er også sannsynleg med fleire raudlista og kanskje truga artar.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Truleg har ein del vore litt gjødsla for mange år sidan, men enga verkar ikkje gjødsla i nyare tid (jf også Stein Inge Male pers. med.). Gjødselpåverknaden er mest merkbar i vestre del og verkar svakast i aust. Dei har neppe nokon gong vore jordbearbeidd i særleg grad. Enga beitast for tida av hest (noko som har vore mest brukt her i nyare tid) og beitetrykket verkar ganske godt.

**Framande artar:** Ingen spesielle vart observert.

**Del av heilskapleg landskap:** Det finst beitemarker i aktiv bruk spreidd i dette området, sjølv om det er nokså langt mellom artsrike naturbeitemarker. Lokaliteten utgjer ein naturleg og viktig del av eit større havstrand- og kulturlandskap av stor betydning for våtmarksfugl og kulturlandskapsartar.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark frå hausten 2014 så oppnår lokaliteten høg vekt på storleik (20 daa), middels vekt på habitatsspesialistar (beitemarksopp og karplanter saman, der potensial samtidig er inkludert), truleg høg vekt på raudlisteartar (ut frå potensial) og truleg middels vekt på tilstand (som følgje av at delar er antatt å ha vore noko gjødsla). Samlet sett tilseier dette verdien svært viktig - A.

**Skjøtsel og omsyn:** Naturverdiane er avhengig av fortsatt godt beitetrykk, samtidig som enga heller ikkje i framtida vert tilført ekstern gjødsling eller sprøyting.



## 8.3 Gjemnes

### 15001 Batnfjorden: Peseterlia

**IID:** BN00001849

**Naturtype:** F01 Rik edellauvskog

**Delnaturtype:** F0106 Gråor-almeskog

**Verdi:** B (viktig)

**Feltsjekk:** 16.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning den 16.10.2015, basert på feltarbeid utført den 16.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Skildring og verdssetting er basert på siste utkast (30.12.2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen & Hilmo 2015). Lokaliteten overlappar med den gamle naturbaselokaliteten Batnfjorden: Peseterlia med IID BN00001849 (Jordal 2000) og erstattar denne. Den gamle skildringa var basert på eige feltarbeid den 10.10.1999 i eit minde område av lokaliteten. Lokaliteten er berre avstandsbetrakta med kikert i 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i ei bratt, sørvest vendt liside ved Pesetra sørvest for Batnfjordsøra. Lisida består i stor grad av blandingslauvskog med svak lågurt og storbregnepreg, men innslag av rik edellauvskog finst spreidd. Områder med planta gran finst fleire stadar i lia. Lokaliteten er kun avstandsbetrakta, og avgrensinga er basert på observasjon av alm, som er lett å identifisere ved hjelp av kikkjert.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten er ikkje nærmare undersøkt, men det er sannsynlig at det er snakk om same type skog som i lokaliteten Batnfjorden: Storhammaren 1. Her er spredte klynger og enkelttre av alm som det antakeleg er knytt høgstaudevegetasjon til (anslått til 50 %). Elles er det antakeleg også snakk om ein del blandingslauvskog (anslått til 50 %) med svak lågurt- og storbregnepreg.

**Artsmangfold:** Alma (VU) står spredt i lisida. Andre treslag i lisida inkluderar bjørk, hassel, gråor, selje, osp og rogn. Det er stort potensiale for edellauvskogsartar i lia.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Sjølve lokaliteten er intakt, men utstrekning av lokaliteten er begrensa mot nordaust og antakelegvis i nedkant grunna planta granfelt, og hogstaktivitet.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Rik edellauvskog med alm og hassel finst spreidd fleire stadar i lisida.

**Verdivurdering:** Grunnlaget for verdivurderinga er svak på grunn av at lokaliteten berre er avstandsbetrakta, men det er sannsynleg at den er ganske lik lokaliteten Batnfjorden: Storhammaren 1. Den oppnådde middels vekt for kjenneteiknande artar, høg vekt vert oppnådd for storleik (43 daa). Denne lokaliteten får derfor same verdi – B – viktig, basert på føre-var-prinsippet.

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane vil vere om lokaliteten får stå urørt utan fysiske inngrep.



Figur 21 Gult område indikerar omtala lokalitet. Raude polygon viser nærliggjande lokalitetar. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

### 15002 Batnfjorden: Solstad

**IID:** Ny

**Naturtype:** F01 Rik edellauvskog

**Delnaturtype:** F0106 Gråor-almeskog

**Verdi:** B (viktig)

**Feltsjekk:** 16.09.2015

### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning den 16.10.2015, basert på feltarbeid utført den 16.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Skildring og verdsetting er basert på siste utkast (30.12.2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen & Hilmo 2015). Lokaliteten overlappar med den gamle naturbaselokaliteten Batnfjorden: Peseterlia (Jordal 2000) med IID BN00001849 og skiljast ut frå denne. Den gamle skildringa var basert på eige feltarbeid den 10.10.1999 i eit minde område av lokaliteten. Lokaliteten er berre avstandsbetrakta med kikkert i 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i ei bratt, sørvestlig lisiide ovanfor Solstad sørvest for Batnfjordsøra. Lisiida består i stor grad av blandingslauvskog med svak lågurt og storbregnepreg, men innslag av rik edellauvskog finst spreidd. Områder med planta gran finst fleire stadar i lia. Lokaliteten er kun avstandsbetrakta, og avgrensinga er basert på observasjon av alm, som er lett å identifisere ved hjelp av kikkjert.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten er ikkje nærmare undersøkt, men det det er sannsynlig at det er snakk om same type skog som i lokaliteten Batnfjorden: Storhammaren 1. Her er spredte klynger og enkelttre av alm som det antakeleg er knytt høgstaudevegetasjon til

(anslått til 50 %). Elles er det antakeleg også snakk om ein del blandingslauvskog (anslått til 50 %) med svak lågurt- og storbregnepreg.

**Artsmangfald:** Alma står spredt i lisida. Andre treslag i lisida inkluderar bjørk, hassel, gråor, selje, osp og rogn. Det er stort potensiale for edellauvskogsartar i lia.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Sjølve lokaliteten er intakt, men utstrekning av lokaliteten er begrensa i nedkant (mot søraust) grunna planta granfelt.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Rik edellauvskog med alm og hassel finst spreidd fleire stadar i lisida.

**Verdivurdering:** Grunnlaget for verdivurderinga er svak på grunn av at lokaliteten berre er avstands betrakta, men det er sannsynleg at den er ganske lik lokaliteten Batnfjorden: Storhammaren 1. Den oppnådde middels vekt for kjenneteiknande artar, middels vekt vert også oppnådd for storleik (14 daa rik edellauvskog). Denne lokaliteten får derfor same verdi – B – viktig, basert på førevar-prinsippet.

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane vil vere om lokaliteten får stå urørt utan fysiske inngrep.



Figur 22 Gult område indikerar omtala lokalitet. Raude polygon viser nærliggjande lokalitetar. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

### 15003 Batnfjorden: Storhammaren 1

IID: Ny

**Naturtype:** F01 Rik edellauvskog

**Delnaturtype:** F0106 Gråor-almeskog

**Verdi:** B (viktig)

**Feltsjekk:** 16.09.2015

### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning den 15.10.2015, basert på feltarbeid utført den 16.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Skildring og verdsetting er basert på siste utkast (30.12.2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen & Hilmo 2015). Lokaliteten overlappar med den gamle naturbaselokaliteten Batnfjorden: Peseterlia (Jordal 2000) med IID BN00001849 og skiljast ut frå denne. Den gamle skildringa var basert på eige feltarbeid den 10.10.1999 i eit minde område av lokaliteten. Lokaliteten er berre avstandsbetrakta med kikert i 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i ei bratt, sørvestlig liside ved Pesetra sørvest for Batnfjordsøra. Lisida består i stor grad av blandingslauvskog med svak lågurt- og storbregnepreg, men innslag av rik edellauvskog finst spreidd. Områder med planta gran finst fleire stadar i lia.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Avgrensinga gjeld eit område med gråor-almeskog (50 %) først og fremst av typen høgstaude (T4-18 etter NiN), i mosaikk med meir triviell blandingslauvskog (50 %) av typen svak lågurt og storbregnepreg. Blokkmark finst spreidd. Alm opptrer som klynger spredt i lisida samt nokre enkelttre, fleire med lungeneversamfunn.

**Artsmangfald:** Det vart registrert fleire artar knytt til høgstade, som skogsvinerot, myske, raud jonsokblom, skogstjerneblom, bringebær, trollurt, hundekveke, vendelrot, samt nokre artar meir typisk for lågurt, som skogstorkenebb og brunrot. Meir trivielle artar inkluderar kratthumleblom, ormetelg, skogburkne, sølvbunke, skogfiol og gullris. På alm (VU) vart det registrert lungenever, lodnevrenge, skjellnever, kystårenever, krinsflatmose, ekornmose, krinsflatmose og hjelmlæremose. Dominerande treslag er bjørk og or, elles finst alm, hassel, selje (somme eldre med lungeneversamfunn) og rogn.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Diameteren for almetrea ligg på mellom 20-40 cm, ingen hulrom, og moderate mengder hjortegnag.

**Framande artar:** Granfelt er planta fleire stadar i lisida, men berører ikkje denne lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog med alm og hassel finst spreidd fleire stadar i lisida.

**Verdivurdering:** Lokaliteten oppnår middels vekt for storleik (12,5 daa rik edellauvskog), kjenneteiknande artar og raudlisteartar. Høg vekt for sistnemnde vert oppnådd på grunn av alma. Sidan alm vert verdsett gjennom definisjonen av naturtypen, vert den ikkje vektlagt her, noko som reduserar parameteren raudlisteartar til lav vekt. Basert på desse parameterane oppnår lokaliteten verdi B – viktig.

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane vil vere om lokaliteten får stå urørt utan fysiske inngrep.



Figur 23 Gult område indikerar omtala lokalitet. Raude polygon viser nærliggjande lokalitetar. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

#### **15004 Batnfjorden: Storhammaren 2**

**IID:** Ny

**Naturtype:** F01 Rik edellauvskog

**Delnaturtype:** F0106 Gråor-almeskog

**Verdi:** C (lokalt viktig)

**Feltsjekk:** 16.09.2015

#### **Beskriving**

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning den 15.10.2015, basert på feltarbeid utført den 16.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Skildring og verdsetting er basert på siste utkast (30.12.2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen & Hilmo 2015). Lokaliteten overlappar med den gamle naturbaselokaliteten Batnfjorden: Peseterlia (Jordal 2000) med IID BN00001849 og skiljast ut frå denne. Den gamle skildringa var basert på eige feltarbeid den 10.10.1999 i eit minde område av lokaliteten.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i ei bratt, sørvestlig liaside ved Pesetra sørvest for Batnfjordsøra. Lisida består i stor grad av blandingslauvskog med svak lågurt- og storbregnepreg, men innslag av rik edellauvskog finst spreidd. Områder med planta gran finst fleire stadar i lia.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Det er snakk om ei større klyngje med eldre almetre og ei område rundt med blandingslauvskog med spreidde alme- og hasseltre. Feltsjiktet knytt til edellauvtre (60 %) er av typen meir eller mindre rik høgstaudemark, medan den i blandingslauvskogen (40 %) går over i ein fattigare storbregnepreg.

**Artsmangfold:** Den store klyngja med almetre (VU) har mest svakt høgstaudepreg dominert av ormetelg og skogburkne, og elles med artar som skogstorkenebb, vendelrot, stornesle, sølvbunke,

vrangdå og mjødurt. Andre stadar er rikeare med artar som skogsvinerot, myske, trollurt og skogstjerneblom. Fleire tre har lungeneversamfunn. På almetre vart det registrert kystårenever, lungenever, kystårenever, almekullskopp (NT), ekornmose og reipmose.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten er utan nyare inngrep. Diameteren på almetrea ligg på mellom 20-60 cm, ingen hulrom, og betydelege mengder hjortegnag, nokre døde almer.

**Framande artar:** Granfelt er planta fleire stadar i lisida, men berører ikkje denne lokaliteten.

**Del av heilskapleg landskap:** Rik edellauvskog med alm og hassel finst spreidd fleire stadar i lisida.

**Verdivurdering:** Lokaliteten oppnår middels vekt for storleik (9,5 daa rik edellauvskog), kjenneteiknande artar. Samla sett vurderast den dermed som B- viktig. Middels vekt for kjenneteiknande artar vert oppnådd på grunn av alm som er sårbar. På grunn av at alma vert verdsett gjennom definisjonen av naturtypen, vert den ikkje veklagt her, noko som reduserar parameteren raudlisteartar til lav vekt. Basert på desse parameterane får lokaliteten verdi C – lokalt viktig.

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane vil truleg vere at lokaliteten får stå urørt utan fysiske inngrep.



Figur 24 Gult område indikerar omtala lokalitet. Raude polygon viser nærliggjande lokalitetar. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

#### 15005 Bergsøya: Halset vest

IID: BN00001809

**Naturtype:** F01 Rik edellauvskog

**Delnaturtype:** F0103 Lågurt-hasselkratt

**Verdi:** B (viktig)

**Feltsjekk:** 16.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning den 15.10.2015, basert på feltarbeid utført den 16.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Skildring og verdsetting er basert på siste utkast (30.12.2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen & Hilmo 2015). Lokaliteten erstattar den gamle naturbaselokaliteten Bergsøya: v. For Halset (Jordal 2000) med IID BN00001809, som var basert på eigne feltundersøkingar frå 03.07.2000.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i ei sørvestlig liside vest for Halset på sørsida av Bergsøya. Lisida består delvis av blokkmark, delvis av fin- til grovkorna substrat. Lokaliteten avgrensa mot eit granplantefelt i sørvest, elles mot boreal lauvskog og furuskog.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** I øvre del er lågurtskog med furu, boreale lauvtrær og edelskogstartar som alm og hassel i tresjiktet. I nedre del går furua ut, og det blir meir gråor og friskare lågurtskog, somme stadar med høgstaudepreg, fortatt med hassel og alm. Blokkmark og ur finst nokon stadar i øvre del. Den gamle skildringa (Jordal 2000) rapporterer også om rik sumpskog med svartor i nedre del (antaglegvis i austre del, der den er registrert i artskart), og om hengebjørk i den rike edellauvskogen i øvre del. Lokaliteten klassifiserast som lågurt-hasselkratt (50 %) men er nok i mosaikk med delnaturtypane rasmark- og ravinealmeskog (20 %) i dei øvre, mer veldrenerte delane, og gråor-almeskog (30 %) i søraustlege delane.

**Artsmangfold:** Kusymre finst spreidd i heile lisida, og er somme stadar dominerande. Andre artar er storfrytle, myske, kratthumleblom, hundegras, skogfiol, markjordbær, skogstorkenebb, gjerdevikke, einstape, skogsvinerot, hengeaks, gulaks, blåklokke, gulskolm, ormetelg og fagerperikum. Den gamle beskrivinga (Jordal 2000) rapporterer også om jordnøtt, svartarteknapp, lundrapp, sanikkjel og heiblafljør. I blokkmark og ur vart det registrert svartburkne og kryspsilkkemose, i tillegg til sisselrot, blårapp og åkerminneblom registrert i 2000 (Jordal). Frå sumpskogen i søraustre del var det rapportert engstorr, sumphaukeskjegg myrmaure og enghumleblom (Jordal 2000), medan funn av Øystein Folden frå 2012 frå artskart kan supplere med skogsål, hårfrytle, mjødurt og bringebær.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Det ble registrert mest eldre alm med diameter på rundt 40 cm, alle observert med skader av hjortegnag, og mange døde. I nedre del er lokaliteten fleire stadar begrensa i utstrekninga på grunn av hogstaktivitet og planta granfelt.

**Framande artar:** Platanlønn finst spreidd. Det er fare for at grana spreier seg til lokaliteten, men ingen vart observert.

**Del av heilskapleg landskap:** Lia elles består av boreal lauvskog og furuskog, potensielt flekkar av edellauvskog.

**Verdivurdering:** Lokaliteten oppnår høg vekt for storleik (27 daa), og middels vekt for kjenneteiknande artar og raudlisteartar. Middels vekt for raudlisteartar vert oppnådd på grunn av alm som er sårbar. Sidan alma vert verdsett gjennom definisjonen av naturtypen, vert den ikkje vekttagt her, noko som gjer at parameteren ikkje oppnår inngangsverdi. Basert på parameterane vurderast lokaliteten å ha verdi B – viktig.

**Skjøtsel og omsyn:** Platanlønn kan med fordel fjernast. Elles er det beste for naturverdiene at lokaliteten få stå urørt utan fysiske inngrep.



Figur 25 Raud strek viser omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

### 15006 Bergsøya: Naustneset aust 1

IID: BN00001808

**Naturtype:** G05 Strandeng og strandsump

**Delnaturtype:** G0520 Semi-naturleg strandeng

**Verdi:** B (viktig)

**Feltsjekk:** 16.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning den 16.10.2015, basert på feltarbeid utført den 16.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Skildring og verdsetting er basert på siste utkast (06.11.2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen & Hilmo 2015). Lokaliteten overlappar med den gamle naturbaselokaliteten Bergsøya: Sætra – Brannholmen med IID BN00001808 (Jordal 2000), og erstattar denne. Den gamle skildringa er basert på Holten m.fl. (1986).

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg nord på nordsida av Bergsøya i vika aust for Naustneset ved Setra. Lokaliteten ligg på fin- til grovkorna substrat, og grenser mot nitrotrof beitemark i overkant, og mot strandberg og steinstrand i strandsona.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten gjeld ei semi-naturleg strandeng som blir beita av storfe. Strandenga strekkjer seg frå nedre geolittoral (T12-1) med saltsiv-eng og noko strandsump, til øvre geolittoral (T13-3) med ein diffus overgang til nitrotrof beitemark som er beita av kyr, og med innslag av driftvoll (T24). Om det nitrotrofe preget er på grunn av driftvollane eller på grunn av gjødsling frå beite er usikkjert.

**Artsmangfold:** Registrerte artar typisk for strandeng inkluderar strandkryp, fjørekoll, saltsiv, ryllsiv, gåsemure, rylik, tiriltunge, småsyre, hanekam og tunsmåarve. Det er mykje frisk nitrofil vegetasjon dominert med artar som engsoleie, kvitkløver og groblad, og fuktkrevande artar som stjernestorr og

lyssiv. Ei svartor ligg i austre del av lokaliteten. På sjølve Naustneset finst noko magrare semi-naturleg strandeng med finnskjegg-eng og artar som smalkjempe, blåknapp og ein blågrønn starr (belegg). Den gamle skildringa (Jordal 2000) rapporterer også om fjøresaltgras-eng, ishavstorr-eng og raudsvingel-eng, som det ikkje kan utelukkast at fortsatt finnast på lokaliteten.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Det er godt beitetrykk av storfe på strandenga.

**Framande artar:** Ingen registrert.

**Del av heilskapleg landskap:** Strandlinja elles i området er av typen strandberg (T6) og steindominerert strandlinje (T29). Strandenga heng saman med beitemarkane som høyrer til Setra.

**Verdivurdering:** Lokaliteten oppnår høg vekt for storleik og tilstand, lav vekt for kjenneteiknande artar, men med potensialet for fleire slike. I tillegg må lokaliteten sjåast i samanheng med nabolokaliteten Bergsøya: Naustneset 2. Samla sett vurderast den som ein viktig lokalitet – B.

**Skjøtsel og omsyn:** Det er positivt med beite, men ein må passe på at det ikkje blir store tråkkskader i strandenga. Elles bør ein ikkje gjødsle.



Figur 26 Gult område indikerar omtala lokalitet. Raude polygon viser nærliggjande lokalitetar. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

#### 15007 Bergsøya: Naustneset aust 2

IID: Ny

**Naturtype:** G05 Strandeng og strandsump

**Delnaturtype:** G0520 Semi-naturleg strandeng

**Verdi:** B (viktig)

**Feltsjekk:** 16.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning den 16.10.2015, basert på feltarbeid utført den 16.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Skildring og verdsetting er basert på siste utkast (06.11.2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen & Hilmo 2015). Lokaliteten overlappar med den gamle naturbaselokaliteten Bergsøya: Sætra – Brannholmen med IID BN00001808 (Jordal 2000), og skilast ut frå denne. Den gamle skildringa er basert på Holten m.fl. (1986).

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg nord på nordsida av Bergsøya aust for vika ved Naustneset og Setra. Lokaliteten ligg på fin- til grovkorna substrat og steinstrand, og grenser mot nitrotrof beitemark eller veg i overkant, og mot steinstrand i strandsona.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten gjeld ei semi-naturleg strandeng som blir beita av storfe. Strandenga strekkjer seg frå nedre geolittoral (T12-1) med saltsiv-eng og noko strandsump, til øvre geolittoral (T13-3) med ein diffus overgang til nitrotrof beitemark som er beita av kyr, og med innslag av driftvoll (T24). Om det nitrotrofe preget er på grunn av driftvollane eller på grunn av gjødsling frå beite er usikkjert.

**Artsmangfold:** Det er mykje frisk nitrofil vegetasjon dominert av engsoleie og kvitkløver, og med artar som groblad, engsyre og høy mole. Registrerte artar typisk for strandeng inkluderar strandrug, tunsmå尔ve, strandkryp, gåsemure, strandsmelle, fjørekoll, fjøresaulauk, saltsiv, strandkjemp, ryllsiv, tiriltunge, smallkjemp, sløke og melde sp, Elles vart det registrert firkantperikum, englodnegras, blåknapp, skogfiol og myrfiol. Den gamle skildringa (Jordal 2000) rapporterer også om fjøresaltgras-eng, ishavstorr-eng og raudsvingel-eng, som ikkje kan utelukkast at fortsatt finnast på lokaliteten.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Det er godt beitetrykk av storfe på strandenga. Nokon stadar er det spor etter tråkkskader.

**Framande artar:** Ingen registrert.

**Del av heilskapleg landskap:** Strandlinja elles i området er av typen strandberg (T6) og steindominert strandlinje (T29). Strandenga heng saman med beitemarkane som hører til Setra.

**Verdivurdering:** Lokaliteten oppnår høg vekt for storleik og tilstand, lav vekt for kjenneteiknande artar, men med potensialet for fleire slike. I tillegg må lokaliteten sjåast i samanheng med nabolokaliteten Bergsøya: Naustneset 2. Samla sett vurderast den som ein viktig lokalitet – B.

**Skjøtsel og omsyn:** Det er positivt med beite, men ein må passe på at det ikkje blir store tråkkskader i strandenga. Elles bør ein ikkje gjødsle.



Figur 27 Gult område indikerar omtala lokalitet. Rauda polygon viser nærliggjande lokalitetar. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

#### 15008 Hoem: Kinna

**IID:** BN00001825

**Naturtype:** D04 Naturbeitemark

**Delnaturtype:** D0430 Fattig beiteeng

**Verdi:** C (lokalt viktig)

**Feltsjekk:** 05.10.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning den 19.10.2015, basert på feltarbeid utført den 05.10.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Skildring og verdsetting er basert på siste utkast (30.12.2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen & Hilmo 2015). Lokaliteten erstattar den gamle naturbase lokaliteten med IID BN00001825 (Jordal 2000). Den gamle beskrivninga var basert på eige feltarbeid frå 03.10.1999.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Avgrensinga gjeld marka som ligg innanfor gjerdene til eit av husa på Kinna, vest for Hoem.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Arts- og strukturmessig minner marka mest om naturbeitemark, og den blir derfor beskrive som det, sjølv om lokaliteten i dag blir hevd med slått. Slåttemarka er av den fattige, friske typen (T32-5 etter NiN 2.0), med svake spor av intensiv hevd (HI-e).

**Artsmangfold:** Lokaliteten har nokre typiske engartar som prestekrage, ryllik, smalkjempe, blåklokke, legeveronika, harerug, blåknapp og heiblåfjør, og dei to beitemarksoppane kritvokssopp og

kjeglevokssopp vart funne i 2015. I 1999 vart det registrert lillabrun raudspore (VU) i området, men den vart antagelig funne utanfor denne lokaliteten (Jordal 2000). Andre artar er firkantperikum og stjernespora raudspore. Ein del kvitkløver indikerar at det er noko nitrotroft her.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten blir ikkje beita, men antakeleg slått med plenklippar opp til nokre gongar i året. Den er noko gjødselspåverka.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Det er ganske store, opne områder med beitemark ved Kinna, men dei er i stor grad påverka av gjødsel. Nærmaste registrerte verdifulle kulturmark er ei naturbeitemark på Svanavollen ca 1 km sørvest for lokaliteten.

**Verdivurdering:** Lokaliteten oppnår lav vekt for storleik og tilstand, og vurderast dermed å under tilv oppnå verdi C – lokalt viktig.

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om enga blir hevda med beite eller slått. Ein bør ikkje gjødsle marka.



Figur 28 Raud strek viser omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

#### 15009 Osmarka: Litlvatnet aust

IID: BN00001851

**Naturtype:** A11 Kystmyr

**Delnaturtype:** A1105 Anna kystmyr

**Verdi:** B (viktig)

**Feltsjekk:** 18.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Kristin Wangen den 11.12.2015, basert på feltarbeid utført den 18.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Skildring og verdsetting er basert på siste utkast (27.11.2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen & Hilmo 2015). Lokaliteten overlapper med den gamle naturbaselokaliteten Osmarka: Åslitvatnet med IID BN00001851 (Jordal 2000), og erstatter denne. Den gamle skildringa er basert på Moen (1984).

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Avgrensinga gjeld eit område med kystmyr mellom Aspåsmyran naturreservat og Litlvatnet, og er del av eit større myrkopleks. I aust og sør grensar delar av myra mot grøfter i samband med ein grusveg og dyrkamarker. I vest grensar lokaliteten mot grøfta myr som er planta til med furu. Elles er lokaliteten avgrensa mot fattig myr- og sumpskog (V2) og furu-dominert blåbærskog (T4-1).

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Det meste av myra er ombrotrof myr (60 %; V3), med innslag av svært fattig (38 %) til intermediær (2 %) jordvannsmyr (V1). Myra kan karakteriseraast som flatmyr (jordvassmyr) og planmyr (ombrotrof myr) i dei flate områda, med bakkemyr i kantane, moglegvis som terrengdekkande myr (etter Moen (2011)). Det meste er av typen fastmatte og tue, men det er også større områder med mjukmatte. Det er ein diffus og glidande overgang frå myrflate til fattig myr- og sumpskog (V2), med øyer av blåbærskog (T4-1), som er tresatt med furu (8 % totalt er ikkje kystmyr).

**Artsmangfold:** Nedbørsmyra er dominert av torvmosar, bjønnskjegg og rome, og elles trivielle kystmyrsartar som klokkeling, kvitlyng, dvergbjørk, heigråmose, reinlav og tepperot. På jordvannsmyr kjem det inn artar som pors, duskull, blåtopp, blåknapp, og i våtare parti bukkeblad og flaskestarr. I intermediære parti vart det registrert myrstjernemose, myrklegg og trådstarr.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Det er gjort inngrep i form av grøfting og oppdyrking langs randen av nesten heile lokaliteten.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten er del av eit stort myrkopleks som også inkluderar Aspåsmyran naturreservat. Myrkoppekset består i stor grad av nedbørsmyr (V3) og svært fattig jordvassmyr (V1), samt ein del myr- og sumpskog (V2).

**Verdivurdering:** Basert på siste utkast av faktaark til kystmyr oppnår lokaliteten høg vekt for storleik (241 daa med kystmyr), middels vekt for typevariasjon (anna kystmyr) og tilstand/hydrologi (svakt påverka), og lav vekt for biogeografi (nordboreal sone). Ut frå desse parameterane oppnår lokaliteten verdi B – viktig.

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om grøfter blir tetta igjen, og myra elles får stå urørt.



Figur 29 Det raude polygonet i aust viser omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

#### **15010 Osmarka: Litlvatnet vest**

**IID:** Ny

**Naturtype:** A11 Kystmyr

**Delnaturtype:** A1105 Anna kystmyr

**Verdi:** B (viktig)

**Feltsjekk:** 18.09.2015

#### **Beskriving**

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning den 02.11.2015, basert på eige feltarbeid utført den 18.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Skildring og verdssetting er basert på siste utkast (27.11.2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Raudlis-testatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen & Hilmo 2015). Lokaliteten overlapper med den gamle naturbaselokaliteten Osmarka: Åslitvatnet med IID BN00001851 (Jordal 2000), og skiljast ut frå denne. Den gamle skildringa er basert på Moen (1984).

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Avgrensinga gjeld eit område med kystmyr mellom Fosterlågen og Litlvatnet, og er del av eit større myrkopleks som inkluderar Aspåsmyra naturreservat.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Det meste av myra (særleg sør for Kjerringelva) er ombrotrof myr (65 %; V3), med innslag av svært fattig (20 %) til nokså fattig (8 %) jordvassmyr (V1; mest nord for elva). Eit område med intermediaær til nokså kalkrik mjukmatte- og fastmattemyr (2 %) finst like vest for Litlvatnet der Kjerringelva renn ut i vatnet. Myra kan karakteriserast som flatmyr (jordvassmyr) og planmyr (ombrotrof myr) i dei flate områda, med bakkemyr i kantane, moglegvis som terregndekkande myr (etter Moen (2011)). Delnaturtype vert dermed anna kystmyr. Bakkemyra er stort sett av typen fastmatte og tue, medan planmyra og flatyra også har ein del mjukmatte. Det er ein diffus og glidande overgangen frå myrflate til fattig myr- og sumpskog (V2), med

øyer av blåbærskog (T4-1) (5 % ikkje kystmyr til saman). Desse er tresatt med furu. Særleg langs Kjerringelva er ein del blåbærskog.

**Artsmangfald:** Nedbørsmyra er dominert av torvmosar, bjønnnskjegg og rome, og elles trivielle kystmyrsartar som klokkeling, kvitlyng, røsslyng, dvergbjørk, heigråmose, reinlav og tepperot. På jordvassmyr kjem inn artar som pors, stjernestarr, blåtopp, duskull, myrkråkefot og i fuktigare parti flaskestarr, bukkeblad og elvesnelle. I det intermediære til nokså kalkrike området vest for Litlvatnet har kjem det inn myrklegg, kornstarr, myrstjernemose, raudmakkmose, stormakkmose, fjellsprakemose, blystarr og trådstarr, som er dominerande. Nokså fattige sig dominert av trådstarr finst fleire stadar i nordvestre delar av lokaliteten.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Vest for Litlvatnet er eit større grøfta myrområde som er planta til med furu, men dette påverkar truleg ikkje lokaliteten i særleg stor grad. Grøfta myr i ulike gjengroingsstadier har ein også andre stadar langs randen av lokaliteten, særleg i sørvest.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten er del av eit stort myrkompleks som også inkluderar Aspåsmyran naturreservat. Myrkomplekset består i stor grad av nedbørsmyr (V3) og svært fattig jordvassmyr (V1), samt ein del myr- og sumpskog (V2).

**Verdivurdering:** Basert på siste utkast av faktaark til kystmyr oppnår lokaliteten høg vekt for storleik (589 daa med kystmyr), middels vekt for typevariasjon (anna kystmyr) og tilstand/hydrologi (svakt påverka), og lav vekt for biogeografi (nordboreal sone). Ut frå desse parameterane oppnår lokaliten verdi B – viktig.

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om grøfter blir tetta igjen, og myra elles får stå urørt.



Figur 30 Raud strek viser omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

#### 15011 Stokkedalen: Furuhaugen

**IID:** BN00001801

**Naturtype:** A05 Rikmyr

**Delnaturtype:** A0507 Skog-/krattbevokst intermediær- og rikmyr i låglandet (NB-SB)

**Verdi:** B (viktig)

**Feltsjekk:** 18.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning den 19.10.2015, basert på feltarbeid utført den 18.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Skildring og verdsetting er basert på siste utkast (27.11.2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen & Hilmo 2015). Lokaliteten erstattar den gamle naturbaselokaliteten Storlandet: Stokkedalen/Storåsen med IID BN00001801 (Jordal 2000). Den gamle skildringa er basert på Holten (1978).

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Avgrensinga gjeld eit område med rikmyr innanfor eit myrkopleks øvst i Stokkedalen. Området ligg i mellomboreal sone.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Det er snakk om rik myrkant av typen fastmatte og mjukmatte som etter NiN 2.0 antakeleg kan beskrivast som nokså rik mjukmate og nedre fastmatte i myrkant (V1-27). I tørrare parti er myra tresatt, og kratt av bjørk og dvergbjørk finst spreidd på myra. Den blir derfor beskrive som delnaturtypen skog- /krattbevokst intermediær- og rikmyr i låglandet.

**Artsmangfald:** Det vart registrerte fleire meir eller mindre kalkkrevande artar, som myrstjerne-mose, raudmakkmosse, dvergjamne, brunmakkmosse, bogetvebladmose, sumpbroddmose, skogsiv, myrsaulauk, fjellsnelle, sær bustorr og beitestorr, i tillegg til meir intermediære og trivielle artar som stor myrmaure, paddesiv, elvesnelle, flaskestarr, kornstarr, blåtopp, myrhatt, blåtopp, slåttestorr, og bukkeblad. Fjellsnelle er eit spesielt funn sidan den er regionalt sjeldan.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Ei kraftlinje kryssar lokaliteten i sørvest, og trea i traseen høgd i den samanheng. Elles er det bygd ein veg i nordvestre del av myrkomplekset, men denne påverkar ikkje rikmyra.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten er del av eit større myrkompleks øvst i Stokkedalen som stort sett er fattig til intermediær myrkant, og med nokre litt rikare myrsig.

**Verdivurdering:** Lokaliteten oppnår låg vekt for storleik (4,3 daa), middels vekt for kjenneteiknande artar, og landskapsøkologi, og høg vekt for tilstand. Basert på faktaarket for rikmyr vurderast den dermed å ha verdi B – viktig.

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får stå urørt utan fysiske inngrep.



Figur 31 Raud strek viser omtala lokalitet. Blå strek viser deler av avgrensinga til den gamle lokaliteten.

#### 15012 Torvikbukt

**IID:** BN00001820

**Naturtype:** G05 Strandeng og strandsump

**Delnaturtype:** G0520 Naturlig strandeng

**Verdi:** C (lokalt viktig)

**Feltsjekk:** 05.10.2015

### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning den 06.10.2015, basert på feltarbeid utført den 05.10.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Skildring og verdsetting er basert på siste utkast (06.11.2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen & Hilmo 2015). Lokaliteten overlappar med den gamle naturbaselokaliteten Torvikbukt med IID BN00001820 (Jordal 2000) og erstattar denne. Den gamle skildringa var basert på eige feltarbeid (03.07.2000).

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Strandenga ligg mellom Torvikbukt småbåthamn, Øra stadion og munningen av Torvikelva. Lokaliteten er ein rest av eit tidlegare større strandengområde ved munningen av Torvikelva som no er bygd ned.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Strandenga består i hovudsak av blåtoppeng og raudsvingeleng som ligg i øvre geolittoral (T12-3) men har også innslag av strandeng i midtre/nedre geolittoral (T12-med saltsiveng).

**Artsmangfold:** Artsmangfoldet er ganske trivielt. I den øvre strandenga finst artar som kveke, tiriltunge, strandrug, gåsemure, strandkjeks, småengkall og hanekam. Etter kvart som ein går mot midtre og nedre geolittoral dukkar det opp artar som saltsiv, skogsiv, skjørbuksurt, paddesiv, fjøresaulauk, strandkjempe og strandkryp. Jordal (2000) nemner også strandsmelle.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Sjølve lokaliteten er intakt, men det er utfyllingar helt inntil lokaliteten i sør og aust. Lokaliteten er ikkje tilknytta kulturlandskap, så den blir ikkje beita.

**Framande artar:** Ein stor busk av rukkerose.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten er ein av få strandenglokalitetar i kommunen.

**Verdivurdering:** Lokaliteten oppnår lav vekt for storleik (0,9 daa) og tilstand (ikkje beitettrykk), og lav til middels vekt for artsmanifold. Dermed oppnår lokaliteten verdi C - lokalt viktig.

**Skjøtsel og omsyn:** Den store rukkerosebuska kan med fordel fjernast. Elles er det beste for naturverdiane om loaliteten får stå urørt utan fysiske inngrep.



Figur 32 Raud strek viser omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

### 15013 Øre: Orskogteigen

**IID:** BN00001834

**Naturtype:** D05 Hagemark

**Delnaturtype:** D0511 Rik hagemark med edellauvtre

**Verdi:** C (lokalt viktig)

**Feltsjekk:** 05.10.2015

### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning den 15.10.2015, basert på feltarbeid utført den 05.10.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Skildring og verdsetting er basert på siste utkast (27.11.2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen & Hilmo 2015). Lokaliteten overlappar med den gamle naturbaselokaliteten Øre: Rådalen med IID BN00001834 (Jordal 2000) og erstattar denne. Den gamle skildringa er basert på undersøkingane til Holten (1979).

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg på finkorna lausmasser i ei bratt, sørvestvendt liside på austsida av Skeisdalen ovanfor Orskogteigen. Den grensar mot planta granfelt i sør og i nord. I nedkant grensar den mot gråor-kratt, deretter beiteskog, og i overkant/aust er ein gradvis overgang til meir bjørkedominert skog, avgrensinga her er noko usikkjer.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Avgrensinga gjeld eit område med rik hagemark med edellauvre der hassel er det dominerande treslaget. Det er usikkert kor rik marka er då det er få artar å bygge på. Etter NiN 2.0 blir dette seminatural eng (T-32) med tresjiksdekning på mellom 25-50 % (TT-6) og feltsjiksdekning på 75-100 %.

**Artsmangfald:** Mykje sølvbunke i feltsjiktet indikerar at skogen har blitt brukt til beite. Elles vart det funne skogsartar som fugletalg, skogburkne og gauksyre, og nokre stadar myske, der sistnemnde indikerar i vertfall flekkvis rik mark. Det er potensial for kravfulle artar knytt til hassel. Utanom hassel finst treslag som or, bjørk, selje, hegg, osp og rogn. Bjørk er somme stadar dominerande, særleg i øvre del av lokaliteten.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Hevdintensiteten er usikkjer, men intrykket er at hevden har opphört, og at artssamansetninga no er på veg til å bli meir typisk for skog (antakeleg GG4 etter NiN 1.0). Kyr beitar i skogen nedom denne lokaliteten, men beitar sannsynlegvis lite/ikkje innanfor lokaliteten, noko som gjer at engpreget er på veg til å forsvinne. Det er uvisst om hasseltrea har blitt hausta, men dei er stort sett velutvikla og kraftige. Planta granfelt finst på begge sider av lokaliteten, og spreiing frå desse er ein trussel.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Lisida består i stor grad av blandingslauvskog med svak lågurt og storbregnepreg, men fleire områder er planta med gran, og områder av rik edellauvskog finst nokon stadar. I nedre del mot dalen er ein del beiteskog.

**Verdivurdering:** Lokaliteten oppnår lav vekt for typevariasjon, tilstand (GG4, sein gjengroingsfase med restaureringspotensiale), landskapsøkologi (<2km i luftlinje til nærmeste registrerte verdifulle kulturmark på Sjømælingssetra, og aktivt hold av kyr like nedanfor lokaliteten) og antakeleg middels vekt for påverknad (truleg opphør av beite for 10-30 år sidan). Høg vekt vert oppnådd for storleik (15,5 daa). Dermed oppnår lokaliteten verdi lokalt viktig – C.

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om hagemarka blir moderat beita, og anna skjøtsel i form av styving tilbakeskjæring kan vurderast. Elles bør ein unngå gjødsling.



Figur 33 Raud strek viser omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

## **15014 Øre: Sjømælingssetra**

**IID:** BN00001839

**Naturtype:** D04 Naturbeitemark

**Delnaturtype:** D0430 Fattig beiteeng

**Verdi:** C (lokalt viktig)

**Feltsjekk:** 05.10.2015

### **Beskriving**

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning den 14.10.2015, basert på feltarbeid utført den 05.10.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Skildring og verdsetting er basert på siste utkast (07.11.2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen & Hilmo 2015). Lokaliteten overlappar med den gamle naturbaselokaliteten Øre: Skeisdalen: Sjømælingsetra med IID BN00001839 (Jordal 2000) og erstattar denne. Den gamle skildringa var basert på eigne feltundersøkingar den 04.10.1999.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Avgrensinga gjeld naturbeitemara som høyrer til Sjømælingssetra sørvest for Skeisdalen ved Øre. Setra og tilhøyrande naturbeitemark ligg oppå ein rygg som er omkransa av fattig myr, fattig blandingslauvskog dominert av bjørk, og granplantefelt.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Naturbeitemarka er relativt næringsrik, særleg ved husa der det veks stornesle og sølvbunke. Naturbeitemarka har både sølvbunkeeng og finnskjeggeng, men det meste er frisk relativt nitrotrof eng, noe som gjør at det er vanskelig å si noe om hvor kalkrik den er. Derfor blir den her klassifisert som delnaturtype fattig beiteeng (T32-3 intermediær eng med svært ekstensivt hevdpreg etter NiN 2.0).

**Artsmangfold:** Registrerte artar er soleie, følblom og legeveronika i tillegg til finnskjegg og sølvbunke. 04.10.1999 fann Jordal (2000) fann 12 beitemarksoppar, inkludert den raudlista glasblå raudspore (VU), og dei kravfulle artane limvokssopp og blårandraudspore. Denne gongen var det ingen beitemarksopp å finne, som både kan kome av attgroing og gjødsling, men ein dårleg sesong med lite sopp kan også vere ei delvis forklaring.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Naturbeitemarka er delvis i gjengroing med bjørnemosar og einer (antakeleg GG3 etter NiN 1.0), og er delvis påverka av gjødsling. Vollen blir beita av kyr.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Det er få registrerte naturbeitemarker i kommunen.

**Verdivurdering:** Lokaliteten oppnår stor vekt for storleik (3,8 daa), middels vekt for påverknad (truleg svært ekstensiv hevd) og låg vekt for tilstand (Noko gjengrodd, og med noko spor etter gjødsling). Inngangsverdi for artsmanifold og raudlisteartar vart ikkje oppnådd, dermed oppnår lokaliten ikkje verdi C. Potensiale for beitemarksopp ein betre sesong vurderast som til stades, dermed justerast likevel verdien opp til C – lokalt viktig.

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om beite blir oppretthaldt, og at marka ikkje blir gjødsla. Einerkratt og andre småbusker kan med fordel tynnast ut.



Figur 34 Raud strek viser omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

### 15015 Torvikbukt: Trøa

**IID:** Ny

**Naturtype:** A05 Rikmyr

**Delnaturtype:** A0507 Skog-/krattbevokst intermediær- og rikmyr i låglandet (BN-SB)

**Verdi:** C (lokalt viktig)

**Feltsjekk:** 05.10.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning den 16.10.2015, basert på feltarbeid utført den 05.10.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Skildring og verdsetting er basert på siste utkast (27.11.2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen & Hilmo 2015). Lokaliteten er ikkje registrert som naturtypelokalitet tidlegare.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i ein innersving langs vegen i lisida på veg opp mot Orsetsetra. Lokaliteten avgrensast mot vegen, og elles mot myr som ikkje er rik nok til å inkluderast i lokaliteten. Området ligger i sør boreal sone.

**Naturtyper, utformingar og vegetasjonstypar:** Det er snakk om eit mindre område med rik glissen kratt- og tresatt myrkant i helning (V1-29 kalkrik øvre fastmatte og tuenivå i myrkant etter NiN 2.0).

**Artsmangfold:** Furu er det dominerande treslaget, elles noko bjørk. Registrerte artar inkluderar breiull, skogsiv, loppestarr, blåtopp, gulstarr, kornstarr, dvergjamne, myrstjernemose og engstarr. Torvmosar dominarar i botnsjiktet.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten ligg i ein innersving av ein skogsveg, og er redusert i utbreiing av denne. Det har foregått hogst på lokaliteten, og det er moderate til betydelige skader av ferdsel med tunge køyretøy.

**Framande artar:** Ingen registrerte innenfor lokaliteten. I nedkant av vegen er eit planta granfelt.

**Del av heilskapleg landskap:** Det er fleire rike sig i lisida, men myrene er stort sett fattige til intermediære. Elles er det ein del planta granskog og furuskog med blåbærskog- og svak lågurtpreg i lisida. Myra ligg i utkanten av eit område der rikmyr er relativt vanleg.

**Verdivurdering:** Lokaliteten oppnår middels til høg vekt for landskapsøkologi (ikkje langt unna eit område der rikmyr er vanlegare), kjenneteiknande artar og tilstand, og oppnår ikkje inngangsverdi på storleik (4,3 daa). Ut frå matrisene i fataarket oppnår lokaliteten dermed verdi C.

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er dersom inngrepa som har ein grøftingseffekt i overkant vert tetta igjen, og kvisthaugar på lokaliteten vert fjerna manuellt, utan bruk av tunge køyretøy. Elles bør få stå urørt utan fysiske inngrep.



Figur 35 Raud strek viser den omtalte lokaliteten.

#### 15049 Svanavollen

**IID:** BN00001826

**Naturtype:** D04 Naturbeitemark

**Delnaturtype:** D0430 Fattig beiteeng

**Verdi:** B (viktig)

**Feltsjekk:** 02.09.2015

## Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 22.02.2016, basert på Jordal & Gaarder (1997, undersøkt 17.09. og 18.10.1996), Jordal (2000, undersøkt 03.10.1999) og eige feltarbeid utført den 02.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-handbok 13, men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg på austsida av Reinsfjellet, på ei lita høgd inst i dalføret langs Hoemselva, med Kinna som nærmeste nabo. Staden er nemnt som gard alt på slutten av 1500-talet, men vart aude frå 1699. I 1645 fødde dei 2 hestar, 12 vaksne kyr, 3 kviger, 12 sau og 12 geiter. Dette er altså opprinnleig ein markagard. Etter 1701 har Svanavollen vore seter for 5-6 gardar. Derfor er det også mange hus her i dag. Setringa tok slutt i 1945 (kjelde: Gards- og ættesoge for Tingvoll, band 1). Han grensar til bjørkeskog, fattig myr og litt planta gran. Berggrunnen består av glimmergneis og glimmerskifer ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt, og er noko endra.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Naturtypen er naturbeitemark (tilhører kulturmarkseng som er VU på raudlista for naturtypar 2011). På det som i dag er open setervoll er det ein god del einer og lystmark i nedre del. På vollen elles er det mykje engkvein- og gulaks-dominert vegetasjon, og litt sølvbunkeeng. Lokaliteten er omtrent trelaus. Etter NiN 2.0 har lokaliteten seminaturleg eng av type T32-C-4 - intermediær eng med klart hevdpreg. Treslag rundt og på vollen: bjørk, einer, gran.

**Artsmangfald:** Av planter kan nemnast finnskjegg, lækjeveronika og tepperot. Totalt vart det i 1996 og 1999 funne 9 artar beitemarkssopp, av desse fem vokssopp-artar. Glasblå raudspore *Entoloma caeruleopolitum* (VU) vaks her i 1999.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Det blir slått rundt nokre av seterhusa, elles er vollen beita av streifande sau, og beitetrykket er relativt bra. Lokaliteten er truleg ikke gjødsla i nyare tid. Eventuelle spor etter slik påverknad frå lengre tid tilbake er no i ferd med å bli viska ut. Det er fire nyare hytter på vollen.

**Framande artar:** Ingen registrerte, men planta gran finst i kanten.

**Del av heilskapleg landskap:** Naturbeitemark finst nokså spreidd og fragmentert i distriktet samanlikna med tidlegare.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: høg, raudlisteartar (pr. 2015): middels, arts mangfald: låg, tilstand: middels og påverknad: høg. Lokaliteten får dermed verdi B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det er ønskjeleg å halda vegetasjonen ved like. Den enkleste måten å oppnå dette på er ved framhaldande beiting (evt. sein slått), tynning av einer og litt rydding av buskar og tre i kantane. Ein bør ikkje gjødsle marka.



Figur 36 Raud strek indikerar omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

#### 15050 Varviksetra

IID:	Ny
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Delnaturtype:	D0430 Fattig beiteeng
Verdi:	C (lokalt viktig)
Feltsjekk:	02.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 22.02.2016, basert på eige feltarbeid utført den 02.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-handbok 13, men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 og raudlista for artar 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg på vestsida av Varvikvatnet ikkje langt frå Flemma. Han grensar til bjørkeskog, til Varvikvatnet og litt rik myr. Berggrunnen består av gneis (ikkje inn delt) med lokale innslag av amfibolitt mm. ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Naturtypen er naturbeitemark (tilhøyrer kulturmarkseng som er VU på raudlista for naturtypar 2011). Vegetasjonen var for det meste dominert av frisk, fattig eng med gulaks og engkvein. Lokaliteten er omtrent trelaus. Etter NiN 2.0 har lokaliteten

seminaturleg eng av type T32-C-4 - intermediær eng med klart hevdpreg. Treslag rundt og på vollen: gråor, bjørk, einer, furu.

**Artsmangfald:** Av planter er det verdt å nemna aurikkelsvæve, blåklokke, finnskjegg, harerug, lækje-veronika og tepperot. Det kan vera potensiale for einskjelde beitemarkssoppar.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten blir beita av streifande sau. Ingen seterhus finst her lenger. Lokaliteten er truleg ikke gjødsla i nyare tid. Eventuelle spor etter slik påverknad frå lengre tid tilbake er no i ferd med å bli viska ut.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Naturbeitemark finst nokså spreidd og fragmentert i distriktet samanlikna med tidlegare.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: høg, raudlisteartar (pr. 2015): ingen, arts Mangfald: låg, tilstand: middels og påverknad: høg. Lokaliteten får dermed verdi C (lokalt viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om lokaliteten blir beita. Ein bør ikkje gjødsle marka.



Figur 37 Raud strek indikerar omtala lokalitet.

#### 15051 Flemsetra

**IID:** BN00001831

**Naturtype:** D04 Naturbeitemark

**Delnaturtype:** D0430 Fattig beiteeng

**Verdi:** C (lokalt viktig)

**Feltsjekk:** 08.09.2015

## Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 22.02.2016, basert på Jordal (2000, befart 04.10.1999) og eige feltarbeid utført den 08.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-handbok 13, men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 og raudlista for artar 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Flemsetra er ein mindre setervoll som ligg inne i skogen i lia aust for Flemsetervatnet. Han grensar til bjørkeskog. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt) med lokale innslag av amfibolitt mm. ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt og er noko endra.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Naturtypen er naturbeitemark (tilhører kulturmarkseng som er VU på raudlista for naturtypar 2011). Vegetasjonen har frisk, fattig eng med gulaks og engkvein, litt sølvbunkeeng, mykje daudgras, oppslag av småbjørk i kantane og utover vollen, spreidd einer og litt bringebær. Etter NiN 2.0 har lokaliteten seminaturleg eng av type T32-C-4 - intermediaær eng med klart hevdpreg. Treslag rundt og utover vollen: bjørk, einer, furu, rogn og øyrevarier.

**Artsmangfold:** Av planter er det verdt å nemna blåknapp, finnskjegg, fjelløyentrøst, harerug, hårsveve, kornstorr, lækjeveronika, smalkjempe og tepperot. Tidlegare er det også funne fire vanlege beitemarkssoppar (Jordal 2000).


**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten blir beita av streifande sau men beitetrykket er svakt og lokaliteten er i attgroing. Lokaliteten er truleg ikke gjødsla i nyare tid. Eventuelle spor etter slik påverknad frå lengre tid tilbake er no i ferd med å bli viska ut. Tre nyare hytter.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Naturbeitemark finst nokså spreidd og fragmentert i distriktet samanlikna med tidlegare.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: høg, raudlisteartar (pr. 2015): ingen, arts mangfold: låg, tilstand: middels og påverknad: høg. Lokaliteten får dermed verdi C (lokalt viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om lokaliteten blir beita. Ein bør ikkje gjødsle marka.



Figur 38 Raud strek indikerar omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

### 15052 Innergardssetra

IID:	BN00001859
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Delnaturtype:	D0430 Fattig beiteeng
Verdi:	B (viktig)
Feltsjekk:	08.09.2015

### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 22.02.2016, basert på Jordal (2000, siste besøk 08.10.1999) og eige feltarbeid utført den 08.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-handbok 13, men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0. Raudlistestatus for artar følger norsk raudliste frå 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Innergardssetra ligg i ei slak sørvendt li aust for Gammelsetra, og noko lenger frå Silsetvatnet. Han grensar til bjørkeskog, myrar og boreal hei, og noko granplantefelt. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt) med lokale innslag av glimmergneis, glimmerskifer og amfibolitt ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt og er noko endra.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Naturtypen er naturbeitemark (tilhører kulturmarkseng som er VU på raudlista for naturtypar 2011). Vegetasjonen er nokså ueinsarta med litt sølvbunkeeng, noko grasmark med engkvein og kvitkløver (dominerande), litt finnskjegg-eng, litt fukteng med trådsiv og stjernestorr, fattigmyr med bjønnskjegg og duskull, vidare steinutgardar

med skogburkne rundt og litt blåbærlyng/boreal hei og einerbuskmark. Somme parti verkar litt nitrofile. Det er mykke engkransmose i botnen. Lokaliteten er omtrent trelaus. Etter NiN 2.0 har lokaliteten seminaturleg eng av type T32-C-4 - intermediær eng med klart hevdpreg. Treslag rundt og på vollen: bjørk, einer, gran.

**Artsmangfald:** Av planter er det verdt å nemna aurikkelsveve, blåklokke, blåkoll, fjelltimotei, harerug, heiblåfjør, lækjeveronika og småengkall. Tidlegare er det også funne 17 artar av beitemarksopp, mellom desse 10 vokssoppartar. Her kan nemnast gul småfingersopp, musserongvokssopp *Hygrocybe fornicata* (NT), lutvokssopp *H. nitrata* (NT) og glasblå raudspore *Entoloma caeruleopilotum* (VU) (Jordal 2000).


**Bruk, tilstand og påverknad:** Det er planta gran fleire stader på og inntil vollen. Lokaliteten blir beita av streifande sau. Lokaliteten er truleg ikke gjødsla i nyare tid. Eventuelle spor etter slik påverknad frå lengre tid tilbake er no i ferd med å bli viska ut. Fleire seterhus er modernisert/nybygd, og nokre er inngjerda. Inngjerda område vert ikkje lenger beitt, men gjerne slått.

**Framande artar:** Planta gran.

**Del av heilskapleg landskap:** Naturbeitemark finst nokså spreidd og fragmentert i distriktet samanlikna med tidlegare.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: høg, raudlisteartar (pr. 2015): middels, arts mangfald: låg, tilstand: middels og påverknad: høg. Lokaliteten får dermed verdi B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om lokaliteten blir beita. Ein bør ikkje gjødsle marka.



Figur 39 Raud strek indikerar omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

## 15053 Nåstadsetra (Torkilsbu)

<b>IID:</b>	BN00001853
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark
<b>Delnaturtype:</b>	D0430 Fattig beiteeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Feltsjekk:</b>	08.09.2015

### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 22.02.2016, basert på Jordal (2000, befart 08.10.1999) og eige feltarbeid utført den 08.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-handbok 13, men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Nåstadsetra (tidlegare kalla Torkilsbu) er ein gammal setervoll oppå ei høgd sørvest for fjella Mana og Randa på Silsetfjellet, ca. 1 km aust for Innergardssetra ved Silsetvatnet. Han grensar til bjørkeskog (for det meste ung) og litt granplantefelt. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt) med lokale innslag av glimmergneis, glimmerskifer og amfibolitt ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto (dårleg kvalitet) og GPS-målingar i felt og er noko endra.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Naturtypen er naturbeitemark (tilhører kulturmikseng som er VU på raudlista for naturtypar 2011). Setervollen er av vanleg type i distriktet med innslag av sølvbunkeeng, gulaks-engkvein-eng, litt oppslag av vier og småbjørk, og litt nitrofil vegetasjon ved husa. Lokaliteten er omtrent trelaus. Etter NiN 2.0 har lokaliteten seminaturleg eng av type T32-C-4 - intermediær eng med klart hevdpreg. Treslag rundt og på vollen: bjørk, einer, sitkagranc. Lia nedanfor (ikkje avgrensa) er ei gammal slåtteli.

**Artsmangfald:** Av planter er det verdt å nemna blåkoll, finnskjegg, fjellaugnentrøst, harerug, heiblåfjør, kvitsymre. Tidlegare er det også funne aurikkelsvæve, jáblom, kattefot, kornstorr og kvitmaure. Det vart i 1999 funne 13 artar av beitemarksopp, av desse 8 vokssoppartar. Her kan nemnast halmgul køllesopp *Clavaria flavipes* (VU), grå småfingersopp *Clavulinopsis umbrinella* (NT), limvokssopp *Hygrocybe glutinipes*, lutvokssopp *H. nitrata* (NT), lillabrun raudspore *Entoloma porphyrophaeum* (VU), og glasblå raudskivesopp *E. caeruleopolitum* (VU) (Jordal 2000).


**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten blir svakt beita av streifande sau (i 1999 også storfe) men beitetrykket er lågt. Det er attgroingstendensar med oppslag av busker m.m. Lokaliteten er truleg ikke gjødsla i nyare tid. Eventuelle spor etter slik påverknad frå lengre tid tilbake er no i ferd med å bli viska ut. Hytta er modernisert (ikkje med i avgrensinga).

**Framande artar:** Sitkagran er planta rundt, delvis hogd.

**Del av heilskapleg landskap:** Naturbeitemark finst nokså spreidd og fragmentert i distriktet samanlikna med tidlegare.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: middels, raudlisteartar (pr. 2015): høg, artsmanfald: låg, tilstand: middels og påverknad: høg. Lokaliteten er i attgroing og det er derfor noko usikkert om raudlisteartane (som alle vart funne i 1999) finst framleis, men basert på føre-var-prinsippet går ein ut frå at dei finst. Etter desse føresetnadene får lokaliteten verdi B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om lokaliteten blir beita. Ein bør ikkje gjødsle marka.



Figur 40 Raud strek indikerar omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

#### 15054 Stokkåsen

IID:	BN00001866
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Delnaturtype:	D0430 Fattig beiteeng
Verdi:	B (viktig)
Feltsjekk:	08.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 22.02.2016, basert på Jordal & Gaarder (1997, befart 19.09.1996) og Jordal (2000, befart 08.10.1999) og eige feltarbeid utført den 08.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-handbok 13, men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Stokkåsen (på eit lokalt skilt sto Hamballåsen) er ein gammal markagard som ligg i ei sørhelling aust for sørenden av Silsetvatnet, ca. 360 meter over havet. Han grensar til bjørkeskog og plantefelt med sitkagran. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt) ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt og er noko endra.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Naturtypen er naturbeitemark (tilhøyrer kulturmarkseng som er VU på raudlista for naturtypar 2011). Her finst noko sølvbunkeeng, ein del gulaks-

eller finnskjeggdominert grasmark og litt blåbærvegetasjon (boreal hei som attgroingsstadium). Lokaliteten er omtrent trelaus. Det vart i 1996 lagt ut ei 10x10 meters analyserute med 35 karplanteartar. Her dominerte engkvein, gulaks, kvitkløver, tepperot, smalkjempe, engsoleie, blåbær, myrfiol og sølvbunke (Jordal & Gaarder 1997). Etter NiN 2.0 har lokaliteten seminaturleg eng av type T32-C-4 - intermediær eng med klart hevdpreg. Treslag rundt og på vollen: bjørk, einer, rogn, hegg, sitkagran.

**Artsmangfold:** Av planter er det verdt å nemna aurikkelsveve, blåklokke, finnskjegg, heiblåfjør, hårsvæve, smalkjempe. Tidlegare er det også funne jonsokkoll, småengkall og hårvæve. Det er på 1990-talet funne 18 artar av beitemarkssopp, av desse 13 vokssoppartar. Her kan nemnast halmgul køllesopp *Clavaria flavipes* (VU), limvokssopp *Hygrocybe glutinipes*, musserongvokssopp *H. fornicate* (NT), skifervokssopp *H. lacmus* (NT), gulfotvokssopp *H. flavipes* (NT) og glasblå raudspore *Entoloma caeruleopolitum* (VU) (Jordal 2000).


**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten blir beita av streifande sau, i 1999 også storfe, noko svakt beitetrykk i 2015. Det er hogd noko planta sitkagran som har opna opp deler av lokaliteten på nytt (tidlegare beitemark). Lokaliteten er truleg ikke gjødsla i nyare tid. Eventuelle spor etter slik påverknad frå lengre tid tilbake er no i ferd med å bli viska ut.

**Framande artar:** Sitkagran finst planta i kantane, noko er felt slik at arealet er tilbakeført til beitemark.

**Del av heilskapleg landskap:** Naturbeitemark finst nokså spreidd og fragmentert i distriktet samanlikna med tidlegare.

**Verdivurdering:** Ein går ut fra at dei beitemarkssoppene som er registrert tidlegare framleis finst her. Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: høg, raudlisteartar (pr. 2015): høg, arts mangfold: låg, tilstand: middels og påverknad: høg. Lokaliteten får dermed verdi B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om lokaliteten blir beita. Streifbeiting fjernar ein del av produksjonen, men det er attgroingstendensar, grasmark blir til blåbærlyng og arealet minkar. Dersom det er råd å få til, kunne det vera positivt med ljåslått og fjerning av graset med visse års mellomrom. I tillegg kunne det vere fjerna noko busker og tre i kantane, særleg sitkagran. Ein bør ikkje gjødsle marka.



Figur 41 Raud strek indikerar omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

### 15055 Gammelsetra

<b>IID:</b>	BN00001861
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark
<b>Delnaturtype:</b>	D0430 Fattig beiteeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Feltsjekk:</b>	08.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 22.02.2016, basert på Jordal (2000, befart 19.09.1996 og 03.10.1999) og eige feltarbeid utført den 08.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-handbok 13, men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0. Raudlistestatus for artar følger norsk raudliste frå 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Gammelsetra ligg fritt til i sørhellinga på ei høgd aust for Silsetvatnet, 370-390 meter over havet. Det er fleire nyare hytter i området. Han grensar til bjørkeskog og fattig myr. Berggrunnen består av glimmergneis og glimmerskifer ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt og er noko endra.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Naturtypen er naturbeitemark (tilhøyrer kulturmikseng som er VU på raudlista for naturtypar 2011). Vollen har ein del sølvbunkeeng, finnskjegg-dominerte parti, litt engkvein/gulaks-eng og litt blåbærhei. Lokaliteten er omtrent trelaus. Etter NiN 2.0 har lokaliteten seminaturleg eng av type T32-C-4 - intermediaer eng med klart hevdpreg. Treslag rundt og på vollen: bjørk, einer.

**Artsmangfold:** Av planter er det verdt å nemna aurikkelsvæve, heiblåfjær, harerug, kystmyrklegg, smalkjempe. Tidlegare er det også funne 13 artar av beitemarkssopp, av desse 10 vokssoppartar. Her kan nemnast limvokssopp *Hygrocybe glutinipes*, lutvokssopp *H. nitrata* (NT) og glasblå raudspore *Entoloma caeruleopolitum* (VU) (Jordal 2000).


**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten blir beita av streifande sau og storfe (både 1999 og 2015), men beitetrykket er noko lågt. Lokaliteten er truleg ikke gjødsla i nyare tid. Eventuelle spor etter slik påverknad frå lengre tid tilbake er no i ferd med å bli viska ut.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Naturbeitemark finst nokså spreidd og fragmentert i distriktet samanlikna med tidlegare.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: høg, raudlisteartar (pr. 2015): middels, arts mangfold: låg, tilstand: middels og påverknad: høg. Lokaliteten får dermed verdi B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om lokaliteten blir beita. Ein bør ikkje gjødsle marka. Det kan også vera aktuelt med fjerning av buskar og småtre i kantane.



Figur 42 Raud strek indikerar omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

### 15056 Øverjutulen

IID:	Ny
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Delnaturtype:	D0430 Fattig beiteeng
Verdi:	C (lokalt viktig)
Feltsjekk:	16.09.2015

### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 23.02.2016, basert på eige feltarbeid utført den 16.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-handbok 13, men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0. Raudlistestatus for artar følger norsk raudliste frå 2015. Den nærliggjande lokaliteten Jutulen og Øverjutulen (BN00058794) vert sletta pga. endringar sidan 1999: utbygginga av ny E39, og attgroing med skog nedanfor denne.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Øverjutulen er ein gammal husmannsplass som det i dag berre finst restar av i form av opne beitemarker omkransa av lauvskog eit stykke ovanfor den nye E39 eit par

kilometer innover fra Gjemnes mot Batnfjordsøra. Berggrunnen består av amfibolitt mm. ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Naturtypen er naturbeitemark (tilhører kulturmarkseng som er VU på raudlista for naturtypar 2011). Vegetasjonen var for det meste dominert av frisk, fattig eng med gulaks, engkvein, finnskjegg og englodnegras. Lokaliteten er omrent trelaus. Etter NiN 2.0 har lokaliteten seminarurleg eng av type T32-C-4 - intermediær eng med klart hevd-preg. Treslag inntil vollen: bjørk, platanlønn, svartor, gråor, selje og hassel.

**Artsmangfald:** Av planter er det verdt å nemna blåklokke, blåknapp, heiblåfjør, heisiv, kystmyrklegg, smalkjempe, tepperot. Jordal (2000) nemner i den nærliggjande lokaliteten som er sletta frå Naturbase, 14 artar av beitemarkssopp med fleire raudlisteartar. Ein går derfor ut frå at det innanfor den nye lokaliteten også er potensiale for slike artar.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten vart i 2015 beita av streifande sau. Ved besøk på nærliggjande areal i 1996 og 1999 beita det hestar i området. Lokaliteten er truleg ikke gjødsla i nyare tid. Eventuelle spor etter slik påverknad frå lengre tid tilbake er no i ferd med å bli viska ut.

**Framande artar:** Platanlønn spreier seg mykje i området rundt.

**Del av heilskapleg landskap:** Naturbeitemark finst nokså spreidd og fragmentert i distriktet samanlikna med tidlegare.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: høg, raudlisteartar (pr. 2015): ingen, artsmanfald: låg, tilstand: middels og påverknad: høg. Lokaliteten får dermed verdi C (lokalt viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om lokaliteten blir beita. Ein bør ikkje gjødsle marka. Evt. spreiing av platanlønn bør bekjempast.



Figur 43 Raud strek indikerar omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til ein nærliggjande gammal lokalitet som no vert foreslått sletta pga. vegutbygging og attgroing.

### 15057 Gjemnesaksla

IID:	BN00058792
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog
Delnaturtype:	F0103 Lågurt-hasselkratt (60%), F0106 Gråor-almeskog (20%)
Verdi:	B (viktig)
Feltsjekk:	16.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 24.02.2016, basert på Jordal (2000, befart 10.09.1997) og eige feltarbeid utført den 16.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i ei bratt, søraustvendt liside sørvest for Gjemnes gard. Han grensar på alle kantar til skog som ikkje er edellauvskog. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt) i ein overgangssone mot amfibolitt mm. ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt og er noko endra.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lisida består i stor grad av lågurtskog, høgstaudeskog og storbregneskog, med eit betydeleg innslag av hassel og delvis alm slik at lokaliteten vert klassifisert som rik edellauvskog. Elles er det også snakk om blandingslauvskog med lågurt/svak lågurt-preg, samt litt blåbærvegetasjon og storbregner. Av andre treslag førekjem bjørk, einer, ei og anna furu (delvis ganske grove, ca. 80 cm i diameter), hegg, krossved, osp, platanlønn, rogn, selje. Dei fleste almetre står i bratta opp mot ca. 280 m o.h.

**Artsmangfold:** Alm (VU) står spreidd i lisida. Av planter kan nemnast fagerperikum, hengjeaks, hundekveke, kratthumleblom, kusymre, liljekonvall, lundrapp, markjordbær, myske, nattfiol, ragtelg, sanikel, skogfiol, skogsosalat, skogsvinerot, skogvikke, svartertekapp, tågebær, trollurt. På alm: filthinnelav, flishinnelav, lungenever, almeteppemose, broddtråklemose. På selje: skrubbenever. På berg glansperlemose og skjermose. På osp: *Amphisphaerella dispersella* (pyrenomycet spesialisert til osp), og kystfiltlav. Fugl: spettmeis. I 1999 vart det også funne taggbregne.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten har truleg vore nytta til hogst, men lite i nyare tid. Det finst få furugaddar. Alm og osp er opp til 50 cm i stammediameter, Lokaliteten har også vore beita. Over 90% av dei 34 registrerte almetrea i 1999 var skadd av borkgnag av hjort, og i gjennomsnitt var over 50% av stammeomkretsen avbarka. Truleg er fleire av desse nedramla i 2015 (læger).

**Framande artar:** Det framande treslaget platanlønn er i kraftig ekspansjon etter heile lia, mange tre var i 2015 opp mot 50 cm i stammediameter i brysthøgd, og arten er no utbreidd til høgt opp i lia, men er framleis mest vanleg lengst ned. Denne arten utbreier seg på bekostning av heimlege lauvtreslag. Lønna stammar truleg opprinneleg frå Gjemnes gard, der ho vart planta for eit par hundre år sidan og hadde store frøtre rundt 1930, da arten var uvanleg elles i distriktet (Tollan 1937). Lønna har svært stor spreyingsevne og konkurransekraft.

**Del av heilskapleg landskap:** Rik edellauvskog med alm og hassel finst spreidd fleire stader i nærområdet og også elles i kommunen.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: høg, raudlisteartar (pr. 2015): låg, artsmangfald- edellauvskogsplanter: middels, sjeldne eller truga naturtypar: låg, påverknad: middels, habitat-kvalitet: middels, framande artar: låg (nedre)- middels (øvre). Lokaliteten får dermed verdi B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane vil vere om lokaliteten får vere mest muleg utan påverknad. Almeforekomstane bør ikkje utsettast for hogst. Ein bør unngå treslagskifte. Men almen er her først og fremst truga av hjorten. Redusjon av vinterbestanden av hjort vil vera avgjerande for overleving av alm. Eit anna trugsmål kjem frå dei umerkelege endringane i skogane over tid som følge av den kraftige ekspansjonen av platanlønn. Ved evt. hogst bør ein prioritera uttak av platanlønn og la alm og hassel stå att.



Figur 44 Raud strek indikerar omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

#### 15058 Silsetvatnet: under Durmålhaugen

IID:	BN00001850
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog
Delnaturtype:	F0112 Høgstaudemeskog
Verdi:	C (lokalt viktig)
Feltsjekk:	21.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 24.02.2016, basert på Jordal (2000, befart 23.08.1999) og eige feltarbeid utført den 21.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007).

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg ved nordenden av Silsetvatnet. Dette er ei frodig sørvestvendt lauvskogsli under Durmålhagen i høgdeintervallet 300-400 meter over havet. Berggrunnen består av glimmergneis, glimmerskifer og amfibolitt ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt og er noko endra.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lisida har eit betydeleg innslag av hassel og alm (VU) slik at lokaliteten vert klassifisert som rik edellauvskog. Undervegetasjonen er litt storbregner (skogburkne, ormetelg, smørtelg), men mest høgstauder med relativt lite innslag av varmekjære artar, og stadvis litt lågurtvegetasjon. Høgstauder: bringebær, sølvbunke, kvitbladtistel, skogstorkenebb, strandrøyr, vendelrot, sløkje, skogsvinerot, hundekveke, stornesle, gullris, skogrøyrkvein, hundekjeks, skogstjerneblom og geitrams. I meir lågurtprega vegetasjon: skogfiol, hengjeaks, myske, småmarimjelle, engsoleie, blåknapp, tågebær, tviskjeggveronika, markjordbær og gjerdevikke. Det var vart registrert 7-8 almerøter med 20-25 stammar. Almene var stort sett små (5-30 cm i stammediameter, men opptil 50 cm) med varierande skade etter borkgnag av hjort (0-100% av stammeomkretsen fjerna), rundt ein tredel av stammene var daude eller døyande. Av andre treslag førekjem bjørk, einer, gråor, hegg, osp, platanlønn, rogn, selje (opptil 60 cm).

**Artsmangfald:** Alm (VU) står spreidd i lisida. Av planter (skogbotn, småberg) kan nemnast bergfrue, blåklokke, brunrot, engsnelle, hengjeaks, hundekveke, kratthumleblom, liljekonvall, lundrapp, markjordbær, myske, myskegras, rosenrot, skogfiol, skogsvinerot, skogvikke, storklokke, sump-haukeskjegg og tågebær. På alm: flishinnelav, kystårenever, lungenever, puteglye, sølvnever, almeteppemose, broddtråklemose, kalkraggmose, ryemose og blå borkhette.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Skogstrukturen tyder på at lokaliteten har vore nytta til hogst, det er for det meste lågare tredimensjonar. Lokaliteten har også vore beita. Hjortegnag på bork av alm er utbreidd.

**Framande artar:** Såvidt litt platanlønn i nedre del.

**Del av heilskapleg landskap:** Rik edellauvskog med alm og hassel finst spreidd fleire stader i nærområdet og også elles i kommunen.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: høg, raudlisteartar (pr. 2015): låg, arts mangfald- edellauvskogsplanter: låg, sjeldne eller truga naturtypar: låg, påverknad: middels, habitat-kvalitet: middels, framande artar: middels. Lokaliteten får dermed verdi C (lokalt viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane vil vere om lokaliteten får vere mest muleg utan påverknad. Ein bør unngå treslagskifte, og almen bør ikkje hoggast.



Figur 45 Raud strek indikerar omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

#### 15059 Torvikdalen: Haugbulia

<b>IID:</b>	BN00001832
<b>Naturtype:</b>	F01 Rik edellauvskog
<b>Delnaturtype:</b>	F0103 Lågurt-hasselkratt (50%), F0106 Gråor-almeskog (30%)
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Feltsjekk:</b>	21.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 24.02.2016, basert på Jordal (2000, befart 10.09.1997) og eige feltarbeid utført den 21.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Det undersøkte området er ei sørvestvendt li som ligg rundt ein bergnase fram mot fylkesvegen til Torvikbukt, nord for Haugbuen og nokre hundre meter nordvest for Dalen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt) ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt og er noko endra.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lisida består i stor grad av lågurtskog, høgstaude-skog og storbregneskog, med eit betydeleg innslag av hassel og alm (VU) slik at lokaliteten vert klassifisert som rik edellauvskog. Her er spreidde klynger og enkelttre av alm. Terrenget under berget var steinet, med ganske mykje alm, for det meste mindre tre under 30 cm i stammediameter, men opptil 35 cm. Av andre treslag førekjem bjørk, einer, furu, gråor, hegg, osp, platanlønn, rogn, selje. Dominerande er hassel, bjørk og rogn i nedre deler, lengre opp gråor, alm og hassel.

**Artsmangfold:** Alm (VU) står spreidd i lisida. Av planter kan nemnast truleg bergfaks (sjeldan, nær nordgrensa, tidlegare raudlista), brunrot, firblad, haremat, hengjeaks, hundekveke, kranskonvall, kransmynte, kratthumleblom, liljekonvall, lundrapp, markjordbær, myske, skogfiol, skogkarse, skogstjerneblom, skogsvinerot, skogvikke, stankstorkenebb, storklokke, strutsveng, svarteknapp, tågebær, trollbær og vårerteknapp. Lav: grynfiltlav, kystårenever og puteglye på gråor, lungenever på

osp og selje, skrubbenever på selje, og på alm: vanleg blåfiltlav, almeteppemose, flatfellmose og kystbustehette.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Skogstrukturen tyder på at lokaliteten har vore nytta til hogst, det er for det meste lågare tredimensjonar. Lokaliteten har også vore beita.

**Framande artar:** Noko platanlønn registrert, mest i nedre deler. Det vart og funne ei tilsynelatande styva platanlønn med omkrets 154 cm.

**Del av heilskapleg landskap:** Rik edellauvskog med alm og hassel finst spreidd fleire stader i nærområdet og også elles i kommunen.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: høg, raudlisteartar (pr. 2015): låg, artsmangfald- edellauvskogsplanter: middels, sjeldne eller truga naturtypar: låg, påverknad: middels, habitat-kvalitet: middels, framande artar: middels. Lokaliteten får dermed verdi B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane vil vere om lokaliteten får vere mest muleg utan påverknad. Almeforekomstane bør ikkje utsettast for hogst eller treslagskifte.



Figur 46 Raud strek indikerar omtala lokalitet (omfattar ikkje den vesle i nordaust). Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

#### 15060 Torvikdalen: Geithuset-Haugbuhammaren

IID:	Ny
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog
Delnaturtype:	F0103 Lågurt-hasselkratt (50%), F0106 Gråor-almeskog (10%), F0116 Rasmark- og ravine-almeskog (20%)
Verdi:	A (svært viktig)
Feltsjekk:	22.09.2015

## Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 24.02.2016, basert på Jordal (2000) og eige feltarbeid utført den 22.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i ei bratt, vest- til sørvestvendt liside ved Haugbuen (nord for Dalen) i Torvikdalen. Det er noko bratte berghamrar og steinur i øvre del. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt) ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lisida består i stor grad av lågurtskog, høgstaude-skog og storbregneskog, med eit betydeleg innslag av hassel og alm (VU) slik at lokaliteten vert klassifisert som rik edellauvskog. Lokaliteten går over i gråorskog i nedre del, noko som er forsøkt halde utanfor lokaliteten. Av andre treslag førekjem bjørk, einer, furu (opptil 50 cm), gråor, hegg, osp, platanlønn, rogn, selje (opptil 50 cm).

**Artsmangfald:** Alm (VU) står spreidd i lisida. Av planter i feltskiktet kan nemnast brunrot, hengjeaks, hundekveke, kvitbladtistel, kranskonvall, kratthumleblom, liljekonvall, lundrapp, markjordbær, myske, rosenrot, sanikel, skogfiol, skogsalat, skogstjerneblom, skogsvinerot, skogvikke, stankstorke-nebb, strandrøyr, strutseveng, tågebær og trollbær. På alm: almelav (NT), blanknever, bleik kraterlav (VU), almeteppemose, broddfagermose, flatfellmose, glansmose, glansperlemose, piskraggmose, putehårstjerne, skuggeraggmose og trådkjølmose. Sopp på alm: *Eutypella stellulata* (VU) og lauvborkskorpe (NT). På selje: lungenever og vanleg blåfiltlav.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Skogstrukturen tyder på at lokaliteten har vore nytta til hogst, det er for det meste lågare tredimensjonar. Alm er opptil 50 cm i stammediameter, og nokre få er styva. Lokaliteten har også vore beita. Det er noko hjortegnag på almebork.

**Framande artar:** Platanlønn finst, særleg i nedre del, opptil 40 cm i stammediameter.

**Del av heilskapleg landskap:** Rik edellauvskog med alm og hassel finst spreidd fleire stader i nærområdet og også elles i kommunen.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: høg, raudlisteartar (pr. 2015): høg, arts Mangfald- edellauvskogsplanter: middels, sjeldne eller truga naturtypar: låg, påverknad: middels, habitat-kvalitet: middels, framande artar: middels. Lokaliteten får dermed verdi A (svært viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane vil vere om lokaliteten får vere mest muleg utan påverknad. Alm bør ikke hogges.



Figur 47 Raud strek indikerar omtala lokalitet.

#### **15061 Torvikdalen: Reitan**

**IID:**

BN00001835

**Naturtype:**

F01 Rik edellauvskog

**Delnaturtype:**

F0103 Lågurt-hasselkratt (60%), F0106 Gråor-almeskog (30%)

**Verdi:**

B (viktig)

**Feltsjekk:**

22.09.2015

#### **Beskriving**

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 24.02.2016, basert på Jordal (2000, som kombinerte avstandsbetraktnign med data frå Holten 1978) og eige feltarbeid utført den 22.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten er ei sør- og sørvestekspontert skogli nord for garden Reitan i Torvikdalen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt) med lokale innslag av glimmergneis og glimmerskifer ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt og er noko endra.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lisida består i stor grad av lågurtskog, høgstaude-skog og storbregneskog, med eit betydeleg innslag av hassel og alm slik at lokaliteten vert klassifisert som rik edellauvskog. Lia har ei veksling mellom gråor-, alm- og hasseldominerte bestandar. Nedanfor og i nedkant av lokaliteten dominerer høgstaude-gråorskogen med eit uvanleg frodig felt-sjikt (høgstaudeutforming). Opp mot berget (og aust for berget), ved ca. 200 m o.h., vert alme-innslaget gradvis større i tillegg til at fleire typiske edellauvskogsartar kjem inn. Ovafor alm/hassel-bestandet står det bjørkeskog, dels med storbregner. Av andre treslag førekjem bjørk (opptil 40 cm), furu (få, opptil 60 cm), gran, gråor (opptil 50 cm), hegg, krossved, rogn og platanlønn.

**Artsmangfald:** Alm (VU) står spreidd i lisida. Av planter kan nemnast hengejeks, hundekveke, kratt-humleblom, kvitbladtistel, lundrapp, markjordbær, myske, nattfiol, ramsløk, skogfiol, skogstjerne-blom, skogsvinerot, stankstorkenebb, strandrør, tågebær, turt. På alm: buskhinnelav, kystårenever, lungenever, broddfagermose, broddtråklemose, krusfagermose, ospemose og trådkjølmose. Elles skrubbenever på gråor og dronningmose (suboseanisk) på marka. Holten (1978) nemner også den regionalt sjeldne planten lodneperikum, elles skogkarse, nyresoleie, storklokke, vårkål, sumphauke-skjegg og trollurt, i tillegg til revemose.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Skogstrukturen tyder på at lokaliteten har vore nytta til hogst, det er for det meste lågare tredimensjonar. Ei grov, styva alm hadde stammeomkrets 290 cm (diam. 90 cm), men dei fleste er ustyna med stammediameter opptil 50 cm. Det vart og sett læger av alm, og hjortegnag på almebork. Lokaliteten har også vore beita, særleg i nedre deler. Sjølvé lokaliteten er intakt, men utstrekning av lokaliteten er begrensa mot aust grunna granfelt. Planta gran finst fleire stader i lia.

**Framande artar:** Platanlønn, dessutan innslag av planta gran, begge særleg i nedkanten.

**Del av heilskapleg landskap:** Rik edellauvskog med alm og hassel finst spreidd fleire stader i nærområdet og også elles i kommunen.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: høg, raudlisteartar (pr. 2015): låg, arts mangfald- edellauvskogsplanter: låg-middels, sjeldne eller truga naturtypar: låg, påverknad: middels, habitat-kvalitet: middels, framande artar: middels. Lokaliteten får dermed verdi B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane vil vere om lokaliteten får vere mest muleg utan påverknad. Ein bør unngå treslagskifte. Alm bør ikkje hoggast. Sjølvstådd gran bør fjernast.



Figur 48 Raud strek indikerar omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

#### 15062 Flemma: Nebba

IID:	BN00001823
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog
Delnaturtype:	F0103 Lågurt-hasselkratt (70%), F0106 Gråor-almeskog (10%)
Verdi:	B (viktig)
Feltsjekk:	22.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 24.02.2016, basert på Jordal (2000, som kombinerte avstandsbetrakning med undersøking av Holten 1978) og eige feltarbeid utført den 22.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Dette er eit ganske stort alm- og hasselkratt i ei søraustekspontert bratt li ovanfor busetnaden i Flemma. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt) med lokale innslag av amfibolitt mm. ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt og er noko endra.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lisida består i stor grad av lågurtskog, høgstaude-skog og storbregneskog, med eit betydeleg innslag av hassel og litt alm (VU) slik at lokaliteten vert klassifisert som rik edellauvskog. Feltsjiktet veksler mellom enger med lundgrønaks på tørre parti og storbregneenger med skogburkne, ormetelg, kvitsoleie, storklokke og kranskonvall på fuktigare mark, stadvis også storfrytledominans. Av andre tre- og busktag med kjem bjørk, gråor, hassel, hegg, krossved, osp (opptil 50 cm), selje og elles platanlønn.

**Artsmangfald:** Alm (VU) står spreidd til sparsam i lisida, men det vart berre sett eit par over 40 cm stammediameter. Av planter kan nemnast breiflangre, broddtelg, brunrot, hengjeaks, hundekveke, kvitbladtistel, kranskonvall, kratthumleblom, liljekonvall, lundgrønaks (mykje), lundrapp, markjordbær, mysk, sanikel, skogfiol, skogsalat, skogstjerneblom, skogsvinerot, skogvikke, strandrør, svartburkne, svarterteknapp, tågebær og vårerteknapp. Lav på alm: bleik kraterlav (VU), bleik skribbelav; på hassel: hasselurlav (NT), vanlig skriftlav. Mosar på alm: broddfagermose, flatfellmose, glansmose, gulband. Sopp på alm: almekolsopp (NT) og blå barkhette. Holten (1978) nemner også fingerstorr og trollbær. Det kan vere svakt potensiale for fleire artar på gammal alm (få slike tre).


**Bruk, tilstand og påverknad:** Skogstrukturen tyder på at lokaliteten har vore nytta til hogst, det er for det meste lågare tredimensjonar. Ei alm var styva med stammediam ca. 60 cm, dei fleste elles var ustyna og opp til 40 cm. Lokaliteten har også vore beita. Sjølvé lokaliteten er intakt, men utstrekning av lokaliteten er begrensa mot sør grunna planta granfelt. Det vart observert borkgnag av hjort på alm.

**Framande artar:** Platanlønn, særleg i nedre deler, og nokre spreidde graner.

**Del av heilskapleg landskap:** Rik edellauvskog med alm og hassel finst spreidd fleire stader i nærområdet og også elles i kommunen.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: høg, raudlisteartar (pr. 2015): middels, arts mangfald- edellauvskogsplanter: middels, sjeldne eller truga naturtypar: låg, påverknad: høg, habitat-kvalitet: middels, framande arter: middels. Lokaliteten får dermed verdi B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane vil vere om lokaliteten får vere mest muleg utan påverknad. Ein bør unngå treslagskifte. Elles bør ein unnlata å hogga alm.



Figur 49 Raud strek indikerar omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

#### 15063 Torvikdalen: Haugbulia øvre

IID:	Ny
Naturtype:	F02 Gammal edellauvskog
Delnaturtype:	F0206 Gammal almeskog
Verdi:	A (svært viktig)
Feltsjekk:	21.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 24.02.2016, basert på eige feltarbeid utført den 21.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Det undersøkte området er ei sørvestvendt li ved fylkesvegen til Torvikbukt, nord for Haugbuen opp mot Storbakhammaren og nokre hundre meter nordvest for Dalen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt) ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lisida består i stor grad av lågurtskog, høgstaude-skog og storbregneskog, med eit betydeleg innslag av hassel og alm (VU). Her er spredte enkelttre av alm, som er store, gamle og styva (opptil 60 cm i stammediameter, nokre er også innhole), slik at lokaliteten vert klassifisert som gammal edellauvskog. Av andre treslag førekjem bjørk, gråor, hassel, selje (fleire grove), osp og rogn.

**Artsmangfold:** Alm (VU) står spreidd i lisida. Av planter kan nemnast haremata, skogvikke, trollbær. Epifyttar på alm: almelav (NT), bleik kraterlav (VU), bleik skriblelav, bleikdoggnål (NT), klosterlav (NT), lungenever, puteglye, skjelglye, vanleg blåfiltlav, almeteppemose, broddfagermose, ekornmose, piskraggmose og trådkjølmose, samt soppene *Psiloglonium lineare*, *Lasioboltonia lonicerae*, almekolsopp (NT), kremborkhetten (NT) og lauvborkskorpe (NT). Fleire av desse artane er spesialisert til å leva på grov sprekkebork av gammal alm, og det kan finnast fleire slike arter.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Skogstrukturen tyder på at lokaliteten har vore nytta til hogst, det er for det meste lågare tredimensjonar. Lokaliteten har også vore beita. Det er ein del hjortegnag på almebork.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Rik edellauvskog med alm og hassel finst spreidd fleire stader i nærområdet og også elles i kommunen.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: middels, raudlisteartar (pr. 2015): høg, arts Mangfald (kjenneteiknande artar): middels, tilstand: låg. Lokaliteten får dermed verdi A (svært viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane vil vere om lokaliteten får vere mest muleg utan påverknad. Alm bør ikkje hoggast. Forsiktig styving kan vurderast om ein trur at det kan forlenga livet til trea.



Figur 50 Den vesle lokaliteten i nordaust (avgrensa med raud strek) indikerar omtala lokalitet (ny). Blå strek viser avgrensinga til ein gammal nærliggjande lokalitet.

#### 15064 Gjemnes kirke

IID:	BN00001812
Naturtype:	F06 Rik sumpskog, kjeldeskog og strandskog
Delnaturtype:	F0602 Rik strandskog
Verdi:	B (viktig)
Feltsjekk:	16.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 26.02.2016, basert på Jordal (2000, befart 26.08.1997) og eige feltarbeid utført den 16.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015).

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg langs stranda vestover frå Gjemnes kyrkje. Han grensar til sjøen i nord, dyrka mark og kyrkjegard i sør. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt) i ein overgangssone mot amfibolitt ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt og er litt endra.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Naturtypen er rik sumpskog, kjeldeskog og strandskog av delnaturtype rik strandskog (tilhøyrer fjøresoneskogsmark som er NT på raudlista for naturtypar 2011). Over ei strekning på eit par hundre meter er det ein bestand av tildels ganske grov svartor med stammediameter opp til i overkant av 50 cm, som er relativt uvanleg storleik i fylket.

Lokaliteten er gras- og høgstaudedominert med m.a. brennesle, bringebær, byhøymol, elvesnelle, englodnegras, engsyre, hestehov, hundekjeks, krattlodnegras, markrapp, mjødurt, ryllsiv, skogburkne, skogsnelle, sløke, strandrør, sølvbunke og vendelrot. Etter NiN 2.0 tilhører lokaliteten V8 strandsumpskogsmark. Av treslag førekjem ask (planta), dunbjørk, hassel, hegg, platanlønn, rogn, selje (eit par er bortimot ein meter i omkrets, kanskje styva), svartor (mest utbreidde treslag).

**Artsmangfald:** Av planter kan nemnast bekkeblom, kratthumleblom og broddtelg, og i skogkanten mot stranda fjøresauløk, gåsemure, hanekam, havstorr, hestehavre, klengjemaure, krypkvein, raudsvingel, saltsiv, skjoldberar, skjørbuksurt og strandkryp.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Skogen verkar relativt lite påverka, men øvre deler er brukt som dumpeplass for m.a. rydda Stein, organisk og anna avfall, og kanskje går det grøfter ned i strandskogen. Lokaliteten har truleg også vore beita. Det er litt søppel i stranda.

**Framande artar:** Det vart funne amerikamjølke og platanlønn.

**Del av heilskapleg landskap:** Rikare sump- og kjeldeskogar er relativt sjeldan i kommunen, og delnaturtypen med svartor i strand nærmar seg nordgrensa si.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: middels, arts mangfald: låg, raudlista naturtypar: høg, påverknad: middels, småskala variasjon: låg, landskapsøkologi: låg. Ut fra dette burde lokaliteten få verdi C. Men på grunn av store tre-dimensjonar av fleire treslag vert verdien likevel sett opp til B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane vil vere om lokaliteten får vere mest muleg utan påverknad. Svartor bør ikkje hoggast. Platanlønn bør fjernast.



Figur 51 Raud strek indikerar omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

## 15065 Søvika

IID:	Del av BN00001819
Naturtype:	F06 Rik sumpskog, kjeldeskog og strandskog
Delnaturtype:	F0602 Rik strandskog
Verdi:	C (lokalt viktig)
Feltsjekk:	16.09.2015

## Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 24.02.2016, basert på Jordal (2000, befart 26.08.1997) og eige feltarbeid utført den 16.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Lokaliteten er ein del av tidlegare lokalitet Storlandet: Nerlia-Sevikneset BN00001819 (Jordal 2000) som no er noko redusert pga. eit nyare hyttefelt, og dessutan vert splitta i to.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg på Storlandet i nordvestre del av kommunen, og er ei nord-nordvestvendt strand med slakt hellande terreng på oversida. Ovanfor strandskogen er det dels hyttefelt, dels plantefelt, dels ung lauvskog og dels attgroande sølvbunkeeng. Berggrunnen består av amfibolitt ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt og er ein del endra.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Naturtypen er rik sumpskog, kjeldeskog og strandskog av delnaturtype rik strandskog (tilhører fjøresoneskogsmark som er NT på raudlista for naturtypar 2011). Svartor står her som ein for det meste smal strandskog, og er for det meste under 30 cm i stammediameter. Stranda er grus- og steinstrand med triviell strandvegetasjon og svakt utvikla tangvollar. Lokaliteten er gras- og høgstaudedominert med m.a. bringebær, englodnegras, gaukesyre, hengjeveng, hestehov, mjødurt, myrfiol, ormetelg, skogburkne, sløkje, strandrøyr, sølvbunke og vendelrot. Etter NiN 2.0 tilhører lokaliteten V8 strandsumpskogsmark. Av treslag førekjem bjørk, furu, gråor, hegg, platanlønn, rogn, selje og svartor (mest utbreidde treslag).

**Artsmangfold:** Av planter kan nemnast broddtelg. I stranda: gåsemure, hestehavre, krypkvein, raudsvingel, saltsiv, strandrug.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Skogstrukturen tyder på at lokaliteten har vore nytta til hogst, det er for det meste lågare tredimensjonar. Lokaliteten har også vore beita. Utstrekninga av lokaliteten er begrensa mot planta granfelt og mot nyare hyttefelt i vest (anlagt etter førre registrering).

**Framande artar:** Platanlønn og litt planta og forvilla gran.

**Del av heilskapleg landskap:** Rikare sump- og kjeldeskogar er relativt sjeldan i kommunen, og delnaturtypen med svartor i strand nærmar seg nordgrensa si.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: middels, arts mangfold: låg, raudlista naturtypar: høg, påverknad: middels, småskala variasjon: låg, landskapsøkologi: låg. Lokaliteten får dermed verdi C (lokalt viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane vil vere om lokaliteten får vere mest muleg utan påverknad. Svartor bør ikkje hoggast.



Figur 52 Omtala lokalitet er den vestre som er inntekna med raud strek. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten, som vart skildra før hyttefeltet i sørvest vart bygd.

### 15066 Søvika aust

<b>IID:</b>	Ny (del av tidlegare BN00001819)
<b>Naturtype:</b>	F06 Rik sumpskog, kjeldeskog og strandskog
<b>Delnaturtype:</b>	F0602 Rik strandskog
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Feltsjekk:</b>	16.09.2015

### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 24.02.2016, basert på Jordal (2000) og eige feltarbeid utført den 16.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Lokaliteten var tidlegare ein del av lokaliteten BN00001819 (Storlandet: Nerlia-Sevikneset, Jordal 2000) som no vert splitta i to, der Søvika aust vert ny.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg på Storlandet i nordvestre del av kommunen, og er ei nord-nordvestvendt strand med slakt hellande terreng på oversida. Ovanfor strandskogen er det dels plantefelt, dels lauvskog og dels attgroande sølvbunkeeng. Berggrunnen består av amfibolitt ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Naturtypen er rik sumpskog, kjeldeskog og strandskog av delnaturtype rik strandskog (tilhøyrer fjøresoneskogsmark som er NT på raudlista for naturtypar 2011). Svartor står her som ein for det meste smal strandskog, og er for det meste under 30 cm i stammediameter. Stranda er grus- og steinstrand med triviell strandvegetasjon og svakt utvikla tangvollar. Lokaliteten er gras- og høgstaudedominert med m.a. blåtopp, englodnegras, gaukesyre, hengjевeng, hundegras, kvitveis, mjødurt, ormetelg, skogfiol, skogsnelle, sløkje, strandrøyr, sølvbunke og vendelrot. Etter NiN 2.0 tilhøyrer lokaliteten V8 strandsumpskogsmark. Av treslag førekjem bjørk, furu, gran, gråor, rogn og svartor (mest utbreidde treslag).

**Artsmangfald:** Av planter kan nemnast enghumleblom. I stranda: fjørekoll, fjøresauløk, gåsemure, krypkvein, saltsiv og strandkryp.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Skogstrukturen tyder på at lokaliteten har vore nytta til hogst, det er for det meste lågare tredimensjonar. Lokaliteten har også vore beita. Utstrekninga av lokaliteten er begrensa mot planta granfelt. Smågran finst som sjølvsådd i skogen. Ei hytte/naust i stranda med veg opp.

**Framande artar:** Litt planta og forvilla gran.

**Del av heilskapleg landskap:** Rikare sump- og kjeldeskogar er relativt sjeldan i kommunen, og delnaturtypen med svartor i strand nærmar seg nordgrensa si.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: middels, arts Mangfald: låg, raudlista naturtypar: høg, påverknad: middels, småskala varasjon: låg, landskapsøkologi: låg. Lokaliteten får dermed verdi C (lokalt viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane vil vere om lokaliteten får vere mest mulig utan påverknad. Svartor bør ikkje hoggast.



Figur 53 Omtala lokalitet er den austre (smale) som er innteikna med raud strek. Han er splitta ut frå ein gammal lokalitet som er vist med blå strek.

## 15067 Ikornneset

<b>IID:</b>	BN00001810
<b>Naturtype:</b>	F06 Rik sumpskog, kjeldeskog og strandskog
<b>Delnaturtype:</b>	F0602 Rik strandskog
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Feltsjekk:</b>	16.09.2015

### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 24.02.2016, basert på Jordal (2000, befart 30.08.1999) og eige feltarbeid utført den 16.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015).

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg på vestsida av Ikornneset på Høgset. Han grensar til utfylt industriområde i sørvest, til sjøen i nordvest, til attgroande kystlynghei i nordaust, og til granplantefelt i aust. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt) ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt og er ein del endra ettersom tidlegare avgrensing inneheldt fleire naturtypar.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Naturtypen er rik sumpskog, kjeldeskog og strandskog av delnaturtype rik strandskog (tilhøyrer fjøresoneskogsmark som er NT på raudlista for naturtypar 2011), og han inkluderer ei svært smal sone med svakt utvikla tangvoll mot sjøen. Lokaliteten er gras- og høgstaudedominert med m.a. blåknapp, blåtopp, bringebær, engkvein, englodnegras, kveke, mjødurt, myrtistel, sløkje, storfrytle og sølvbunke i svartorbestandane. I stranda: fjørekoll, gåsemure, hanekam, hestehavre, klengjemaure, krushøymole, krypkvein, saltsiv, strandsmelle, tangmelde og vassarve. Etter NiN 2.0 tilhøyrer lokaliteten V8 strandsumpskogsmark. Av treslag førekjem bergfuru, bjørk, einer, gråor, selje, sitkagran og svartor (mest utbreidde treslag, stamme-diameter opp til 30 cm).

**Artsmangfold:** Av planter kan nemnast skjoldberar.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Skogstrukturen tyder på at lokaliteten har vore nytta til hogst, det er for det meste lågare tredimensjonar. Lokaliteten har også truleg vore beita tidlegare, men ikkje no. Utstrekninga av lokaliteten er begrensa mot aust grunna planta granfelt.

**Framande artar:** Planta sitkagran i austre kant, spreier seg m.a. øvst i stranda.

**Del av heilskapleg landskap:** Rikare sump- og kjeldeskogar er relativt sjeldan i kommunen, og delnaturtypen med svartor i strand nærmar seg nordgrensa si.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: middels, arts Mangfold: låg, raudlista naturtypar: høg, påverknad: middels, småskala variasjon: låg, landskapsøkologi: låg. Lokaliteten får dermed verdi C (lokalt viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane vil vere om lokaliteten får vere mest muleg utan påverknad. Svartor bør ikkje hoggast. Det bør vera ei buffersone mot plantefeltet, og sjølspreidd sitkagran bør fjernast.



Figur 54 Raud strek indikerar omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten, som også inkluderte kystlynghei (no i attgroing).

### 15068 Langdalen

<b>IID:</b>	Ny
<b>Naturtype:</b>	A05 Rikmyr
<b>Delnaturtype:</b>	A0507 Skog-/krattbevokst intermediær- og rikmyr i låglandet (NB-SB/MB)
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Feltsjekk:</b>	02.09.2015

### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 19.02.2016, basert på eige feltarbeid utført den 02.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-handbok 13. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i Langdalen sør for Varvikvatnet ved Flemma, sør for Varvikskardet, truleg i nedre del av mellomboreal sone (rundt 240 moh.). Han grensar til skog med furu og bjørk. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt) med lokale innslag av amfibolitt mm. ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Det er snakk om naturtypen rikmyr av delnaturtypen skog- /krattbevokst intermediær- og rikmyr i låglandet. Rikare myrkantmark i låglandet er EN på raudlista for naturtypar 2011. Innslag av tre av bjørk, furu, gråor.

**Artsmangfold:** Av planter kan nemnast breimyrull, enghumleblom, gulstorr, harerug, hengeaks, jáblom, myrsauløk, myraugnentrøst, nattfiol, skogmarihand. Mosar: feittmose.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Ingen konstatert påverknad.

**Framande artar:** Ingen registrerte, men eit mindre granplantefelt ligg inntil lokaliteten.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten ligg nær eit større myrkompleks ved Varvikvatnet som stort sett er fattig til intermediær, men med nokre litt rikare myrsig. Rikmyr finst spreidd i området, Gjemnes er ein av dei betre kommunane for denne naturtypen i fylket.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: låg, kjenneteiknande artar: middels, raudlisteartar: låg, tilstand/hydrologi: høg, landskapsøkologi: middels. Lokaliteten får dermed verdi B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får stå urørt utan fysiske inngrep. All drenering er uheldig.



Figur 55 Raud strek indikerar omtala lokalitet.

#### 15069 Varviksetra vest

IID:	Ny
Naturtype:	A05 Rikmyr
Delnaturtype:	A0507 Skog-/krattbevokst intermediær- og rikmyr i låglandet (NB-SB/MB)
Verdi:	B (viktig)
Feltsjekk:	02.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 19.02.2016, basert på eige feltarbeid utført den 02.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-handbok 13. Holten (1978) og Jordal (2000) skildra her rikmyr (BN00001824 Flemma: Varviksetra), ein upresis lokalitet som vert foreslått sletta, sidan han kan overlappa med tre ulike lokalitetar i 2015. Holten (1978) kan ha meint denne lokaliteten («like ved Varviksetra på vestsiden av Varvikvatnet»).

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg på vestsida av Varvikvatnet nær Flemma, truleg i nedre del av mellomboreal sone (rundt 240 moh.). Han grensar til bjørkeskog og fattig/intermediær myr. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt) med lokale innslag av amfibolitt mm. ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Det er snakk om naturtypen rikmyr av delnaturtypen skog- /krattbevokst intermediær- og rikmyr i låglandet. Rikare myrkantmark i låglandet er EN på raudlista for naturtypar 2011.

**Artsmangfald:** Av planter kan nemnast breimyrull, dvergjamne, enghumleblom, engstorr, gulstorr, harerug, jáblom, kornstorr, kvitbladtistel, kvitmaure, myrsauløk, skogfiol, storblåfjør, sumphaukeskjegg, trådstorr og elles myrvokssopp. Holten (1978, därleg stadfesta) nemner også sveltull, sær-bustorr og loppestorr.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Ingen konstatert påverknad, vert litt beita av streifande sau.

**Framande artar:** Ingen registrerte, men eit mindre granplantefelt ligg inntil lokaliteten.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten er del av eit større myrkompleks ved Varvikvatnet som stort sett er fattig til intermediært, men med nokre litt rikare myrsig. Rikmyr finst spreidd i området, Gjemnes er ein av dei betre kommunane for denne naturtypen i fylket.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storlek: låg, kjenneteiknande artar: middels, raudlisteartar: låg, tilstand/hydrologi: høg, landskaps-økologi: middels. Lokaliteten får dermed verdi B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får stå urørt utan fysiske inngrep. All drenering er uheldig.



Figur 56 Raud strek indikerar omtala lokalitet (den lengst mot nordvest, den andre er Varviksetra). Blå strek viser avgrensinga til ein gammal lokalitet som vert foreslått sletta pga därleg presisjon (basert på Holten 1978).

#### 15070 Varvikvatnet ved Tverrelva

IID:	Ny
Naturtype:	A05 Rikmyr
Delnaturtype:	A0505 Open intermediær- og rikmyr i låglandet (BN-SB/MB)
Verdi:	B (viktig)
Feltsjekk:	02.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 19.02.2016, basert på eige feltarbeid utført den 02.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-handbok 13. Holten (1978) og Jordal (2000) skildra

ei rikmyr i området her (BN00001824 Flemma: Varviksetra), ein upresis lokalitet som vert foreslått sletta, sidan han kan overlappa med tre ulike lokalitetar i 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg ved Tverrelva nord for Varvikvatnet nær Flemma, truleg i nedre del av mellomboreal sone (rundt 250 moh.). Han grensar til bjørkeskog og fattig/intermediær myr. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt) med lokale innslag av amfibolitt mm. ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Det er snakk om naturtypen rikmyr av delnaturtypen open intermediær- og rikmyr i låglandet. Rikare myrkantmark i låglandet er EN på raudlista for naturtypar 2011.

**Artsmangfold:** Av planter kan nemnast bjørnebrodd, breimyrull, dvergjamne, engstorr, fjellfrøstjerne, gulstorr, hengjeaks, jáblom, myraugnetrøst, svarttopp, elles feittmose, myrstjernemose, ubestemt lommemose og myrjordtunge.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Ingen konstatert påverknad.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten er del av eit større myrkompleks ved Varvikvatnet som stort sett er fattig til intermediært, men med nokre litt rikare myrsig. Rikmyr finst spreidd i området, Gjemnes er ein av dei betre kommunane for denne naturtypen i fylket.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: låg, kjenneteiknande artar: middels, raudlisteartar: låg, tilstand/hydrologi: høg, landskapsøkologi: middels. Lokaliteten får dermed verdi B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får stå urørt utan fysiske inngrep. All drenering er ueheldig.



Figur 57 Raud strek indikerar omtala lokalitet (i nord). Blå strek viser avgrensinga til ein gammal lokalitet som vert foreslått sletta pga dårlig presisjon (basert på Holten 1978). Varvikvatnet nede til høgre.

#### **15071 Varvikvatnet sørvest**

<b>IID:</b>	Ny
<b>Naturtype:</b>	A05 Rikmyr
<b>Delnaturtype:</b>	A0507 Skog-/krattbevokst intermediær- og rikmyr i låglandet (NB-SB/MB)
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Feltsjekk:</b>	02.09.2015

#### **Beskriving**

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 19.02.2016, basert på eige feltarbeid utført den 02.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-handbok 13. Holten (1978) og Jordal (2000) skildra ei rikmyr i området her (BN00001824 Flemma: Varviksetra), ein upresis lokalitet som vert foreslått sletta, sidan han overlappar med tre ulike lokalitetar i 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg sørvest for Varvikvatnet nær Flemma, truleg i nedre del av mellomboreal sone (rundt 250 moh.). Han grensar til bjørkeskog og fattig/intermediær myr.

Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt) med lokale innslag av amfibolitt mm. ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Det er snakk om naturtypen rikmyr av delnaturtypen skog-/krattbevokst intermediær- og rikmyr i låglandet. Rikare myrkantmark i låglandet er EN på raudlista for naturtypar 2011. Kratt av bjørk og gråor finst spreidd på myra.

**Artsmangfold:** Av planter kan nemnast bjørnebrodd, breimyrull, gulstorr, jåblom, klubbestorr, særbuschor, og mosearten myrstjernemose. Dei kravfulle artane følgjer mest dreneringsbanane.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Ingen konstatert påverknad.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten er del av eit større myrkompleks ved Varvikvatnet som stort sett er fattig til intermediært, men med nokre litt rikare myrsig. Rikmyr finst spreidd i området, Gjemnes er ein av dei betre kommunane for denne naturtypen i fylket.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storlek: låg, kjenneteiknande artar: middels, raudlisteartar: låg, tilstand/hydrologi: høg, landskapsøkologi: middels. Lokaliteten får dermed verdi B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera urørt utan fysiske inngrep. All drenering er uheldig.



Figur 58 Raud strek indikerar omtala lokalitet (i vest ved Samendalsbekken).

#### 15072 Silsetvatnet: ved Silsethytta

**ID:** BN00001855

**Naturtype:** A05 Rikmyr

**Delnaturtype:** A0505 Open intermediær- og rikmyr i låglandet (BN-SB/MB)

**Verdi:** B (viktig)

**Feltsjekk:** 08.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 19.02.2016, basert på Jordal (2000, befart 23.08.1999) og eige feltarbeid utført den 08.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-handbok 13

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg på austsida av Silsetvatnet nær vegen aust for Silsethytta, truleg i nedre del av mellomboreal sone. Han grensar til bjørkeskog, grusveg og fattigare myr. Berggrunnen består av glimmergneis, glimmerskifer og amfibolitt ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt og er noko endra.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Det er snakk om naturtypen rikmyr av delnaturtypen open intermediær- og rikmyr i låglandet. Rikare myrkantmark i låglandet er EN på raudlista for naturtypar 2011. Innslag av bjørk, einer og gråor.

**Artsmangfald:** Av planter kan nemnast bjørnebrodd, breimyrull, dvergjamne, engstorr, fjellfrøstjerne, fjelltistel, gulsildre, gulstorr, hundekvein, hårstorr, jáblom, kvitmaure, kystmyrklegg, loppes-torr, myrfrytle, myrkråkefot, myrsauløk, myrsnelle, myraugnetrost, svarttopp, sveltull, særbustorr, og elles mosane feittmose og myrstjernemose. To av artane (sparsame) er ekstremrik-indikatorar. Det skal vera funne engmarihand i området, eksakt lokalitet er ukjent.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Ingen konstatert påverknad, bortsett frå vegen i nedkant som har redusert lokaliteten.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten er del av eit større myrkompleks som stort sett er fattig til intermediær, men med nokre litt rikare myrsig. Rikmyr finst spreidd i området, Gjemnes er ein av dei betre kommunane for denne naturtypen i fylket.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande veka eigenskapar - storleik: låg, kjenneteiknande artar: middels til høg, raudlisteartar: låg, tilstand/hydrologi: høg, landskapsøkologi: middels. Lokaliteten får dermed verdi B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får stå urørt utan fysiske inngrep. Ein bør unngå fysiske inngrep som veg- og hyttebygging i rikmyrene. All drenering er uheldig.



Figur 59 Raud strek indikerar omtala lokalitet (nede ved vegen i søraust). Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

### 15073 Silsetvatnet: ved Silsethytta 2

IID:	Ny
Naturtype:	A05 Rikmyr
Delnaturtype:	A0505 Open intermediær- og rikmyr i låglandet (BN-SB/MB)
Verdi:	B (viktig)
Feltsjekk:	08.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 19.02.2016, basert på eige feltarbeid utført den 08.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-handbok 13.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg på austsida av Silsetvatnet nær vegen nordaust for Silsethytta, truleg i nedre del av mellomboreal sone (rundt 320 moh.). Han grensar til bjørkeskog og fattigare myrer. Berggrunnen består av glimmergneis, glimmerskifer og amfibolitt ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Det er snakk om naturtypen rikmyr av delnaturtypen open intermediær- og rikmyr i låglandet. Rikare myrkantmark i låglandet er EN på raudlista for naturtypar 2011.

**Artsmangfald:** Av planter kan nemnast bjørnebrodd, breimyrull, dvergjamne, engstorr, fjellfrøstjerne, fjelltistel, grønstorr, gulstorr, jáblom, loppestorr, myraugnetrøst, trådstorr og elles myrstjernemose.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Ingen konstatert påverknad.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten er del av eit større myrkompleks som stort sett er fattig til intermediært, men med nokre litt rikare myrsig. Rikmyr finst spreidd i området, Gjemnes er ein av dei betre kommunane for denne naturtypen i fylket.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: låg, kjenneteiknande artar: middels, raudlisteartar: låg, tilstand/hydrologi: høg, landskapsøkologi: middels. Lokaliteten får dermed verdi B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får stå urørt utan fysiske inngrep. All drenering er uheldig.



Figur 60 Raud strek indikerar omtala lokalitet øvst i nord. Blå strek viser avgrensinga til ein gammal nærliggjande lokalitet.

#### 15074 Silsetvatnet: ovanfor Innergardssetra

<b>IID:</b>	Ny
<b>Naturtype:</b>	A05 Rikmyr
<b>Delnaturtype:</b>	A0505 Open intermediær- og rikmyr i låglandet (NB-SB/MB)
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Feltsjekk:</b>	08.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 18.02.2016, basert på eige feltarbeid utført den 08.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-handbok 13.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg aust for Silsetvatnet, ovanfor (nord for) Innergardssetra, truleg i nedre del av mellomboreal sone. Han grensar til glissen bjørkeskog og fattigare myrar. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt) med lokale innslag av glimmergneis, glimmerskifer og amfibolitt ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Det er snakk om naturtypen rikmyr av delnaturtypen open intermediær- og rikmyr i låglandet. Rikare myrkantmark i låglandet er EN på raudlista for naturtypar 2011.

**Artsmangfald:** Av planter kan nemnast bjørnebrodd, breimyrull, engstorr, fjellfrøstjerne, gulstorr, hundekvein, jáblom, kattefot, myrfrytle, myrsauløk, og elles stormakkmoser.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Ei hytte (utanfor) har avgrensa storleiken på lokaliteten, ein brønn vart observert lenger opp.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten er del av eit større myrkompleks som stort sett er fattig til intermediært, men med nokre litt rikare myrsig. Rikmyr finst spreidd i området, Gjernes er ein av dei betre kommunane for denne naturtypen i fylket.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: middels, kjenneteiknande artar: middels til høg, raudlisteartar: låg, tilstand/hydrologi: høg, landskapsøkologi: middels. Lokaliteten får dermed verdi B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får stå urørt utan fysiske inngrep.



Figur 61 Raud strek indikerar omtala lokalitet (i nord). I sør skimtar ein Innergardssetra.

#### 15075 Fursetfjellet: Stokkåsen søraust

<b>IID:</b>	Ny
<b>Naturtype:</b>	A05 Rikmyr
<b>Delnaturtype:</b>	A0505 Open intermediær- og rikmyr i låglandet (NB-SB/MB)
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Feltsjekk:</b>	23.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 18.02.2016, basert på eige feltarbeid utført den 23.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-handbok 13. Lokaliteten ligg innanfor ein tidlegare lokalitet (BN00001862 Fursetfjellet: Stangarmyra, Langliløken, Moen 1984, Jordal 2000, sist befart 23.07.2000), som her vert foreslått redusert til berre Stangarmyra.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg ved Langliløken søraust for Stokkåsen, mellom Fursetfjellet og Silsetvatnet, truleg i nedre del av mellomboreal sone. Han grensar til fattigare myrer og glissen skog med furu og bjørk. Berggrunnen består av ei veksling mellom gneis (ikkje inndelt), amfibolitt og glimmergneis/glimmerskifer ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målinger i felt.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Det er snakk om naturtypen rikmyr av delnaturtypen open intermediær- og rikmyr i låglandet. Rikare myrkantmark i låglandet er EN på raudlista for naturtypar 2011. Innslag av bjørk, einer og furu.

**Artsmangfold:** Av planter som trivst best i rike myrtypar kan nemnast bjørnebrodd, storblåfjær, breimyrull, dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjelltistel, hundekvein, kvitmaure, jáblom, knegras, kystmyrklegg, myrøyentrøst, svarttopp, sveltull, særbustorr. Mosar: myrstjernemose, stortuffmose.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Ingen konstatert påverknad.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten er del av eit større myrkompleks som stort sett er fattig til intermediært, men med nokre litt rikare myrsig. Rikmyr finst spreidd i området, Gjemnes er ein av dei betre kommunane for denne naturtypen i fylket.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: låg, kjenneteiknande artar: middels til høg, raudlisteartar: låg, tilstand/hydrologi: høg, landskapsøkologi: middels. Lokaliteten får dermed verdi B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får stå urørt utan fysiske inngrep.



Figur 62 Raud strek indikerar omtala lokalitet (den nordlegaste).

## **15076 Fursetfjellet: Langliløken aust**

<b>IID:</b>	Ny
<b>Naturtype:</b>	A05 Rikmyr
<b>Delnaturtype:</b>	A0505 Open intermediær- og rikmyr i låglandet (NB-SB/MB)
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Feltsjekk:</b>	23.09.2015

### **Beskriving**

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 18.02.2016, basert på eige feltarbeid utført den 23.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-handbok 13. Lokaliteten ligg innanfor ein tidlegare lokalitet (BN00001862 Fursetfjellet: , Langliløken, Moen 1984, Jordal 2000, sist befart 23.07.2000), som her vert foreslått redusert til berre Stangarmyra.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg ved Langliløken (austre del), mellom Fursetfjellet og Silsetvatnet, truleg i nedre del av mellomboreal sone. Han grensar til fattigare myrer og glissen skog med furu og bjørk. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt), amfibolitt og glimmergneis/glimmerskifer ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Det er snakk om naturtypen rikmyr av delnaturtypen open intermediær- og rikmyr i låglandet. Rikare myrkantmark i låglandet er EN på raudlista for naturtypar 2011. Innslag av bjørk, einer og furu.

**Artsmangfold:** Av planter som trivst best i rike myrtypar kan nemnast bjørnebrodd, storblåfjær, breimyrull, dvergjamne, fåblom, kystmyrklegg, myrøyentrøst, sivblom, svarttopp, særburstorr og trådstorr. Mosar: myrstjernemose.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Ingen konstatert påverknad.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten er del av eit større myrkompleks som stort sett er fattig til intermediært, men med nokre litt rikare myrsig. Rikmyr finst spreidd i området, Gjemnes er ein av dei betre kommunane for denne naturtypen i fylket.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: låg, kjenneteiknande artar: middels til høg, raudlisteartar: låg, tilstand/hydrologi: høg, landskapsøkologi: middels. Lokaliteten får dermed verdi B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får stå urørt utan fysiske inngrep.



Figur 63 Raud strek indikerar omtala lokalitet (den sørlegaste).

#### [15082 Fursetfjellet: Stangarmyra](#)

IID:	Del av BN00001862
Naturtype:	A11 Kystmyr
Delnaturtype:	A1104 Anna kystmyr
Verdi:	B (viktig)
Feltsjekk:	23.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 18.02.2016, basert på Moen (1984), Jordal (2000, befart 14.06.2000) og eige feltarbeid utført den 23.09.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-handbok 13, men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 og raudlista for artar 2015. Lokaliteten er ein del av den tidlegare lokaliteten BN00001862 Fursetfjellet: Stangarmyra, Langliløken, som her vert foreslått endra til å omfatta berre Stangarmyra.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Stangarmyra ligg ved riksvegen på Fursetfjellet ca. 201-205 m o.h. Rundt vatnet ligg lokaliteten Stangarmyra, som ligg i nedre del av mellomboreal. Lokaliteten grensar i nord, aust og sør til fattige til intermediære bakkemyrer og glissen skog med furu og bjørk. Ein har avgrensa lokaliteten i sør ved kommunegrensa til Molde. På Molde-sida i sør er det liknande naturtyper som ikkje er undersøkte, og avgrensinga her er derfor berre motivert av kommunegrensa.

Mot vest grensar han til lauvskog ved europavegen, til traktorveg til ei hytte og i nord delvis til ein skogsveg som går nordaustover forbi skyttarhuset. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt), amfibolitt og glimmergneis/glimmerskifer ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Det er snakk om naturtypen kystmyr (han ligg i O2 klart oseanisk seksjon og nedre del av mellomboreal sone), av delnaturtypen anna kystmyr, som m.a. omfattar planmyrer. Myra er stort sett minerotrof og relativt fattig, med fastmatter og litt mjukmatter. Innslag av bjørk, einer og furu.

**Artsmangfold:** Mjukmatter har m.a. sivblom og strengstorr, særleg sistnemnde er ein austleg art med spreidd førekommst i fylket. Det finst og ein rik augnestikkkarfauna, med 10 artar. Mest spesielt er ein vestleg utpost av den austlege arten nordisk blåvassnymfe *Coenagrion johanssoni*, elles i fylket berre kjent frå Rindal (kjelde: Hans Olsvik). Stangarmyra og Stangarvatnet har og rikt fugleliv, m. a. vart storlom og 2 par varslande gluttsnipe observert 14.06.2000 (JJB).


**Bruk, tilstand og påverknad:** Myra er i all hovudsak intakt. Det er anlagt skytebane over myra, men denne synest å vere gått ut av bruk. Skytebanen har truleg ikkje hatt avgjerande verknad på naturkvalitetane, men ein veg over myra har nok påverka dreneringstilhøva noko. Europavegen og fleire traktorvegar og hytter ligg nær lokaliteten.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten er del av eit større myrkompleks, og Gjemnes har nokre førekommstar av denne naturtypen.

**Verdivurdering:** Lokaliteten oppnår høg vekt for storleik (>50 da), låg vekt på typevariasjon, middels vekt for tilstand og biogeografi. Han får dermed verdi B – viktig.

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om ein unngår fleire fysiske inngrep.



Figur 64 Raud strek indikerar omtala lokalitet. Blå strek viser eit utsnitt av avgrensinga til den gamle lokaliteten.

## 8.4 Haram

### 15077 Synnaland: Juvika nord

IID:	Ny
Naturtype:	D07 Kystlynghei
Delnaturtype:	D0714 Rik fukthei
Verdi:	A (svært viktig)
Feltsjekk:	16.06.2015

### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 25.02.2016, basert på eige feltarbeid utført den 16.06.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-handbok 13, men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg på Synnaland ved Brattvåg, nord for Juvika heilt ut mot sjøen. Han grensar til anna hei med trakkskader av hest i vest, mot sjøen i nord og ung bjørkeskog på kulturmark i sør. Berggrunnen består av amfibolitt (www.ngu.no). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Det er snakk om kystlynghei av delnaturtype rik fukthei. Busk- og treslag: bjørk, einer, rogn, selje og øyrevier. Lokaliteten er stort sett open (trelaus).

**Artsmangfold:** Av planter kan nemnast engkarse, fjelltistel, heiblåfjær, heisiv, heistorr, irsk myrklegg (VU, 35 planter sett), kystmyrklegg, loppestorr og sumphaukeskjegg. Irsk myrklegg er nasjonalt svært sjeldan, men har her gode bestandar.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten er del av eit større, gammalt kystlynghei-landskap med lang beitehistorie. Det beitte utegangarsau ved besøket i 2015 (frå 2007, før det var det eit opphold).

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** På fastlandet i Haram er det relativt lite kystlyngheier att, medan det er større areal på øyane utanfor.

**Verdivurdering:** Lokaliteten oppnår høg vekt for storleik, høg vekt for tilstand, påverknad (framande artar): høg, raudlisteartar: middels. Basert på faktaarket for kystlynghei (desember 2014) vurderast den dermed å ha verdi A – svært viktig.

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får stå urørt utan fysiske inngrep, men beiting er viktig.



Figur 65 Raud strek indikerar omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til ein nærliggjande gammal lokalitet som er endra i eit anna prosjekt i 2015 (kystblåstjernelokalitetar).

#### 15078 Synnaland: Hatlane

**IID:** BN00042359

**Naturtype:** F01 Rik edellauvskog

**Delnaturtype:** F0103 Lågurthasselkratt

**Verdi:** B (viktig)

**Feltsjekk:** 16.06.2015

### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 25.02.2016, basert på Jordal & Holtan (2005), Jordal (2007) og eige feltarbeid utført den 16.06.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Lokaliteten erstattar tidlegare lokalitet med same IID.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg på småkollet kulturmark ut mot sjøen. Lokaliteten består av ein haug med noko hasselkratt og beitemarker i sørhellinga, og ligg ned mot sjøen ved Djuvika på Synnaland (nord for Brattvåg). Berggrunnen består av amfibolitt ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt og er noko endra.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten består i stor grad av lågurtskog, og er dominert av hassel slik at lokaliteten vert klassifisert som rik edellauvskog. Av andre treslag førekjem bjørk, einer og rogn.

**Artsmangfald:** Av planter kan nemnast bekkeblom, kvitsymre, jordnøtt, kusymre (talrik), lundnyre-soleie, ramsløk (talrik, stadvis dominerande), sanikel, skogsnelle og vårvål. I skogkanten i sør er det funne ei plante av kystblåstjerne (VU) ved LQ 68106 44957 den 05.06.2003. Tidlegare har det vore planter over eit større område (LQ 68130-68190, 44943-44952, kjelde: Hans Skår). Kystblåstjerne vart ikkje sett 04.06.2007 eller 16.06.2015 og kan vere utgått.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten har vore beita. Hans Skår slutta med dyr rundt 1990. I 2007 vart lokaliteten inngjerdar og ein starta med beiting av sauvar, og lokaliteten vart framleis beita i 2015.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Rik edellauvskog med hassel finst spreidd fleire stader i kommunen.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: middels, raudlisteartar (pr. 2015): middels dersom ein går ut frå at kystblåstjerne framleis finst, arts mangfald- edellauvskogsplanter: låg-middels, sjeldne eller truga naturtypar: låg, påverknad: middels, habitat-kvalitet: låg, framande artar: høg. Lokaliteten får dermed verdi B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane vil vere om treskiktet får vere mest muleg utan påverknad. Beiting er ønskjeleg sidan det er ein tradisjonell påverknad. Opphold i beitinga kan vere årsak til at kystblåstjerna synest å vere borte her (ikkje attfunnen 2007 eller 2015).



Figur 66 Raud strek indikerar omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

#### 15079 Synnaland: Floget

**IID:** BN00019382

**Naturtype:** F01 Rik edellauvskog

**Delnaturtype:** F0103 Lågurthasselkratt

**Verdi:** B (viktig)

**Feltsjekk:** 16.06.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 25.02.2016, basert på Jordal & Holtan (2005, befart 05.06.2003) og eige feltarbeid utført den 16.06.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007).

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i ein austvendt skrent ned mot sjøen ved Knutgarden på Synnaland. Han grensar til bjørkeskog og kystlynghei i nord, til open kulturmark og naust i aust, og til bustadfelt i vest. Berggrunnen består av amfibolitt ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt og er noko endra.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lisida består i stor grad av lågurtskog, og er dominert av hassel slik at lokaliteten vert klassifisert som rik edellauvskog. Av andre treslag førekjem bjørk, platanlønn og selje.

**Artsmangfold:** Av planter kan nemnast enghumleblom, hestehavre, kvitveis, jordnøtt, kusymre (talrik), ramsløk (dels dominerande), skogsnelle, sumphaukeskjegg og vårkål.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten har truleg vore nytta til beiting og litt hogst, det er for det meste mindre tredimensjonar, og det kan ha vore ein hasselhage.

**Framande artar:** Innslag av platanlønn.

**Del av heilskapleg landskap:** Rik edellauvskog med hassel finst spreidd fleire stader i kommunen.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark frå desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar - storleik: middels, raudlisteartar (pr. 2015): låg (kystblåstjerne finst inntil på to kantar), artsmangfald- edellauvskogsplanter: låg-middels, sjeldne eller truga naturtypar: låg, påverknad: middels, habitat-kvalitet: låg (truleg ung skog), framande artar: middels. Lokaliteten får dermed verdi B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane vil vere om lokaliteten får vere mest muleg utan påverknad.



Figur 67 Raud strek indikerar omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten (den lange i sør, dei to små blå runde er opne kystblåstjernelokalitetar).

## 8.5 Sunndal

### 15044 Oppdøl: Sandelva

**IID:** Ny

**Naturtype:** D01 Slåttemark

**Delnaturtype:** D0107 Frisk eller tørr, middels baserik eng

**Verdi:** C

**Feltsjekk:** 09.07.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er skildra av Sylvelin Tellnes 31.01.2016, basert på eige feltarbeid 10.07.15, saman med Geir Gaarder (Miljøfaglig Utredning) og grunneigar Eystein Opdøl. Undersøkinga er gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, som del av kvalitetssikring og supplerande naturtypekartlegging i fylket dette året. Raudlistestatus for artar er basert på raudlista frå 2015. Utkast til reviderte faktaark for verdifulle naturtyper frå hausten 2014 er nytta for verdsetting. Eivind Opdøl har gjort enkelte artsregistreringar her tidlegare, og truleg har det også vore enkelte andre som har undersøkt litt på lokaliteten, utan at konkrete data er framskaffa her.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg rett på oversida av gamle riksveg 70 forbi Oppdøl. Den omfattar eit engområde som avgrensast mot vegkant, steingard, gjerder og kratt. Det verkar som om det er mykje veldrenerte og ikkje særleg kalkrike lausmasser her, kanskje relativt sandhol-dige, Enga er sørvendt, utan tre som skyggar.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten er en frisk, ikkje særleg kalkrik eng, truleg svak lågurt. Det meste er veldrenert. Etter NiN2.0 er det truleg korrekt å betegne mykje av den som ei nokså kalkrik tørreng med klart hevdpreg og gjødselpåverknad.

**Artsmangfald:** Lokaliteten har potensiale for beitemarksopp. Artar notert er dunhavre, gjeldkarve, harerug, småengkall, smalkjempe, fuglevikkje, tepperot, tiriltunge, raudkløver, hvitkløver, ryllik, ein-stape, firkantperikum, tviskjeggveronika, lækjeveronika, mørkkongslys, raudknapp gulflatbelg, kjer-teløyentraust og finnskjegg. Eitt individ av stor bloddråpesvermer (EN) vart sett. Den var sist sett for 10 år sidan av grunneigar Eystein Opdøl, og han fortalte at det brukte å vere mange av disse for 30 år sidan. Elles vart det observert humlebille. Eit stort tre av mogleg villeple (VU – men krysning med hageeple er ikkje usannsynlig), nokre halvstore bjørketre samt småkratt av hassel og ask (VU) står på lokaliteten. Tre juvenile gråspettar vart sett på næringssøk i kantsona mot skogen.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Ein del av lokaliteten er seminaturalig og andre del er engprega erstatningsbiotop. Fordelinga mellom disse to typane er heller usikker då det er vanskeleg å trekke ei linje mellom typane. Det har vore rydda tre (bl.a en stor furu) og etter ein del år med opphør vart slåtten tatt opp att i 2012 for midtre og vestre delar. Denne slåtten vert gjort med traktor, etter frø-spreiing. Den austre bakken bær preg av langsam attgroing, men der rydding av busker og kratt er gjort.

**Framande artar:** Ingen spesielle vart observert.

**Del av heilskapleg landskap:** Det er få andre kjede slåtteenger i området, men blomsterrike kantsoner og rasmark finst det litt av.

**Verdivurdering:** Med grunnlag i faktaark for slåttemark frå hausten 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på storleik (3 daa), lav til middels vekt på typevariasjon, høy vekt på arts mangfald (men då berre ut frå eitt funn av ein sterkt truga art), middels vekt på tilstand, middels til høg vekt på på-verknad og lav eller middels vekt på landskapsøkologi. Ut frå dette oppnår lokaliteten ein klar verdi som viktig – B. Den ligg på grensa til svært viktig - A, og dersom bestanden av stor bloddråpesvermer tek seg opp, kombinert med funn av andre truga artar og/eller god skjøtsel av heile lokaliteten, vil det vere logisk å heve verdien om få år.

**Skjøtsel og omsyn:** Naturverdiane er avhengig av kontinuerlig, tradisjonell hevd, helst fortsettelse av dagens regime med årleg slått og fjerning av graset, utan gjødsling eller jordbearbeiding, og helst kombinert med forsiktig etterbeite på hausten.



Figur 68 Gult område indikerar omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til ein nærliggjande lokalitet.

#### **15080 Hafsåsen, tjønn ved Leirgrova**

**IID:** BN00020557

**Naturtype:** B12 Daudisgrop

**Delnaturtype:** B1204 Daudisgrop med temporær dam

**Verdi:** B (viktig)

**Feltsjekk:** 24.07.2015

#### **Beskriving**

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 25.02.2016, basert på Jordal (2004, befart 19.07.1999) og eige feltarbeid utført den 24.07.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007).

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i eit svakt hellande, småkupert terrenget som er dominert av furuskog. Berggrunnen består av glimmerskifer, amfibolitt mm. ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt, og er berre litt endra.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten ligg i ei skålforma forseinking med furuskog rundt. Forseinkinga har vass-spegl som er høg om våren og lågare om hausten. Lokaliteten har ikkje vore uttørka ved noko av besøka, men kan truleg tørka ut. Naturtypen er daudisgrop, som er forma av nedsmeltande stagnert isbre med grusmassar og iskjernar (ein geotop).

**Artsmangfold:** Av planter kan nemnast bukkeblad, engfiol, fjellfrøstjerne, flaskestorr, gulstorr, klubbestorr, myrfiol, myrhatt, sennegras, sumpmaure og vierstorr. I 1999 vart det også notert veikveronika.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Ingen påverknad utover beiting.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Daudisgropen finst spreidd fleire stader i området, m.a. i Grødalen og Lindalen.

**Verdivurdering:** Basert på faktaark fra desember 2014 får lokaliteten følgjande vekta eigenskapar – storlek og djupn: over terskelverdi, typevariasjon: låg, raudlisteartar (pr. 2010): ingen, kalkrikheit: middels, landskapsøkologi: høg. Lokaliteten får dermed verdi B (viktig).

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane vil vere om lokaliteten får vere mest muleg utan påverknad.



Figur 69 Raud strek indikerar omtala lokalitet (midt på figuren). Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

#### 15081 Hafsåsen: Slættmyra

**IID:** Ny

**Naturtype:** A05 Rikmyr

**Delnaturtype:** A0508 Skog-/krattbevokst rikmyr i høgareliggjande strok (MB-NB)

**Verdi:** A (svært viktig)

**Feltsjekk:** 24.07.2015

### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av John Bjarne Jordal den 25.02.2016, basert på eige feltarbeid utført den 24.07.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Beskriving og verdisetting er basert på siste utkast (desember 2014) av faktaark til DN-handbok 13.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i nærleiken av Sivertslettet mellom Skålvolen i Haf-såsen og munninga av geitådalen. Han grensar til bjørkeskog på alle kantar. Berggrunnen består av glimmerskifer, amfibolitt mm. ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Det er snakk om rik myr av delnaturtypen skog-/krattbevokst intermediær- og rikmyr i høgareliggjande strok. Innslag av bjørk, einer og furu. Preget som slåttemyr er truleg viska ut etter lang tid utan slik bruk (antatt AE ettersuksesjonstilstand), men dette kunne vore undersøkt nærmere.

**Artsmangfald:** Av planter som trivst best i rike myrtypar kan nemnast bjørnebrodd, fjelltistel, guls-torr, klubbestorr, myrklegg, myrsauløk, myrsnelle, skogsiv, sotstorr, svarttopp, sveltull og særbus-torr.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten verka lite påverka, men har vore beita. Truleg er dette ei tidlegare slåttemyr, noko som er understøtta av namnet (Slættmyra). Ifølgje no avlidne Knut O. Haf-sås (pers. medd. 1999) var heile dei store skogliene her ein einaste stor utslått, og det ligg restar etter ei høyløe rett ovanfor myra (MQ 97570 30283). Området er kalkrikt og produktivt og har truleg vore viktig for gardane i området.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Myrer er generelt uvanlege i området, men dei få som finst er ofta rike.

**Verdivurdering:** Lokaliteten oppnår låg vekt for storleik, ingen raudlisteartar, høg vekt for kjennteiknande artar, og høg vekt for tilstand/hydrologi. Basert på faktaarket for rikmyr vurderast den dermed å ha verdi A – svært viktig.

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera urørt utan fysiske inngrep, medan beiting (og lengre attende også slått) er ein del av den tradisjonelle bruken.



Figur 70 Raud strek indikerar omtala lokalitet (den vestre). Blå strek: nærliggjande lokalitetar.

## 8.6 Volda

### 15021 Austefjorden: Fyrde

**IID:** BN00022177

**Naturtype:** G07 Aktivt marint delta

**Delnaturtype:**

**Verdi:** A (svært viktig)

**Feltsjekk:** 06.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning den 12.10.2015, basert på feltarbeid utført den 06.09.2015 saman med Oddvar Olsen og Geir Gaarder. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Skildring og verdsetting er basert på siste utkast (11.06.2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen & Hilmo 2015). Lokaliteten erstatter den gamle naturbaselokaliteten Fyrde med IID BN00022177 (Holten & Jordal 2008), som var basert på Holten et al. (1986).

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten omfattar brakkvannsdeltaet i Fyrde innerst i Austefjorden. Deltaet har større mengder finmasser frå Fyrdselva og Sunndalselva. Lokaliteten er avgrensa mot desse elvene og dei utbygde områda i deltaet.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Aktivt marint delta er etter NiN 2.0 beskrive som eit naturkompleks (NK7-2), og er kategorisert som sårbar (VU) i norsk raudliste for naturtypar (Lindgaard 2011). I deltaet finst områder med elveavsetningar av grus- og sand som blir blottlagt ved fjøre, og mudderstrand i nedre del av fjøra. Elles finst fleire små flekkar av strandeng, og ei større

strandeng aust for kyrkjegarden. Søraustre delar av denne vart undersøkt. Det meste av strandenga er i øvre geolittoral (T12-3), men går over i midtre og nedre geolittoral nærmare vasskanten.

**Artsmangfald:** Det vart funne fleire artar typisk for strandeng som tiriltunge, småengkall, mjødurt, strandkjeks og gåsemure i øvre geolitteral. Den øvre strandenga var ganske fuktig, meg blant anna blåtopp og flaskestarreng, strandklo, raudmakkmose og myrstjernemose. Der er også eit funn av den regionalt sjeldne saltstarren i artskart (Holten, J. I. 1984). I nedre og midtre geolitteral finst mange strandengspesialistar som strandkryp, skogsiv, fjøresaulauk, strandkjempe, fjøresivaks og skjørbuksurt, sennegras og vasshår samt meir vanlege artar som tunsmåarve. Musestarr er ny for kommunen, og har få funn i fylket. På mudderbotn vart den raudlista firlingen (VU) gjenfunne.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Deltaet er delvis fylt ut bl.a. av ei fotballbane og kyrkja og andre bygningar.

**Framande artar:** Ingen registrert.

**Del av heilskapleg landskap:** Dette er det einaste velutvikla brakkvassdeltaet på Sunnmøre, med tilhøyrande karakteristiske artar, og er inkludert i fylkesdelplan for elveoslandskap i Møre og Romsdal (vedteken 1994) (Møre og Romsdal fylkeskommune nærings- og miljøavdelinga 1994). Aktive marine delta generelt er ofte viktige rasteområde for fugl, og det er i ein gammal rapport opplysnings om at området er brukt av vadalar og vassfugl som storskarv, gråhegre, stokkand, kvinand, siland og laksand (Fjeldstad og Gaarder 1996). I artskart foreligg også funn av krykkje, tjeld og sangsvane.

**Verdivurdering:** Lokaliteten oppnår middels vekt for tilstand (intakte prosessar over store areal), utforming (klart avgrensa), objektinhald og raudlisteartar (éin VU-art og innhald av den verdifulle naturtypen strandeng), og lav vekt for del av heilheitleg landskap. På grunnlag av desse parametrane får lokaliteten verdi A – svært viktig.

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiene er om lokaliteten får stå urørt utan fysiske inngrep.



Figur 71 Raud strek viser omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

#### 15022 Bjørkedalen: Øygardsfossen

IID: Ny

Naturtype: B16 Fosse-eng

Delnaturtype: B1602 Intermediær fosse-eng

Verdi: C (lokalt viktig)

Feltsjekk: 06.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning den 12.10.2015, basert på feltarbeid utført den 06.09.2015 saman med Oddvar Olsen og Geir Gaarder. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Skildring og verdsetting er basert på siste utkast (12.07.2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen & Hilmo 2015). Lokaliteten er ikkje registrert som naturtypelokalitet tidlegare.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten omfattar fossen og tilhøyrande fosse-eng som ligg ovanfor Øygarden sørvest for Bjørkedalsvatnet i Bjørkedalen. Det meste av fosse-enga ligg på grov stein blanda med grov- til fin sand. Lokaliteten ligg i ein elles fattig blåbærskog (T4 G1 etter NiN 2.0) med

oseanisk preg dominert av furu og med noko einer og gran. Området ligg innanfor sterkt oseanisk seksjon (humid underseksjon).

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten består i hovudsak av fattig til delnaturtypen intermediær fosseeng (T15-1 etter NiN 2.0; 50 %) i mosaikk med svakt intermediære fosseberg (T1-1 etter NiN 2.0; 10 %), samt at ein del av arealet omfattar sjølve vassdraget (40 %).

**Artsmangfold:** Fosseenga er stort sett fattig med få innslag av svak lågurtsartar som hengeveng, gullris, blåknapp og mjødurt, samt høgstaudearten vendelrot. Av oseaniske artar vart det registrert blant anna storstylte, småstylte, heimose, stripefoldmose, vingemose, kystvrenge, og kystfiltlav. Elles vart det registrert hestespreng, rosenrot, trådfloke, steindraugmose, fingersaftmose, og stjerne-sildre samt den raudlista soppen rammeraudskivesopp (NT). På fosseberga vart det stort sett trivelle artar som vart registrert, blant anna kystturnemose, bergpolstermose, kaursvamose, skortejuvmose, pelssåtemose og sumpflak. I skogen rundt fossen finst nokon grove furutre og einer som det vart funne gammelgranlav på.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Fossen er uregulert og intakt.

**Framande artar:** Noko gran spreier seg i furuskogen rundt og inn på fosseenga.

**Del av heilskapleg landskap:** Vassdraget og lokaliteten er omfatta av verneplan for vassdrag – Stigedalselva (Satt i kraft 1993).

**Verdivurdering:** Lokaliteten oppnår middels vekt for storleik (3 daa med fosseeng), høg vekt for tilstand (uregulert), og lav vekt for raudlisteartar (men denne er ikkje særleg knytt til fosseeng). Ingen arktisk-alpine artar vart registrert. Desse kriteria tilseier verdi B – viktig, men på grunn av at ein del av fosseenga er fattig og dermed ikkje oppnår inngangsverdi vurderast den å oppnå verdi C- lokalt viktig.

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er dersom lokaliteten får stå urørt utan fysiske inngrep.



Figur 72 Raud strek viser omtala lokalitet.

## 15023 Yksnøya nordvest

IID: BN00022198

**Naturtype:** G05 Strandeng og strandsump

**Delnaturtype:** G0520 Naturlig strandeng

**Verdi:** A (svært viktig)

**Feltsjekk:** 13.08.2015

### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning den 12.10.2015, basert på feltarbeid utført den 13.08.2015 saman med Oddvar Olsen. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Skildring og verdsetting er basert på siste utkast (30.12.2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2010 (Kålås m.fl. 2010). Lokalitten overlappar med den gamle naturbaselokaliteten Litleøyenå med IID BN00022198 (Holtan & Jordal 2008), og erstattar denne. Den gamle skildringa var basert på feltundersøkingane til T. H. Engen frå 01.01.1997.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg nord på Yksnøya på ei flate som er knytt til strandsona både på nord- og sørsida av lokaliteten. I aust og vest går strandenga over i fattig, boreal hei.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Størsteparten av strandenga høyrer nok til midtre geolittoral (T12-2 etter NiN 2.0) som i kantane samt i nordre del går over i øvre geolittoral (T12-3). Det er også innslag av sump og vegetasjon knytt til nedre geolittoral. Midt i strandenga ligg ein grunn poll med strandsump med kontakt til stranda i sør via ein meanderande bekk. I strandkanten finst nokre strandberg (T6), samt noko steindominert strandlinje (T29).

**Artsmangfold:** Strandenga i midtre geolittoral er dominert av blant anna fjørekoll, strandkjempe, fjøresaulauk, mogeg fjøresaltgras og strandkryp. Andre artar her var saltsiv, tunarve, skjørbuksurt, paddesiv, sumpbroddmose, vassnøkkemose, strandklo og storbleikmose. I overgangen mot øvre strandeng dukka det opp typiske artar som tiriltunge, gåsemure, mjødurt, strandkjeks, strandsmelle, småsyre, hanekam, blåtopp, blåknapp, hestehavre, augnetrøyst, tepperot, skjoldberar, strandbalderbrå, smalkjempe og vendelrot, samt meir generelle artar som englodnegras, gulaks, geitsvingel, sløke, engkransmose, klobleikmose, grasmose og klengemaure. I sumphola dominerer ofte fjøresivaks og mogleg krypkvein. På strandberga vart det registrert dvergtanglav, svaberglav, kystmessinglav, bristlav, bikkjenever, totannblonde, skålskjærgårdslav, liten gulkriinslav, murkantlav, frynserosettlav, flishinnelav, trøsåtemose, sprikesteinmose, gråsteinmose, ryemose, piggknoppgullhet, matteblærremose, kollegråmose, bitterbergknapp, kystbergknapp og blærelav. I den steindominerte strandlinja vart det funne tangmelde. Elles vart det observert hegre og oterspor på strandenga.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Ei kraftlinje kryssar lokaliteten, men berører den ikkje direkte. Elles er det nokre få teikn til forsøpling. Lokaliteten blir ikkje beita, men viser ikkje teikn til gjengroing.

**Framande artar:** Ingen registrert.

**Del av heilskapleg landskap:** Dette er ein av få strandengslokalitetar i kommunen. Lokaliteten ligg innanfor eit område for artar av særleg stor forvaltningsinteresse – fiskemåse, svartbak og makrellterne.

**Verdivurdering:** Lokaliteten oppnår høg vekt for kriteriet storleik (7,9 daa) og kjenneteiknande strandengartar. Dermed oppnår den verdi A – viktig.

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får stå urørt utan fysiske inngrep.



Figur 73 Raud strek viser omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

## 8.7 Ørsta

### 15031 Hjørundfjorden: Hustadnes

**IID:** BN00029823

**Naturtype:** F01 Rik edellauvskog

**Delnaturtype:** F0106 Gråor-almeskog

**Verdi:** B (viktig)

**Feltsjekk:** 05.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning den 14.10.2015, basert på feltarbeid utført den 05.09.2015 saman med Geir Gaarder. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Skildring og verdsetting er basert på siste utkast (30.12.2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen & Hilmo 2015). Den gamle naturbaselokaliteten Hjørundfjorden: Hustadnes med IID BN00029823 (Jordal m.fl. 2007) blir

her vidareført med små justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving. Den gamle lokaliteten er basert på Folkestad og Bugge (1988). Kun eit lite område i nordlig del av lokaliteten vart undersøkt i 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i ei bratt, austvendt liside på vestsida av Hjørundfjorden like sør for Sæbø. Delar av lokaliteten (området under kraftlinjene) omfattar skog som er verna gjennom reguleringsplan sidan 1995.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Nordre del av lokaliteten er undersøkt. Her vart det funne gråor-dominert gråor-almeskog med frisk høgstaudepreg (T4-18 etter NiN 2.0). Større almetre finst spreidd i lisida, og gråor-almeskog (anslått til 65 %) er antakeleg i mosaikk med meir triviell blandingslauvskog (anslått til 33 %) av typen svak lågurt- og storbregneskog, i tillegg til innslag av gjengroande gamle kulturmarksenger (2 %). Dei anslatte andelane er svært usikre.

**Artsmangfold:** Det vart registrert fleire artar typisk for høgstaude- og edellauvskog, blant anna myske, stankstorkenebb, skogstorkenebb, haremat, skogsål, skogstjerneblom, trollurt, vendelrot, skogsvinerot, krathumleblom, jonsokblom, stornesle, strutseveng, skogburkne, hundekveke og bringebær, samt dei noko meir kravfulle edellauvskogsartane ramslauk og storklokke. Bortsett frå alm og gråor finst hassel, hegg, rogn, osp og selje.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Skogen er middelaldrande med lite dødt trevirke, få gamle og grove tre, men det er potensiale for slike lenger sør i lokaliteten. I nordre del finst restar etter nokre gamle kulturmarksenger i gjengroing. Kraftlinjene som krysser fjorden går i land like nordvest for lokaliteten.

**Framande artar:** Ingen registrerte.

**Del av heilskapleg landskap:** Rik edellauvskog med alm og hassel finst spreidd fleire stadar i dei bratte lisidene ned mot Hjørundfjorden. Det er mogleg at det finst innslag av rik edellauvskog også i lia vidare sørover mot Skår.

**Verdivurdering:** Lokaliteten oppnår høg vekt for storleik (109 daa rik edellauvskog), og middels vekt for kjenneteiknande artar og raudlisteartar. Middels vekt for raudlisteartar vert oppnått på grunn av alma som er sårbar. Sidan alma vert verdsett gjennom definisjonen av naturtypen, vert den ikkje vektlagt her, noko som gjer at inngangsverdien ikkje vert oppnådd for denne parameteren. Dermed oppnår lokaliteten verdi B- viktig.

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får stå urørt utan fysiske inngrep.



Figur 74 Raud strek viser omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

#### [15032 Langedalen: under Rambjørhornet](#)

**IID:** BN00029810

**Naturtype:** F01 Rik edellauvskog

**Delnaturtype:** F0116 Rasmark- og ravine almeskog

**Verdi:** B (viktig)

**Feltsjekk:** 13.08.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning den 13.10.2015, basert på feltarbeid utført den 13.08.2015. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Skildring og verdsetting er basert på siste utkast (30.12.2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen & Hilmo 2015). Lokaliteten erstattar den gamle naturbase lokaliteten Langedalen: under Rambjørhornet (Jordal m.fl. 2007) men IID BN00029810. Den gamle skildringa var basert på eigne avstandsbetraktningar frå 06.09.2006.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i ei vestvendt bratt li like under berghøta til Rambjør-hammaren nordaust for Ørsta sentrum. Det meste er grov blokkmark med innslag av grove finmas-ser i somme parti. Berggrunnen i området er fattig gneis. Lokaliteten avgrensast i sør mot hasseldo-minert skog med blåbærskog (T4-1) til svak lågurt (T4-2) i feltsjikt. Dette er ikke inkludert i lokalite-ten grunna fattig feltsjikt. Eller grensar lokaliteten mot blandinglauvskog utan edellauvtred.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Det er snakk om blandingsskog med alm og hassel, der feltsjiktet har høgstaudepreg (T4-18 etter NiN 2.0) som er noko tørkeutsatt i grunnare blokk-mark (T4-19). Lia består delvis av bratt blokkmark, og regelmessige ras dannar mosaikk av eldre skog og unge kratt. Kratta er enten dominert av alm, or eller platanlønn.

**Artsmangfold:** Det er regelmessig med høgstaudeartar som strutseveng, vendelrot, trollurt, skogsvinerot, turt, skogsål og myske, der sistnemnde stadvis er dominerande. Artar som stank-storkenebb og taggbregne dukkar opp i meir tørkeutsatt blokkmark. Andre artar er hengeveng, skogburkne, skogstorkenebb, hundekveke, mjødurt, skogfiol, geittelg, gullris, kratthumleblom, ro-senrot, markjordbær og blåklokke. Fleire av desse er næringskrevande artar som er typiske for, men ikke begrensa til høgstaudeskog. På alm vart det registrert lodnevrenge og skålfiltlav. Utanom alm og hassel vart det registrert platanlønn, rogn, gråor og selje.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Det er mykje planta gran og hogstaktivitet i dalføret, men sjølvé lokaliteten ligg så langt opp under berghøta at den er intakt. Almer på diameter opp i 30 cm diameter fin-nast spreidd, men det er stort sett snakk om relativt unge tre og kratt, og lite innslag av dødt tre-virke.

**Framande artar:** Platanlønn er somme stadar er dominerande. Det vart ikke registrert gran innan-for lokaliteten, men det er fare for at den kan spre seg også hit.

**Del av heilskapleg landskap:** Det er lite rik edellauvskog i dalføret, men det finst fleire registrerte lokalitar elles i kommunen, særleg i Hjørundfjorden.

**Verdivurdering:** Lokaliteten oppnår høg vekt for storleik (148 daa), middels vekt for kjenneteik-nande artar og raudlisteartar. Middels vekt for raudlisteartar vert oppnådd på grunn av alma som er sårbar. Sidan alma vert verdsatt gjennom definisjonen av naturtypen, vert den ikke vektlagt her, noko som gjer at parameteren ikkje oppnår inngangsverdien. Ut frå desse parameterane oppnår lo-kaliteten verdi B – viktig.

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane vil truleg vere at lokaliteten får stå urørt utan fy-siske inngrep.



Figur 75 Raud strek viser omtala lokalitet. Blå strek viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

### **15033 Norangsfjorden: Raudneset aust for Urke**

**IID:** BN00029820

**Naturtype:** B03 Ultramafisk og kis-rik mark

**Delnaturtype:** B0303 Olivinmark

**Verdi:** A (svært viktig)

**Feltsjekk:** 05.09.2015

#### **Beskriving**

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning den 14.10.2015, basert på feltarbeid utført den 05.09.2015 saman med Geir Gaarder. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Skildring og verdsetting er basert på siste utkast (30.12.2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen & Hilmo 2015). Lokalitten erstattar den gamle naturbaselokaliteten Norangsfjorden: Raudeneset aust for Urke med IID BN00029820 (Jordal m.fl. 2007). Den overlappar også med den gamle naturbaselokaliteten Norangsfjorden: Urke-Øye med IID BN00029818 (Jordal m.fl. 2007). Den gamle skildringa er basert på belegg av blankburkne (06.08.1967, M. & R. Nordhagen, belegg Oslo) og krysning mellom grønburkne og brunburkne (12.08.1968, T. Urke, belegg Oslo). I 2015 vart berre dei nedre delane av lokalitten opp til 125 m.o.h. undersøkt i felt, dei øvre delane vart undersøkt nedanfrå med kikkjert.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten omfattar eit rasløp med olivinstein som har rast ut frå bergveggen vest for Maudekollen og heilt ned til sjøen ved Raudeneset i Norangsfjorden. Elles i lida finst mykje blandingsskog, edellauvskog og planta granskog.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten består av eit rasløp med blokkmark som gror att med bjørke- og gråorskog. Der det er plantedekke er det innslag av både storbregne- og lågurtartar. I nedre del av lokaliteten finst noko planta granskog.

**Artsmangfold:** Den raudlista brunburkna (VU) finst spreidd oppover nedre delar av renna. Grønbukne og svartburkne er meir hyppige, medan blankburkne finst meir sparsomt og lokalt. Dominerande treslag er gråor og bjørk. Elles vart det registrert engsmelle, skogvikkle, storblåfjør, tiriltunge, vendelrot, skogstorkenebb, skogstjerneblom, gulsildre, smalkjempe, hengeaks, markjordbær og bringebær.

**Bruk, tilstand og påverknad:** I nedre del av lokaliteten er det beite av storfe. Elles er lokaliteten intakt.

**Framande artar:** Det er planta ein del gran inntil og dels innanfor lokaliteten i nedre delar. Fleire tilfelle av spreiing med etablering unge grantre vart her sett i lokaliteten.

**Del av heilskapleg landskap:** Olivin er særleg utbreidd på Sunnmøre, og i Hjørundfjorden finst spreidde forekomsar.

**Verdivurdering:** Lokaliteten oppnår høg vekt for storleik (66 daa) og raudlisteartar, og middels vekt for arts mangfold (4-8 kjenneteiknande artar). Dermed oppnår lokaliteten verdi A – svært viktig.

**Skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får stå urørt utan fysiske inngrep.



Figur 76 Gult område indikerar omtala lokalitet. Raude polygon viser nærliggjande lokalitetar. Det vesle blå polygonet i nedre venstre hjørne viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

## **15034 Norangsfjorden: Storejølet vest**

**IID:** Ny

**Naturtype:** F01 Rik edellauvskog

**Delnaturtype:** F0106 Gråor-almeskog

**Verdi:** B (viktig)

**Feltsjekk:** 05.09.2015

### **Beskriving**

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning den 14.10.2015, basert på feltarbeid utført den 05.09.2015 saman med Geir Gaarder. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Skildring og verdsetting er basert på siste utkast (30.12.2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen & Hilmo 2015). Lokalitten overlappar med den gamle naturbaselokaliteten Norangsfjorden: Urke-Øye med IID BN00029818 (Jordal m.fl. 2007) og skiljast ut frå denne. Den gamle beskrivinga er basert på Folkestad & Bugge (1988) samt nokre eigne feltundersøkingar (søk etter sopp den 28.06.2006 ved LP 765 994). Lokaliteten vart berre avstandsbetrakta med kikert i 2015.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i ei bratt, sørvendt liside på nordsida av Norangsfjorden ved Åreneset. Her veksler grov blokkmark med meir fin- og grovkorna substrat. Lisida består i stor grad av blandingslauvskog med svak lågurt- og storbregnepreg, men fleire parti er planta med gran, og områder av rik edellauvskog finst nokon stadar.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Avgrensinga gjeld eit område med gråor-almeskog, med høg tettleik av store almetre. Lokaliteten er berre avstandsbetrakta, men det er sannsynleg at lokaliteten er ganske lik nabolokaliteten "Norangsfjordn: aust for Storejølet", og at det er snakk om typen frisk høgstade (T4-18 etter NiN 2.0). Tettleiken av alm innanfor avgrensinga varierar, men det er fokusert på å få med dei store almene med verdi. Det gjer at det også finst ein del meir triviell blandingslauvskog med svak lågurt til storbregnepreg innanfor avgrensinga (anslått til 30 %).

**Artsmangfold:** Det er potensiale for fleire artar knytt til rik edellauvskog og alm.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Det er sannsynleg at almetrea også her har moderate skader av hjortegnag.

**Framande artar:** Det er sannsynleg at det finst platanlønn. Granfelt er planta fleire stadar i lisida, men berører ikkje denne lokaliteten.

**Del av heilskapleg landskap:** Rik edellauvskog med alm og hassel finst spreidd fleire stadar i dei bratte lisidene i Norangsfjorden og Hjørundfjorden.

**Verdivurdering:** Grunnlaget for verdivurderinga er svak på grunn av at lokaliteten berre er avstandsbetrakta, men det er sannsynleg at den er ganske lik lokaliteten Norangsfjorden: aust for Storejølet. Den lokaliteten oppnår middels vekt for kjenneteiknande artar, middels vekt vert oppnådd for storleik (9,5 daa). Denne lokaliteten får derfor same verdi – B – viktig, basert på føre-varprinsippet.

**Skjøtsel og omsyn:** Eventuell platanlønn kan med fordel fjernast. Elles er det beste for naturverdiene om lokaliteten får stå urørt utan fysiske inngrep.



Figur 77 Gult område indikerar omtala lokalitet. Raude polygon viser nærliggjande lokalitetar. Det store blå polygonet viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

#### [15035 Norangsfjorden: Storejølet aust](#)

**IID:** BN00029818

**Naturtype:** F01 Rik edellauvskog

**Delnaturtype:** F0106 Gråor-almeskog

**Verdi:** B (viktig)

**Feltsjekk:** 05.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning den 13.10.2015, basert på feltarbeid utført den 05.09.2015 saman med Geir Gaarder. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Skildring og verdsetting er basert på siste utkast (30.12.2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen & Hilmo 2015). Lokalitten overlappar med den gamle naturbaselokaliteten Norangsfjorden: Urke-Øye med IID BN00029818 (Jordal m.fl. 2007), og erstattar denne. Den gamle skildringa er basert på Folkestad & Bugge (1988) samt nokre eigne feltundersøkingar (søk etter sopp den 28.06.2006 ved LP 765 994).

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i ei bratt, sørvestendt liside på nordsida av Norangsfjorden ved Åreneset. Her vekslar grov blokkmark med meir fin- og grovkorna substrat. Lisida består i stor grad av blandingslauvskog med svak lågurt og storbregnepreg, men fleire områder er planta med gran, og områder av rik edellauvskog finst nokon stadar.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Avgrensinga gjeld eit område med gråor-almeskog av typen frisk høgstaudeskog (T4-18), med innslag av blokkmark. Tettleiken av alm innanfor avgrensinga varierar, men det er fokusert på å få med dei store almene. Det gjer at det også finst ein del meir triviell blandingslauvskog med svak lågurt til storbregnepreg innanfor avgrensinga (40 %).

**Artsmangfold:** I feltsjikt finst fleire typiske høgstaudeartar som myske, haremat, skogstjerneblom, trollurt, skogsvinerot, skogsalsalat, jonsokblom, trollbær, strutseveng, stornesle, firblad og jordnøtt, samt stankstorkenebb i blokkmarka. Andre artar er skogburkne, kratthumleblom og jáblom. På trestammer (stort sett alm) vart det registrert grynvrente, glattvrente, orekjuke, almekolsopp (NT), truleg smørkjuke, lønnekjuke, narrepiggssopp (NT i 2010, LC i 2015) og lungenever. Gråor og alm (VU) er dei dominerande treslagene. Andre treslag er bjørk, hassel, hegg, ask (VU; 1 registrert) og planlønn.


**Bruk, tilstand og påverknad:** Her er fleire grove almer med diameter opp til éin meter, utan hulrom, og moderate mengde hjortegnag. Det er sparsomt med yngre almetre, mest små busker <0,5 m høge.

**Framande artar:** Platanlønn finst. Granfelt er planta fleire stadar i lisida, men berører ikkje denne lokaliteten.

**Del av heilskapleg landskap:** Rik edellauvskog med alm og hassel finst spreidd fleire stadar i dei bratte lisidene i Norangsfjorden og Hjørundfjorden.

**Verdivurdering:** Lokaliteten oppnår høg vekt for storleik (35 daa med rik edellauvskog), og raudlisteartar, middels vekt for kjenneteiknande artar. Høg vekt for raudlisteartar vert oppnådd først og fremst på grunn av alm og ask. På grunn av at desse vert verdisett gjennom definisjonen av naturtypen, vert dei ikkje veklagt her, noko som reduserar parameteren raudlisteartar til lav vekt. Basert på desse parameterane oppnår lokaliteten verdi B - viktig.

**Skjøtsel og omsyn:** Platanlønn kan med fordel fjernast. Elles er det beste for naturverdiane om lokaliteten får stå urørt utan fysiske inngrep.



Figur 78 Gult område indikerar omtala lokalitet. Raude polygon viser nærliggjande lokalitetar. Det store blå polygonet viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

#### [15036 Norangsfjorden: Brokknesjølet aust](#)

**IID:** Ny

**Naturtype:** F01 Rik edellauvskog

**Delnaturtype:** F0103 Lågurt-hasselkratt

**Verdi:** A (svært viktig)

**Feltsjekk:** 05.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning den 14.10.2015, basert på feltarbeid utført den 05.09.2015 saman med Geir Gaarder. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Skildring og verdsetting er basert på siste utkast (30.12.2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen & Hilmo 2015). Lokalitten overlappar med den gamle naturbaselokaliteten Norangsfjorden: Urke-Øye med IID BN00029818 (Jordal m.fl. 2007) og erstattar denne. Den gamle beskrivinga er basert på Folkestad & Bugge (1988) samt nokre eigne feltundersøkingar (søk etter sopp den 28.06.2006 ved LP 765 994).

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i ei bratt, sørvestlig liside på nordsida av Norangsfjorden nesten 1 km søraust for Maude. Her vekslar grov blokkmark med meir fin- og grovkorna substrat. Lisida består i stor grad av blandingslauvskog med svakt lågurt- og storbregnepreg, men fleire områder er planta med gran, og områder av rik edellauvskog finst nokon stadar.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Avgrensinga gjeld eit område med lågurt-hasselkratt av den friske typen (T4-3 etter NiN 2.0), med innslag av frisk høgstaude. (T4-18). Somme områder har ei særleg rik utforming, med dominans av kravfulle artar som sanikel og lundgrønaks. Lågurt-hasselkrattskogen (80 %) dannar mosikk med meir triviell blandingslauvskog med svak lågurt til storbregnepreg (20 %).

**Artsmangfold:** Det vart registrert fleire artar typisk for lågurtmark (til dels rik lågurtskog) som breiflangre, sanikel, hengeaks, myskegras, myske, skogfaks, vårerteknapp, kransmynte, lundrapp, svartarteknapp, skogsvingel, liljekonvall, sumphaukeskjegg, kranskonvall og ramslauk (art knytt til varmekjær høgstaudeskog), der somme av desse stadvise er dominerande. Artar meir typisk for høgstaude inkluderar, skogsalat, sløke, kvitbladtistel, vendelrot, brunrot, trollurt, teibær, skogsvinerot, strutseveng skogstorkenebb, krattmjølke, tveskjeggveronika, skogburkne, kratthumleblom og skogfiol. I blokkmark dukka det opp stankstorkenebb og svartburkne. På hassel vart det funne hasselrulllav (NT). Hassel er det dominerande treslaget, elles finst det bjørk, rogn, selje, hegg, platanlønn og spredte almer (VU).


**Bruk, tilstand og påverknad:** Dei spredte almene er i stor grad skada av hjortegnag, fleire døde. Elles var skogen ganske ung med lite dødt trevirke.

**Framande artar:** Platanlønn, stort sett unge tre. Desse er ein potensiell trussel. Granfelt er planta fleire stadar i lisida, men berører ikkje denne lokaliteten.

**Del av heilskapleg landskap:** Rik edellauvskog med alm og hassel finst spreidd fleire stadar i dei bratte lisidene i Norangsfjorden og Hjørundfjorden. Hasselkratt er relativt vanleg, men ein så rik lågurtutforming som denne er sjeldsynt i regionen.

**Verdivurdering:** Lokaliteten oppnår høg vekt for arts mangfold, storleik (50 daa med rik edellauvskog) og middels vekt for raudlisteartar, habitat-kvalitet og viktige delnaturtyper (lågurt-hasselkrattskog med kravfulle edellauvskogartar). Middels vekt for raudlisteartar vert oppnådd på grunn av alm. Sidan alm vert verdsett gjennom definisjonen av naturtypen, vert den ikkje vektlagt her, noko som reduserar parameteren raudlisteartar til lav vekt. Basert på desse kriteria får lokaliteten verdi A – svært viktig.

**Skjøtsel og omsyn:** Platanlønn kan med fordel fjernast. Elles er det beste for naturverdiane om lokaliteten får stå urørt utan fysiske inngrep.



Figur 79 Gult område indikerar omtala lokalitet. Raude polygon viser nærliggjande lokalitetar. Det store blå polygonet viser avgrensinga til den gamle lokaliteten.

#### [15037 Norangsfjorden: Raudeneset](#)

**IID:** Ny

**Naturtype:** D04 Naturbeitemark

**Delnaturtype:** D0429 Rik beiteeng

**Verdi:** B (viktig)

**Feltsjekk:** 05.09.2015

#### Beskriving

**Innleiing:** Lokaliteten er beskrive av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning den 13.10.2015, basert på feltarbeid utført den 05.09.2015 saman med Geir Gaarder. Undersøkinga er gjort i samband med kvalitetssikring og supplerande kartlegging i Møre og Romsdal i 2015 på oppdrag frå Fylkesmannen. Skildring og verdsetting er basert på siste utkast (07.11.2014) av faktaark til DN-håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007), men med oppdatert terminologi etter NiN-2.0 (Halvorsen m.fl. 2015). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015 (Henriksen & Hilmo 2015). Lokaliteiten overlappar med den gamle naturbaselokaliteten Norangsfjorden: Urke-Øye med IID BN00029818 (Jordal m.fl. 2007) av typen rik edellauvskog, og skiljast ut frå denne.

**Lokalisering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i lisida vest for og ovanfor innmarka på Raudeneset i Norangsfjorden. Naturbeitemarka ligg delvis på oliven. Den grensar mot tidlegare hardt beitepåverka blandingsskog med svakt lågurt- til høgstaudepreg.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Det er snakk om ei naturbeitemark i attgroing med delnaturtype rik beiteeng, som etter NiN 2.0 kan beskrives som frisk lågurt (antakeleg T32-7 – nokså kalkrik eng med ekstensivt hevdpreg), som flekkvis er meir tørkeutsatt.

**Artsmangfold:** Det finst fleire typiske artar for naturbeitemark, som finnskjegg, gulaks, fjellmarihand, tiriltunge, ryllik, hestehavre, blåklokke, småengkall, legeveronika, smalkjempe, tepperot, fir-kantperikum, blåknapp, knegras. Ein del artar indikerar noko næringsrik mark, som skogsvinerot, skogstorkenebb, engsyre, vendelrot og revebjelle. Einer veks spreidd på lokaliteten. Feltsjekk vart utført for tidleg for eventuelle beitemarksopp, men det er opplagt potensial for slike her, kanskje også raudlisteartar. På ein steinmur i nedre del av lokaliteten vart det registrert brunburkne (VU).


**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten vert framleis beita av ungdyr, men beitetrykket er lågt (ekstensiv hevd, antakeleg BI3 etter NiN 1.0), noko som gjer at lokaliteten gror att (antakeleg GG2 etter NiN 1.0) med einer, bjørk og gråor. Dei to sistnemnde dannar nokon stadar tette kratt. Delar av marka har høgt næringsinnhald, anten grunna gjødsling frå beitedyr eller tilleggsgjødsling.

**Framande artar:** Raudhyll og platanlønn.

**Del av heilskapleg landskap:** Naturbeitemarka er i nedre del knytt til innmarkane ved Raudeneset som beitemark for storfe.

**Verdivurdering:** Lokaliteten oppnår høg vekt for storleik (6,4 daa), låg vekt for kjenneteiknande artar, og middels vekt for tilstand (antakeleg GG2 og svake spor etter gjødsling) og påverknad (svært ekstensiv hevd, og i liten grad påverka av framande artar). Basert på faktaarket oppnår lokaliteten verdi C- lokalit viktig, men juserast opp til verdi B på grunn av potensiale for beitemarksopp og raudlisteartar, samt på grunn av funn av brunburkne (VU) som ikkje er knytt direkte til naturtypen.

**Skjøtsel og omsyn:** Ein kan med fordel fjerne dei nyetablerte bjørke- og gråorkratta, men det må då gjerast i kombinasjon med auka beitetrykk.



Figur 80 Gult område indikerar omtala lokalitet. Raude polygon viser nærliggjande lokalitetar. Blå strek viser avgrensinga til gamle lokalitetar.

**Miljøfaglig Utredning AS** vart etablert i 1988. Hovudformålet til firmaet er å tilby miljøfagleg rådgivning. Verksemderådet omfattar blant anna:

- Kartlegging av biologisk mangfold
- Kartlegging av landskap og landskapsanalyser
- Konsekvensanalyser for ulike tema, blant anna: Naturmangfold, landskap, friluftsliv, reiseliv og landbruk
- Utarbeiling av forvaltningsplanar for verneområder
- Utarbeiling av kart (illustrasjonskart og GIS)
- FoU-verksemd
- Foredragsverksemd

**Hovudadresse:** Gunnars veg 10,  
6630 Tingvoll

**Heimeside:** [www.mfu.no](http://www.mfu.no)

**Org.nr.:** 984 494 068 MVA